


FOLK i Ryfylke 1993

Tema:
Øykultur



FOLK 1993
i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Redaksjonsråd: Erik Fossåskaret, Halvdan Magnus Hansen, Njal Tjeltveit, Jorunn Strand Vestbø, Tone Årtun

Foto: Gaute Berge Nilsen

Utgivar: Ryfylkemuseet, 4230 Sand

Telefon 52 79 73 77

Telefax 52 79 78 89

Abonnement: FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året. Abonnementrisen for 1993 er kr. 100,- og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet og eventuelt lokalt museumslag på heimstaden.

Postgirokonto 0808 5662911

Bankgirokonto 3202 07 01527

Sats: A.s Verbum Grafiske

Trykk: Industritrykk

Innbinding: Bokbinderiet

ISBN 82-90271-10-7

Framsida:

Teikninga er opphaveleg ein illustrasjon til ein artikkel av Per Surnevik, som vi har med i dette heftet, og som sto på trykk i Aftenbladet i 1988. Det er Kåre Eikeland, den faste teiknaren i Aftenbladet, som har laga teikninga. Ho er nå utlånt av Sven Gundersen.

Baksida:

Nordbovågen, Finnøy kring 1918. Karen Landa, Johs. O. Lande, Ingeborg Knutsen, Magla Breiland, Jone Breiland (bakerst med hatt), Asgaut Nordbø på veg til byen med skøyta «Bjørn» som Osmund og Johs. eigde. Foto utlånt av Johs. Landa.



Søndags-samling på garden til Svein Nesheim på Finnøy. Dei som er med, frå venstre framme: Maria Nesheim Ellingsen, Lisa Venja, Borghild Aartun, Martha Venja, Knut Askvik, Johannes Havn, ei



ukjent tenestejente, Anny Høyvik. Bak: Ola Giljevågen, Hartvig Nesheim, Nickolay Askvik.

Innhald

- 5 REDAKSJONELT
- 9 EI HANDFULL ØYAR
Av Karl J. Lamberg
- 15 ØYAR OG FASTLAND
Av Njål Tjeltveit
- 23 SNU KOFTA ETTER VERET
Av Per Surnevik
- 26 TOMATEVENTYRET PÅ RYFYLKE-ØYANE
Av Paul Gard
- 60 SILDEFISKET
Av Olav Nesheim
- 65 FISKET ETTER SILD OG BRISLING
Av Nils Ladstein Vestbø
- 72 BRISLING OG SILD GA MAT OG PENGAR
Av Halvdan Magnus Hansen
- 77 SEILSLUPPETIDEN PÅ KVITSØY
Av Jan A. Holgersen
- 81 PÅ SKJEPPELIVET
Av Erik Fossåskaret
- 85 SJERNARØY I MANNS MINNE
Av Arne Hauge
- 87 KVEN VAR DEN RETTE «ANNA» AF SAND
Av Kolbjørn Hauge
- 90 Å RO TIL OMBO MED MELDER
Av Kolbjørn Hauge
- 93 KVEKERNE PÅ RYFYLKE-ØYENE
Av Martin Nag
- 99 UNGDOMSPROSJEKTET PÅ KVITSØY
Av Jan Inge Reilstad
- 104 NÅR ØYAR BLIR FASTLAND
Av Svein Helgesen
- 113 MED LEONARD COHEN I ÅMØYFJORDEN
Av Jan Inge Sørbø
- 118 EIT EVENTYR OM ØYAIDENTITET
Av Sigrid Bø Grønstøl
- 124 KULTURMINNESENER I RENNESØY
Av Roy Høibo
- 135 ÅRSMELDING 1992
- 151 REKNESKAP 1992



Redaksjonelt

Det er ikkje første gongen øyane er tema for eit årsskrift. I 1930 ga Stavanger Turistforening plass for «Ryfylkeøyane» som tema i årboka si. Hovudartiklane var artiklar av forfattar Arne Espeland om «Natur og levkår før og nu», av museumsdirektør Jan Petersen om «Oldtiden», av konservator Robert Kloster om «Kirke og gård – Trekk av Ryfylkeøyanes kultur», og av fiskerikonsulent Paul Bjerkan om fisket.

Det var ei systematisk og skikkeleg tilnærming. Alle øyane blei nemnt, få glemte. Frå Foldøy og Ombo lengst inne, til Kvitsøy ytst ute. Frå fortid til samtid. Til slutt skreiv adjunkt Elvin Kleiberg om øyriket som «Et paradys for seilere».

Særleg interessant er artikkelen til Robert Kloster som seinare blei professor ved Kunsthistorisk institutt ved Universitetet i Bergen. Han vågar seg til å drøfte sjølve øykulturen. Forsiktig, rett nok, og mest berre som bisetningar å rekne mot den fyldige omtalen av kyrkjene, klosteret og enkelte, bevarte gardshus. Men han skriv såpass, at vi forstår det blir lite att av ein eigen øykultur. Slik opnar han artikkelen sin:

«Ryfylkeøyanes kultur er like sammensatt som naturen der. Overgangen i landskapet fra det ytre storlinjete med sneven av Jærnaturens veldige horisont, til det indre lukkete fjordlandskap, kommer også frem i øienes kultur, og gjør denne til et inter-

essant og avvekslende studium. Fra de ytterste øiene ut mot havet fortøner Ryfylkefjellene sig som en fjern hildring, men lenger inne glir de sammen og blir ett med øienes landskap; herinne glir også øienes kultur over i fjordbygdenes.»

Øykulturen er for det første samansett. For det andre er det slett ikkje sikkert at det er noen eigen kultur i det heile. På dei ytre øyane er kulturen den same som ein elles finn på Jæren. På dei indre øyane er det fjordkulturen ein kjenner att. Men så spørst det kva Robert Kloster legg i kulturomgrepet sitt.

Lenger ute i artikkelen skildrar han byggeskikken, og gjer greie for eit skilje i byggeskikken mellom «hav- og fjordøiene». Dei indre øyane, Ombo, Sjernarøy, Finnøy, Randøy og Talgje har, ifølge Kloster, hatt den vanlege, vestlandske røykstova med røykonn og ljore i take, medan dei ytre øyane, frå Rennesøy til Kvitsøy, har hatt same hustype som Jæren. På Jæren blei røykstova tidlegare skifta ut med stovehus med bileggaromn for torvfyring.

Såleis legg Robert Kloster sterk vekt på dei materielle kulturytringane når han skal forklare kulturen. Og det er innafor eit slikt kulturomgrep nemningar som kystkultur, øykultur, fjordkultur osv hører heime. Og om Kloster sine observasjonar og analyser er rette, må ein gi han medhald i at ein vanskeleg kan tale om noen eigen øykultur. Men så spørst det om ein kan legge eit studium av byggeskikken til grunn

for ein karakteristikk av heile den materielle kulturen. Og om det er tilstrekkeleg berre å sjå på stovehusa. Går ein vidare, til uthusa, reiskapane, leveviset og arbeidslivet, vil ein finne trekk ved kulturytringane på øyane som skil seg både frå tilsvarande ytringar på Jæren og i fjordbygdene.

Fiskerikonsulent Paul Bjerkan peikar på dette i sin artikkel. Rett nok skriv han at fleire av øyane utøver fiske som dei har felles med fastlandet. Men så held han fram: «På den annen side danner øiene også et hele, og man vil finne visse fellestrekk og visse slags fiskeri, som særlig har utviklet sig på øiene.» Brislingfisket er eit døme på eit slikt fiske.

I denne utgåva av FOLK i Ryfylke prøver vi å nærme oss øykulturen frå ein annan vinkel. Ein del av artiklane er bestilte ut frå ønsket om å drøfte mentaliteten på øyane. Har den noen kjenneteikn som kan hjelpe oss til å plassere øyane i kulturlandskapet. Og er mentaliteten ei hindring eller ein ressurs i strevet med å tilpasse seg stadig endra føresetnader for arbeid og busetting på øyane. Og kva er nå eigentleg mentalitet.

Etnologen Liv Emma Thorsen har skrive nokså greitt om det i ein artikkel om kjærleik i ei artikkelsamling om mentalitet (Dugnad nr. 2–3/86). «Mentalitet er knyttet til en kulturs norm- og verdisystem», skriv ho. «Mentaliteten overføres ureflektert og ubevisst i og med den ofte er knyttet til en praksis som samfunnsmedlemmene oppfatter som riktig og naturlig.»

Blei ein ikkje klokare av det, kan det kanskje hjelpe å setta *mentalitet* opp mot *ideologi*. Medan ideologi blir sett på som det tanke- og idesystemet som er utforma av samtidas intellektuelle skikt, og nedfelt i ein skriftleg tradisjon, er altså mentalitet knytta til sjølve livet slik det blir levd.

Felles for mentalitet og ideologi er at ein knyter studiet av kulturen til dei verdiar og holdningar som ligg til grunn for menneskeleg atferd, og at ein meiner desse endrar seg seinare enn dei materielle kulturytringane ein tidlegare har konsentrert seg om. Såleis kan det vera grunn til å leite etter mentaliteten når ein skal prøve å identifisere og lyfte fram ein felles kultur.

Kanskje kan ein driste seg til å peike på ei motseiing mellom den ideologien som Stavanger Turistforening var eit uttrykk for og den mentaliteten ein møtte på øyane. Vel var kulturen ulik, men han var kanhende også forma på heilt ulikt vis. «Kultur kan sees som tankemønstre, ideer og symboler. Dette er redskaper som mennesker bruker for å gi mening til verden omkring seg», skriv Marianne Gullestad i den same artikkelsamlinga som er nemnt ovanfor.

I redaksjonskomiteen for turistforeningen sat bokhandlar Otto Floor, sekretær Olav Engen, kjøpmann Oscar Olsen, disponent Nils Stabenfeldt og Gunnar Wareberg. Arbeidet i turistforeningen og utgiving av årboka var uttrykk for ein del av deira ideologi, deira tanke- og verdisystem, der øyane, fjordane og heiene var ein arena for fysisk og psykisk opplading. Kunnskap om distriktet var eit middel til djupare glede over å gjera utflukter i det.

På øyane sat øybuen og levde sitt liv innafor eit norm- og verdisystem som var nært knytta til det daglege livet og som blei forma av det, likeeins som verdisystemet ga klare føringar til val og veremåtar i dagleglivet. Det var såleis stor skilnad på korleis verdiane til dei som skulle betrakte øybuane og dei som blei betrakta blei forma, og det måtte vera vanskeleg fullt ut å forstå einannan.

På den andre sida må det og vera vanskeleg å sjå heilt bort i frå at også folket levde eit liv påvirka av



Materiell kultur på auksjon. Det er til inntekt for grendahuset på Eidsund, staden er ferjekaien og året er 1984. Foto utlånt av Ramus Golf.

ideologiar. Livssynsspørsmål var jamnt framme i bygdesamfunna på øyane som andre stader i Ryfylke, og sette klare rammer for tanke- og verdisystemet. Og til nærmare vår eiga tid vi kjem, til vanskelegare blir det å halde oppe eit skilje mellom ideologi og mentalitet.

Det kan likevel vera nyttig å ha med seg eit medvet om eit slikt skilje som ein arbeidsreiskap i studiet av folkeleg kultur, da det kan vera til hjelp i analysen av dei kulturelle endringane.

I fleire av artiklane i dette heftet blir mentaliteten til øybuen henta opp og vist fram. Og dersom det er riktig at denne endrar seg seint, må ein ta omsyn til mentaliteten i strevet for framsteg. Mentaliteten kan vera ei hindring for å nå måla for øysamfunna, eller han kan vera ein ressurs. I alle høve må ein kjenne noe til innhaldet i han, vita korleis han er forma og kva faktorar som påvirkar endringar i verdiar og holdningar.

Artiklane i dette heftet gir ikkje svar på spørs-

målet om Ryfylke-øyane har ein særeigen mentalitet. Men det samlar noen tankar om mentalitetsspørsmål. Kanskje kan det å lyfte slike tankar fram, vera med på å tilføre bygdeutviklingsarbeidet ein dimensjon som ein av og til kan sakne: Tanken om at kulturen kan vera ein ressurs i ein endringsprosess som mange ser som nødvendig.

Men det er ikkje sikkert det mest fruktbare er å

leite etter slikt som gjer ein aparte i forhold til verda ikring, og dyrke det. For dei som veks opp i Ryfylke må det vera viktig å ha eit medvet om kva for mentalitetar som rår, og, om muleg, korleis dei har vakse fram. Det kan gi sjølvmedvet, identitet og styrke. Men det er ikkje sikkert alt det ein finn er verneverdig.

Ei handfull øyar

AV KARL J. LAMBERG

Ein hustren vinterdag for 35 år sidan steig ein nyuteksamiert veterinær i land frå gamle «Fjorddrott» på Judabergkaien. Etter det har han stige i land på mange kaiar, og få yrke gir eit slikt høve til å bli kjent med gardar og folk. Såleis var det naturleg å spørja Karl J. Lamberg om å gi til kjenne noen tankar om folkelynnet på øyane. Og det har han gjort ut frå ei uttalt kjærleikærklæring: «Det bur gilde folk på desse øyane.»

Ein gong for lenge, lenge sidan la skaparen handa si ned midt i det som no er Rogaland fylke. Fingrane skar seg inn i fjellet og laga lange, djupe fjordar. Der handloven råka fekk me boknafjordbassenget. Men her kan han ikkje ha trykt hardt nok til, for det vart liggjande att eit heilt arkipel av små og store øyar. På dei største av dei bur det folk og fe.

Dette er øyryfylke.

Det er øyar med storslått og skiftande natur – ja, ein kan vel seia at heile den norske naturen i sitt mangfald er å finna her – frå låglende med vide bøar til fjell og knausar med skog og vatn der auren vaker. Frå barsk kystnatur – til skogkledde holmar og blanke sund og vikar.

Folk har det budd her lenge. Isen bråna tidleg her ved havkanten og tilhøve låg lageleg til for fiske og fangst og gav livberging for våre hårute, skinnkledde forfedrar. Galtamannen var ein av dei første. Og under eit kjellargolv på Judaberg dukka det for ei tid sidan opp ein mange tusund år gamal isbjørn. Folk og dyr – dengang som no.

Men det er no helst rolegare dyr som held til her

i dag – rolegare folk og, kan hende. Sjølv om steinaldermannen nok kan dukka opp av og til.

Dyr ja. Husdyrbruket er ei av dei viktigaste næringane her, det og andre jordbrukssystemer. Ser du oppover dei grønne bakkane møter augo saueflokkane «som vita moln på ångens klorofyll» slik Evert Taube så treffande seier det i ei vise. Og mjølketankbilar og dyretransportar køyrer fullasta til meieri og slaktehus.

Det var då og dyra som var grunnen til at ein nyuteksaminert veterinær ein hustren vinterdag for 35 år sidan steig i land fra gamle «Fjorddrott» på Judabergkaien. Og sjølve ordføraren var møtt opp med sin eigen vesle lastebil, pluss ein større som han hadde leigd. Ein hadde nok for store tankar om kva ein slik nytutklekka dyrlekjar kunne ha med seg av jordisk gods. Det blei berre bruk for den vesle bilen. Men me fekk ein hjarteleg velkomst og møtte gilde og hjelpsame menneskje. Og det førsteintrykket har ingen gjort skam på: Det bur gilde folk på desse øyane.

Sjølv var ein oppvaksen på ei øy mykje lenger nord, på sjølvaste Strilelandet. Og strilane har ord

på seg for å vera hardbalne folk. Hans Nielsen Hauge sa at dei var «ugudelige, uopplyste og skittenfærdige». Men det var no for 200 år sidan, så det har nok betra seg noko.

Så byrja arbeidsdagen, noko som førde med seg at ein lik salig Peder Dass måtte røkta sitt kall mellom øyar og skjær. Det var smått med bilar på den tida, på dei mindre øyane var der ingen. Heldigvis hadde ein kjentmann ved roret på skyssbåten, som elles gjorde sine 6 knop i lageleg ver. Så vart det å leggja til ved naust og småbryggjer, ja hole berget med – og gå til fots. Ein vart godt kjend på det viset – kjende kortaste vegen til kvar gard. Av og til fekk ein jamvel hesteskyss. Og var det bakpå traktoren var det storveies. Alle stader vart ein vel motteken. Ofte stod maten på bordet.

– Vil du eta først, eller vil du sjå på kunå med ein gong, kunne det lyda. Ikkje rart ein la seg ut kring midten, sjølv om all gåinga var god mosjon.

Er det nokon skilnad i folkelynnet mellom slike øyar, kan ein spørja. Tja, sei det. Det er sjølv sagt vanskeleg å vera heilt objektiv slik. Me er alle menneskje, «det fins alle slaga av oss», som sagt er. Og likevel, nokre karakterdrag kan vera typiske, eller rettare *var* meir typiske, for ei øy enn for ei anna. Denne skilnaden er nok viska meir og meir ut med åra, her som i samfunnet elles. Me er vortne uniforme på så mange vis. Originalane er borte, utdøydd som dinosaurane i si tid. Ikkje berre er kommunikasjonane vortne betre, men «massemedia», ikkje minst TV, har vore med å forma oss. Men om kommunikasjonane er vortne betre utover, er samkvemet mellom menneskja vorte låkare. Ein sit mest i si eiga stove – og køyrer forbi kvarandre i bilen på vegen.

Har øybuar ålment eit anna lynne enn fastlandsbuar? Alfred Hauge, sjølv Sjernarøybu, seier det slik:

– Den som elsker ei øy på vår jord, han elsker det avgrensa – og det endelause.

Gjev denne grunnhaldninga seg utslag i dagleglivet? Eit er sikkert: Ei slik øy er eit lite samfunn og hadde vel frå gamalt sin eigenart. Og om dei som budde der ikkje «var noko for seg sjølv», ja, så fann andre ut at dei var det. Dei «hadde ord på seg» for å vera slik og sånn.

Folket på små øyar og i små samfunn pregar kvarandre. Ein vert nøydd til å samarbeida om så mangt. Store strider mellom folk ville gjera det uuthaldeleg å leva der. Difor var det best å vere toluge. «Me vil ikkje ha noko sjau», er uttrykk ein titt høyrer. På den andre sida er det vel ikkje alltid sundt å stengja aggresjonane inne – ei «utblåsing» kan gjera godt i blant. Innestengjinga kan og gje seg utslag som ikkje alltid er heldige. Janteloven står dessutan sterkt slike stader som i alle små samfunn.

På dei store øyane kan det vera noko annleis. Der kan det til og med vera motsetnader mellom bygdene. Alle dreg til seg, her som elles. «Finnøynå er som ei kona – ho har to meieri», sa dei før. No ligg meieriet på Judaberg.

Ein kan undra seg over at folkelynnet på Mos-terøy tykkjest likna meir på det på Finnøy enn på Rennesøy. Eller kvifor har kvitsøybuen ord på seg for å snakka høgare og meir enn anna folk? På mine heimkantar sa dei at øygardingane måtte snakke høgt for å overdøyva havbraket. Og at dei var oppblanda med spaniolar og italienerar som hadde reke i land etter skipsforlis – heilt frå den gongen den Spanske Armada vart stormjaga i Kanalen. Dermed var og temperamentet vorte meir «sydlandsk».

På Nord-Hidle har dei hatt ord på seg for å vera meir beleste enn anna folk – kulturelt låg dei på eit høgre nivå. Ein kyrkjøybu sa ein gong at han var



Det er øyar med storslått og skiftande natur. Her frå Finnøy med gardsbruket på Hauge kring 1950. Foto utlånt av Børre Rodne.

opplærd frå barnsbein til å mislike hidlebuen avdi dei skilde seg ut såleis. Ein hidlebu spurde ein gong om eg ikkje hadde merka at folk borte på «den stora, gromma Finnøygå» tyktest vera betre enn anna folk.

– Nei, svara eg det har eg ikkje. Men om så var er det vel ikkje så merkeleg. For der hadde då sjølvaste drottseten i Noreg halde til.

– Ja, han likar eg ikkje, sa hidlebuen, for han var den første som skreiv namnet på landet vårt på

dansk mål. Dotter hans var no elles leiksystemer til ho dronning Margrete.

Etter ei vel overstått stutegjelding på ei av dei mindre øyane kom karane ved kaffibordet i diskusjon om korleis armeane til Wellington og Blücher var plasserte under Waterloo-slaget. Og det kom fram ei detaljkunnskap som kunne gjera ein skrave kureparatør heilt mållaus. Så det var nok ikkje berre hidlebuen som kunne historieleksa si.

Finnøybuen har ord på seg for å vera driftige og

framtøke, villige til å ta sjanser og satsa. At dei var tidleg ute med veksthusbygging, veit alle. Men det spørs om ikkje talgjebuen var vel så kjøppe. Det var velstand på Talgje, vart det sagt. Dei har då og tradisjonar å ta vare på, for på Gard rådde i si tid sjølvaste Gaute Erlingson, baronen, som skal ha vore ustyrteleg rik.

På Talgje er der pengeskåp i kvart hus, sa dei på Finnøy. Og det vart fortald at det ein gong kom ei heil skøytelest med pengeskåp til øya. Driftige har dei vore, og det var vel ikkje for ingen ting at geografen Aadel Brun Tschudi tok ein heil studentklasse frå universitetet i Oslo med til Talgje for å visa kva sjølv små øyar kan få til.

Det har alltid vore ein slags godlynt kappestrid mellom finnøybuen og rennesøybuen. Om dette grunnar seg på skilnad i lynne, skal vera usagt.

Det vert fortald at i utgamal tid budde det to brør i Svartehola på Nordjæren. Ein dag rauk dei dugaleg usamde, det gjekk på livet laus. Så skilde dei lag, den eine for til Finnøy den andre til Rennesøy.

Denne konkurransen mellom øyane kan ha gjeve seg utslag på så mange vis. På Finnøy har dei ei herme frå den tid då heimefiske spela ei rolle i hushaldet og ein rennesøybu hade tutla seg bort på fiskeplassen til ein finnøybu.

Då kvad finnøybuen:

Du din rennesøybu,
du din mortatjuv.
Har du båt
har du flu
har du glipen din du.

Krangel om heimefiskeplassar er no elles eit kjend fenomen, slik det mellom anna kjem fram i Strilevisa, «Eg rodde meg ut på seiagrunnen...»

Men rennesøybuen har og kome med finter til finnøybuen, t.d. denne frå «Soga om Rennar viking»:

Ein gong dei på tokt i Finskebukt var
og heimat med tjugeto finnar det bar.
Men akk, det var slikt ein folkeferd
dei kunne'kje brukast til noko her.
Han siglde dei over til øynå der aust
og slepte så heile rasket laust.
På Finnøy er dei seg framleis like.
Det var godt det var berre ei last av slike.

No ja, det er nok ikkje så ille meint som det er sagt. Kan det av og til vera litt misunnig som ligg bak?

Då me flutte til Rennesøy i 1962 fekk me høyra at rennesøybuen var svært så inneslutta – dei helsa ikkje på kvarandre ein gong når dei møttest. Sa finnøybuen. Fullt så gale var det no ikkje. Men noko var det i det. Rennesøybuen verka meir sedate, meir reserverte. Gardane var gjennomgåande større på Rennesøy og øynå var delt i tre markert atskilde bygder. Medan finnøybu og talgjebu hadde slått seg opp på veksthusnæringa i seinare tid, vitna både hus og løe mange stader på Rennesøy om gamal velstand. Rennesøybuen tenkte seg vel om før han hoppa på noko nytt, var meir konservativ.

Eidsvoldmannen, sokneprest L.A. Oftedal skriv i «Efterretninger fra Rennesø Præstegjeld» frå 1817:

– Det kan ikke næktes at Bonden med Flid og Kraft dyrker sin jord, men Vanetvang gjør det vanskelig for nye Forbedringer at trænge ind.

Ja, det var no den gongen. Men kan hende har noko av denne haldninga henge att, lenger her enn mange andre stader. I alle høve hadde rennesøybuen ord på seg for å vera dugande handelsmenn – og svært så stive på prisane. Då det store skadeveret

gjekk over øynå i 1891 vart det sagt at dette var Herrens straffedom avdi rennesøybuen var så dyr på surmjølka dei selde på torvet i Stavanger.

Denne varsemda kunne gje seg andre utslag og. Det var ei tid svert mange ungkarar på Eidet. Dei var meir opptekne av næringslivet enn av kjærleikslivet. Det vert fortald at då handelsbestyrar Nes ein gong såg ein flokk av desse stå på krambua og preika alvorleg om potethausten og utsiktene for landbruksprisane, gjekk han bort til dei og sa: Høyr karar, det er noko so heiter jenter – kan de ikkje heller prata om det.

Denne roen, denne ta-lagnaden-som-han-kjem innstillinga, som til tider kunne grensa til fatalisme, var nok ofte nødvendig før i tida. Ikkje minst for dei som budde på øyar med hav rundt seg og dreiv næringar – fiske og jordbruk – som i stor grad var avhengig av naturen sine luner.

Av og til kunne denne haldninga gje seg utslag i ein god replikk. På Finnøy hadde dei eingong fått ein prest som var svert redd på sjøen. Ei dag han skulle til byen var det eit overhendig ver og sjøen gjekk grov. Han vart sitjande ved sida av ein finnøybu, som nok var meir sjøvant enn presten. Då kom det ein ofseleg sjø, båten slingra og la seg over. Presten vart likbleik.

– No går båten under, ropa han.

– La berre gå'an, sa finnøybuen, det er ikkje vår båt.

Ein rennesøybu var vorten skrøpeleg og krekte seg i veg frå bilen og inn til lekjarkontoret. Der møtte han ein annan kar.

– Bevar meg, sa denne, nei no trur eg mest du e ferige.

– Ja, eg trur det mest sjøl og, var svaret. Men eg vil no spørja doktoren først.

Ein annan rennesøybu var vorten forlaus i vårknipa og kyrne rauta sårt på båsen. I si fortviling opna han døra til den tome høystaen på vid vegg og roma til kyrne:

– Så sjå sjølv då. De har større auer å sjå med enn eg!

Dugnadsånda er gamal og innarbeidd på øyane. Men mon ikkje mosterøybuen har meir av denne enn mange andre. Her er patriotismen sterk. Dei står skulder ved skulder og får det som oftast til når dei set seg noko føre. Dei er vane med lagspel frå fotballbanen, taklingar og, det er vel det som gjer det. Og tar du fotballen frå ein mosterøybu, så tar du livslykka med det same.

Pietismen stod sterk i øymiljøet – gjer det vel enno mange stader trass i sekulariseringa. Med «tolugt mod» å finna seg i livsens lagnad, i motgang og prøvingar var god kristendom. For det er ei meining med alt. Ofte kunne ein vel verta noko lovisk, som mannen på Åmøy som hadde ei ku som støtt ville til stut på søndagar (det er no ikkje noko ukjend fenomen). Men ein gjekk ikkje til stuten med ei ku på søndag. Kua viste ingen teikn til å leggja om vanene sine, ho. Og då ho for tredje gong baud seg på ein søndag, sende mannen ho på slaktehuset. Ja, dette er no lenge siden. Fullt så nøye er ein vel ikkje med sabatsfreden i dag.

Ei øy er omgjeven av hav – og dermed avgrensa. Men havet er uendeleg. På det kan du segla jorda rundt om du vil. Det avgrensa – og det grenselause. Du har grannen ved siden av deg – og ein annan i England, eller Amerika.

Tida er og uendeleg – tida bakover så langt soga veit – og framover. Om den veit me lite. Sikkert er det at mykje har forandra seg, også på våre øyar, ikkje minst dei siste ti-åra, for ikkje å seia siste året.

Nett i dag då eg skriv dette opnar ferjesambandet Judaberg-Talgje-Hanasand. Og folk frå Finnøy og dei andre øyane i Finnøy kommune kan kjøra over Rennesøy, Mosterøy og Sogn, og om dei vil ta ein snartur til Bru og Åmøy.

Nei, mykje er mest ikkje attkjennande – i alle høve der me ser følgjene av «Trafikkplan for Ryfylke». Og som med alle såkalla framsteg: Me vinn noko – og tapar noko. Og at omgangsformen mellom folk, kan hende folkelynnet med, vil verta farga av tida og utviklinga, det er visst.

Men enno står karane på hjørna ved «Forbrugen» – i alle høve her i Vikevåg – og drøftar hendingar –

både i bygda og ute i den store verda. Og av og til kan du høyre låtten ljoma når ei god historie vert fortald eller ein god replikk levert. La oss vona at praten på krambuhjørna vil halde fram og at den gode låtten vil lyda i mange, mange år framover.

Karl J. Lamberg (64) er distriktsveterinær i ytre Ryfylke og busett på Rennesøy. Han har tidlegare skrive ei rekke avisartiklar, prologar, dikt og tekster til ei mengde viser. Ein del av visene er det og sett melodi til. Han har gitt ut «Ord frå øyar» og «Soga om Erik frå Rennesøy». Den siste er ei omsetting av eit stykke frå «Frode Fredegods saga» av Saxo Gramaticus.

Øyar og fastland

AV NJÅL TJELTVEIT

I dag ser vi tydelegare skilje mellom øykommunar og fastlandskommunar i Ryfylke, skriv Njål Tjeltveit i denne lett kåserande artikkelen, der han tar utgangspunkt i ei tid da sjøvegen batt bygdene saman og giftarmåla gikk på tvers av fjordane. Å oppleva seg som ein region med felles identitet har historisk sett ikkje vore sjølsagt i Ryfylke. Likevel har fjordbygder og øysamfunn i Ryfylke vore avhengige av kvarandre på ulike måtar gjennom åra. Her finst mange usynlege trådar, og det er noen av dei Tjeltveit viser oss her.

I år er det hundre år sidan far min blei fødd. Mor hans kom til Fister som jordmor og blei gift med ein godt vaksen lærar der. Farmor var frå Spanne på Finnøy, og far fortalde at når dei i hans gutedagar skule på gjesting til slekta hennar, rodde dei frå Fister til Finnøy. I lagleg ver kunne dei segla. Rutebåtane gjekk ikkje slik at dei kunne nytta offentlege kommunikasjonsmiddel. Beinleia med eigen båt var den mest naturlege. Sjøvegen var den naturlege allfarvegen som alle kunne nytta uten kostnader av noko slag når dei skulle bygdemellom.

Fister og Judaberg ligg nær einannan i geografisk avstand, og det er lett å sjå frå fastlandsbygda Fister over til Judaberg på Finnøy. Men i praksis har dei to bygdene på øy og fastland lege eit drygt stykke frå kvarandre.

Farfar min hadde delt lærarpost på Halsnøy og i Hetlandsbygda på Fister. Han bygde hus ikkje langt frå kaien på Fister, og dei vekene han skula på Halsnøy, var han vekependlar og rodde i eigen båt til og frå arbeid. Sjøvegen batt saman bygdene på både øyer og fastland, og private båtar var viktige når folk hadde bruk for å ferdast mellom bygdene i

Ryfylke. Avstander talde, men det avgjerande var ikkje om bygdene var øysamfunn eller fastlandsbygder.

RUTEBÅT SAMAN

Dei fleste bygdene i Ryfylke låg tidlegare med andlete vendt mot sjøen. Naturleg nok hadde bygder med kort avstand til kvarandre mest samkvem. Etter at båtrutene var godt og systematisk utbygde, kom bygder som låg langs same dampskipsleia og hadde båt saman, naturleg i kontakt med kvarandre. Folk møttest på båten og spurde nytt frå bygdene langs leia. Dei uformelle kontaktgrensene skilde ikkje mellom øyar og fastland. Det var kommunikasjonsordningar og båtlei som gjorde at folk frå somme bygder treftest oftare enn andre.

Geografisk har Ryfylke alltid vore delt i øy- og fastlandskommunar. Vilkåra frå naturen si side er skiftande frå inst til ytst i Ryfylke, og det er ei dagsreis å ferdast mellom ytterpunktene i Ryfylke. Kommunikasjonslinjene har tradisjonelt vore organiserte slik at folk i Ryfylke skule ha dagleg samband med Stavanger. Fjordabåtane starta «arbeids-



Njål Tjeltveit skriv om ei tid da giftarmåla gikk på tvers av fjordane. Bildet viser ei brureferd i Furresundet 1949. Det er Margrete Furre og Rolf Myre som giftar seg. Foto utlånt av Ingrid Furre.

dagen» sin i ein fjordbotn eller langt inne i ein fjord. Før den nye dagen var skikkeleg vaken, la båten i veg ut over og ropte opp bygd etter bygd på fastlandet og øyar for å knyta kontakt til Stavanger. Om ettermiddagen eller kvelden kom båten ruslande innover att og såg oppom kaiane sine på ny. Båtane knytte kontakt mellom øyar og fastland.

I dag ser vi tendenser til eit tydelegare skilje mellom øykommunar og fastlandskommunar i det distriktet som no formelt heiter Ryfylke.

IKKJE SKARPE SKILJE

Gjennom åra har det ikkje vore noko skarpt politisk eller mentalt skilje mellom øyar og fastland i Ryfylke. Vi kan ikkje tala om nokon spesiell øykultur som skil seg frå levesett, verdisyn og tenkjemåte på fastlandet. Det er heller ikkje grunnlag for å hevda at det gjennom åra har eksistert eit spent forhold eller konflikhtar der øyar og fastland har stått mot kvarandre.

Spenningar og stridar har det vore mellom enkelte øyar og mellom bygder om løysinga av spørsmål som har politisk karakter. Men det finst lite av historiske døme på at øyar og fastland har stått mot kvarandre i beisk strid. To store samferdselsplanar for Ryfylke frå kring 1970 og tjue år seinare tok for seg heile Ryfylke. Dermed oppstod det ikkje strid om forslaga til samferdselsutbygging og -omlegging. Elles kunne ein lett frykta at ulike interesser i eit så fundamentalt spørsmål som kommunikasjonar i Ryfylke kunne skapa splid og prioriteringskamp. Etter Ryfylkevegen starta omlegginga av kommunikasjonane i 1965, skjedde det ei radikal omlegging til meir tidsmessige kommunikasjonsløysingar for øyane.

Ryfylke er eit oppdelt distrikt med etter måten



Når folk skulle på gjesting til slekta brukte dei båt. Bildet er frå Hovdavågen på Fogn ca. 1930, og det er Tobias Varland som har vore på besøk hjå soster Elen Hovda. Han skal attende til Amerika. Elles er Anna Hovda og Serina Hovda, dotter til Elen, med i båten. Foto utlånt av Anna Hovda.

store avstandar. Derfor har det heller ikkje vore tett kontakt mellom folk i alle delar av Ryfylke. Å oppleva seg som ein region med felles identitet har historisk sett ikkje vore sjølvstøtt i Ryfylke. Til det er avstandane for store og kontakten mellom mange av bygdene for liten. Interkommunalt samarbeid i faste former har berre vel 25 års tradisjon og kom i gang med nokre varsame og litt famlante forsøk kort tid etter kommunesamanslåingane i 1965.

Mange i fastlandsbygdene er lite kjende på øyane i Ryfylke. Det er ikkje så lett å koma dit, og du må ha ærend eller slektningar på ei øy dersom du skal organisera ei reise dit. Derfor er dei vakre øyane uoppdaga landskap for mange frå fastlands-Ryfylke. Sjølv kom eg sist sommar til Halsnøy for første gong. Då eg voks opp, var dette ein del av heimkommunen min Fister, men i praksis låg Halsnøy langt vekk, og dit kom eg aldri.



Fjordabåtane knytte kontakt mellom øyar og fastland. Bildet er tatt på Randøy på jomfruturen til «Hjelmelandsfjord» og må såleis vera frå 1949. Det er Inger Østbo, Ragna Hidle og Jakob Hidle som poserar framfor båten. Foto utlånt av Rasmus Hidle.

STEMNE

Storstemne som ulike organisasjonar stod for, hadde ein viktig kontaktskapande funksjon. I mine barneår og tidlege ungdomsår var misjonsstemne på Kristi Himmelfartsdag dei viktigaste. Desse stemna blei lagde på ulike stader i ytre og midtre delar av Ryfylke, og folk reiste i store flokkar både internt i Ryfylke og frå Stavanger og Nord-Jæren elles. Båtselska-

pa la om rutene, slik at båtane gjekk til bygda der det var stemnedag.

Mange reiste for å vera med på møta og høyra talarar og andre programinnslag, men mange drog på stemne for di dei den dagen hadde eit einestående høve til å komma til ei bygd i Ryfylke som det ikkje var så lett å reisa til på andre dagar i året. For mange ryfylkingar var Kristi Himmelfartstemna med og før-



Misjonsstemna på Kristi Himmelfartsdag var mellom dei viktigaste stemna. Bildet er frå Judaberg kring 1950 og vi ser ei stor samling av fjordabåtar og andre båtar. Båtselskapa la om rutene på slike dagar, slik at båtane gjekk til bygda der det var stemmedag. Foto utlånt av Reidun Østhus.

te folk i Ryfylke til andre bygder i sitt eige distrikt for første gong. Det kunne gjelda både øyar og fastland.

Då Lars Oftedal gjekk i brodden for å reisa det store bedehuset Bethel på Judaberg, var nok tanken at dette huset skulle kunna ta mot folk frå eit heilt distrikt. Bedehuset Saron på Bryne hadde same funksjonen. Når Judaberg blei vald, kom nok det av at denne plassen låg sentralt til i Ryfylke. Med sjø-

vegen som viktigaste kommunikasjonsåre var det lett å komma til Judaberg frå store delar av Ryfylke, både frå øyar og fastland.

Når Ryfylkerådet i det siste året har diskutert om dette organet, som er ryfylkekommunane sitt samarbeidsråd, skal flytta kontoret frå Stavanger til ein av kommunane i Ryfylke, er Judaberg nemnd som ein av dei aktuelle kontorstadene. Det går rett nok



Til Sauda på saue-sanking», står det på dette biletet. Sauen var kontaktskapar mellom øybuar og folk på fastlandet. Det er Carl Hørem, Marta Gundersen, Dagmar Johansen, Lars Nesheim, Johannes Bjerga, Audstein Nesheim, Fridtjof Furre og Andreas Nesheim som er reiseklare, og året skal ha vore 1928. Foto utlånt av Torbjørg Tandrevoll.

mange båtar og ferjer til Finnøy, men i vår tid med bilen som fundamental i kommunikasjonen, er ikkje øybygda Judaberg like naturleg sentrum som då Lars Oftedal skulle velja ein stad å plassera eit regionsbedehus for Ryfylke kring 1875.

SAUEN EIN KONTAKTSKAPAR

Sauen har gjennom åra knytt kontakt mellom øybuar og folk på fastlandet. Folk på mange øyar har

sauer, men ventar sommararbeite. Derfor er det lang tradisjon på øyane med å leiga fjellbeite i Ryfylkeheiane. Kvar vår drog motorskøyter fullasta med sauer og lam frå øyane til Sauda, Sand, Hylene, Hjelmeland og Årdal. Sauehaldet på øyane var avhengig av beita på fastlandet.

Frå lendestadene dreiv øybuane smalen til fjells der heiegjætarar ofte tok over ansvaret for dyra til hausten kom med kalddrag i lufta og varsla heim-



Sauen skal heim frå heia. Frå Førre i Jøsenfjorden 1937. Dei var fleire frå Finnøy som hadde beite i lag og det er Peder Asheim med «Regina» som held båt. Foto utlånt av Jon-Alf Flejså.

ferd. Det hende og at bønder som leigde ut beite, hadde eit visst tilsyn med sauene, og i andre tilfelle gjorde øybuar sommarferder til heis for å sjå om smalen. Vi finn og døme på at bønder på øyane kjøpte seg beiteområde i Ryfylkeheiane.

No går heieføring og heimtransport føre seg med lastebilar der sauene fer frå vårbeite i heimlege øytrakter til heiegras i fastlands-Ryfylke. Det er fast tradisjon kor sauene frå kvar gard beiter. Fognabuar

var tidleg ute med å nytta Årdalsheiane som beiteplass for sauene sine. Alt kring 1800 kom det store sauedrifter frå Fogn til viglesdalstraktene der ein mann frå øvst i Årdal hadde gjætaransvar gjennom mange år. Båtane med smale kom søkklasta inn Årdalsfjorden, og smalen blei driven opp dalen til fjells.

Stort sett har det vore god og nær kontakt mellom øyar og fastland om saubeita, men årdølene lika lite drivinga til fognabuane på 1800-talet og kravde er-

statning. Bøndene frå Fogn meinte dei hadde hovdsrett på driving til Årdalsheiane og nekta å betala noko godtgjersle. Det enda med rettsak der fognbuar og årdøler stod mot kvarandre. Årdalsbøndene tapte saka mot sauefolket på Fogn.

Fleire heiekarar frå fastlandsbygdene i Ryfylke gjætte dyr frå øyane i Ryfylke, både sauer og storfe. Om dei to heiekarane Jens Gjesfjell og Lars Laugaland, to kjende heiekarar i Årdals- og Lyseheiane, er det fortalt at dei tok mot dyr frå Fisterøyane, Finnøy og Sjernarøy ved Moldfadle ved grensa mellom Fister og Hjelmeland. Drifta kunne vera på opptil 2000 smale og 50–80 naut.

KONTAKT PÅ FISKE

Mange ryfylkingar blei kjende i andre bygder då dei var med på brislingfisket. For unggutar som skaffa seg plass på eit notlag, kunne det opplevast som reine «turistreise» å farta rundt i fjordane, fortel Nils Ladstein Vestbø frå Finnøy i ei minneoppgåve for eldre der han tenkjer tilbake på ungdomsopplevingar frå brislingfisket. Det finst mange døme på at folk frå øyane var godt kjende i fjordane og fjordbygder etter å ha ferdast med notlaget. Men kunnskap og kjennskap handla mest om områda nær sjøen. Det var sjøsida av bygdene dei kjende til. Oppover i fjordbygdene kom dei ikkje så lett.

Brislingfisket kunne og føregå i øytraktene, og mange øybuar hadde notlag; men mest blei det fiska i fjordane der folk frå øyane kom rundt og blei kjende i fleire av fjordbygdene i Ryfylke.

Mange ungdommar reiste mellom øyar og fastland på teneste. Det galdt både drengjer og tenestejenter. Tenarskap kunne og føra til giftarmål. Derfor skjedde det ei visst rekruttering av nytt blod i mange

bygder ved at ungdommar kom på teneste frå andre bygdelag. Husmorskulen på Judaberg skaffa mange koner frå andre bygder til Finnøy.

SAMHALDSUTFORDRING

Fjordbygder og øysamfunn i Ryfylke har vore avhengige av kvarandre på ulike måtar gjennom åra. Natur og levevilkår har vore variert og skapt visse ulikskapar i næringsgrunnlaget. Det har folk visst om, men ulike forhold har ført folk saman i øyar og fastlandsbygder.

Kommunikasjonsomleggingane i Ryfylke i seinare år har skapt ei klarare todeling av Ryfylke i øy- og fastlandskommunar. Ikkje minst endra Rennfastutbygginga trafikk- og samkvemsmønsteret. No ligg alt til rette for tettare samband mellom Rennesøy og Finnøy, og finnøybuen fer over Rennesøy på veg til og frå Stavanger.

Ryfylke er eit komplisert område med store avstandar. Kommunikasjonsomleggingar endrar gamle trafikkmonster. Men det er ikkje berre ruteordningar og reisemonster som avgjer kva som bind saman og kva som skil i Ryfylke. Forholdet mellom øyar og fastland har og med kultur og mange usynlege trådar som knyter kontakt «med dei finaste band», for å låna eit uttrykk frå Elias Blix sin nordnorske nasjonalsong. Evne og vilje til samarbeid og samhandling mellom øyar- og fastlandskommunar vil vera avgjerande for utviklinga i Ryfylke og kva som skjer med vår felles ryfylkeidentitet i framtida.

Njål Tjeltveit (50) er leiar for kulturavdelinga i Hjelmeland kommune. Han er kjent som forfattar av ei rekke lokalhistoriske bøker og artiklar med emne frå Hjelmeland og Ryfylke, og kjem i haust ut med ei bok om kaiar i Ryfylke – «Bygda sitt hjarte» – på forlaget til Ryfylkemuseet.

Snu kofta etter veret

AV PER SURNEVIK

Det kan ikkje vera omstillingsevna det står på, meiner Per Surnevik i denne artikkelen. Tvert i mot held han opp for oss eit bilde av ryfylkingen som eit folkeslag med ei vilje og ei evne til omstillingen som ein truleg skal leite lenge etter. Artikkelen sto første gongen på trykk i Stavanger Aftenblad hausten 1988 i ein serie kalla «Ryfylke på nye vegar».

– Det e så gale atte du kunne le deg ihel, sa ryfylkingen, han hadde sete dagen til endes i båten utan å få napp. Heime sat kone og sju-åtte ungar utan matbit i huset.

Det var ei tid då nauda kunne vera mest like sterk som overlevingsviljen, og då naturgrunnlaget slett ikkje alltid var meir gavmildt enn i dag, men då det rett og slett kunne bety liv eller død.

Og rett skal vera rett. Ryfylkenaturen ga som regel bergingsvon for folk i dei karrige fjellskortene. Det rak rein i heia og det for fisk i fjorden – som oftast. Og vart nauda som størst heime i stovene, så rodde karfolka til Førrebotn i kveldsmørkret, søkte båten med stein utved marbakken, strauk til Dyraheio utan at Førrefolket såg dei, og for heimatt nokre netter seinare med ein reinskrott eller to, enten det var jaktrett eller ikkje i naturens spiskammers.

Men den sundagen sønene hans Rasmus Ulladalen ladde børsene då reinsflokken kom mot dei etter dagevis med tom hei, då hoja han Rasmus til så reinen vart borte. Det var skil på kongens lov og Guds, i Ryfylke.

For visst nok overlevde folket på geitemjolk og blåskjell når det kneip, men dei hadde overskot til å spøta vottar og baka kaker til misjonsbasaren for hedningane i Afrika, og dei hadde livsglede nok til å ta opp i seg austmennes felespel og folketonar, rosemåling og treskurd slik impulsane kom og gjekk over fjellet i årvisse trekk gjennom handel ogandel frå alders tid.

– Velstanden i Ryfylke, han er meir bygd på nøy-somhet enn på naturrikdom, sa fylkesagronomen med eit livs røynsle frå desse bygdene, og sanna det gamle ordet om at det er betre med ei god kone på ein dårleg gard enn det motsette.

Finna bergings råd der berging fanst, det har vore ryfylkingens eldgamle livsform. Han måtte som oftast trøysta seg til at det er von i hangande snøre. Det ga ein kombinasjon av uendeleg tålmod og rask omstilling som har fylgt ryfylkingen til denne dag.

Tålmodig kunne han sitja vekevis på kasteplassen og sjå etter den makrellferda som etter alle solemerke ville koma ein eller annan haustdag. Men svinten heiv han seg rundt etter snurpenota då Christian

Bjelland opna verdensmarknader for ryfylkebrislingen. Og like tålmodig kom notlaga frå Ryfylke i eit halvt hundreår til å sigla langs landet i kvar ein Vestlandsfjord på utkikk etter det store varpet.

Tålmodig hutrande i råkalde losjifartøy sleit sildefiskarane seg gjennom blåfrosne vintermånader, kvikke som nøkken hova dei inn sølvskattar gjennom rike sildeår.

Og då ein og annan gjorde nokre kroner på plommer og pærehaut, gjekk frukttreplantinga som ei farsott over øyar og fjordbotnar, – sjølv om du veit at den som ska leva av pere i Ryfylke, han kan ikkje leva kvart år, som han sa, Helgøy'en, då han med ryfylkingen røynsle avspegla den evige livsvisdom om uår og kronår.

Knapt var frukthagane komne i bering før Stavan-ger Torg drukna i plommer. Så kom reven – sølvreven – 30 års gullgruve med forlokkande sjekkar frå Hudson Bay Company. Og så var det hønsa: 200 høners hønsehus ved kvart einaste stovehus. Og så drivhusa, ein farang som på eit tiår gjorde fiskarbønder til tomatgartnarar stikk i strid med alle odds. Men då tomat-fedrene pensjonerte seg bygde bonde-sønene nyfjøs, kasta seg på kraftfor-karusellen, spylte grise-skiten til sjøs og utvida bruket like opp til bratthenget og like inn til kornsiloane på Kvalaberget. Og der landjorda ikkje strakk til, bygger dei nå laksemærar i vikar og sund.

Det var ei tid då vasskrafta skapte grunnlag for eit Sauda og eit Jørpeland. Då elveoppkjøparane slo under seg Lysebotn og Jøsenfjorden og folket drøymde om smelteverk i annankvar fjordbotn. Fos-

sekraft vart det – men for flatlandet i vest. Og då flatlandet trong singel og sand, endevende ryfylkingen garden og selde grusen ut i hektolitervis.

Nei, manglande omstillingsevne skal neppe vera facit for ryfylkingens lagnad gjennom det 20. århundre. Heller kanskje at han med generasjonars seigliga overlevingsevne slåss med ryggen mot veggen – fjellveggen – i ein teknologisk epoke som favoriserer flatland og fastland og tettbygd som Ryfylke ikkje er velsigna med.

Kvar gjorde ryfylkingen med det?

Han eksporterte ferdigprodusert arbeidskraft i stor stil. Folkeflyttinga stod stinn ut fjordane til vekst og trivnad for amerikanske præriar, stavan-gerske hermetikk-fabrikantar og nord-Jærsk flatland. På tre tiår midt på 1800-talet utvandra 550 sjeler frå Rennesøy til præriane, av eit prestegjeld som talde 2000. Og då tettstadene i vekst-Norge i 1960-åra svulma på sitt sterkaste, viste folketeljinga for Ryfylke tilvekst på ein person på eit tiår.

Det kan seiast mangt om ryfylkingen, men seigliga må han iallfall ha vore som har tolt den hundreårige årelatinga som flyttinga har vore. – Du veit de e så gale atte du kunne le deg ihel . . .

Per Surnevik (64) er mangeårig medarbeidar og redaktør i Stavan-ger Aftenblad. Han har vore særleg opptatt av Ryfylke, og ga i 1972 ut «Rapport fra Ryfylke», ei prisoppgåve der han samanlikna utviklinga på Jæren og i Ryfylke. Oppgåva bygde på ein stor artikkelserie i Aftenbladet. Den siste tida har han, i høve 100 års jubileet til Aftenbladet, arbeidd med bokprosjektet «En Rogalands-krønike 1893–1993 – Det sto i Aftenbladet». Frå årsskiftet er Per Surnevik pensjonist.

Den grønne øya

Grisehuset var ein part av ein stor raud låve. På ein gard som låg på ei lita, grøn og rik øy, inne i ei havbukta som livde av for hardveret dei hadde lenger ute. Der var mange gardar på øya. Mellom lauvlundar og småberg. Jorda var oppdriven til å bera mange folla her. No var det på haustkanten. Slåtten var gjord. Onnor grøde stod og mognast.

Det var ein augeblink med kvile over øya. Nokre slike halve fridagar som kunne renne opp ettersom vokster og ver stelte seg. Ei tid mellom onnene – som mange bruka til å få gjort ekstra-arbeid i, men som og mange gjekk daffa bort litt. Syntest dei hadde fortent det.

Dei slegne makene var si-grøne att, og åkeren ljøsna. Snart var det å arbeide så sveitten draup. Kanskje i

morgon dag. Sume var ein stad langt ute i sjøen på fiske. Kom ikkje heim, anten i kveld eller i morgon kveld. Dei fleste her levde av jorda, ho var villig og sikker.

(...)

Det låg gardar og heimar utover, med store tre i tunet og med enger rundt seg. Utanfor engene var der tette lauvlundar. Hagar, frukttre såg ein allestad.

Frå «Kimen» som Tarjei Vesaas skreiv i 1940. Det er vanleg meining at Sjernarøy har vore modell for den grønne øya i «Kimen».

Tomateventyret på Ryfylke-øyane

AV PAUL GARD

Denne artikkelen tek føre seg «tomateventyret» i mellomkrigsåra. Frå det første 55 m² store drivhuset vart bygd på Flesjå i 1928 auka arealet jord under glas i dåverande Finnøy herad frå 0 til 42079 m² på 10 år. Tilsvarande areal på Sjernarøyane i 1939 var 3040, på Rennesøy 3700 og på Mosterøy 640 m². 1930-åra var pioneråra for drivhusnæringa. Og utviklinga gikk raskt frå benkerammer til frittberande hus, frå kaldhus til varmhus, frå bering av vatn til innlegging av vatn. Kunnskap blei bygt opp og omsett i praktisk handling. Bakgrunnen for at næringa slo så kraftig til nett i Finnøy var samansett, men det personlege initiativet, pågangsmotet og eit positivt produksjonsmiljø var vesentlege faktorar. I dag forvaltar Finnøy nasjonal spisskompetanse i tomatproduksjonen.

Til liks med poteta, tobakksplanta, paprika og mange andre plantearter – kring 1200 i alt – høyrer tomata til søtvier-familien (Solanaceae). Som poteta og tobakksplanta kjem tomata frå Sør- og Mellom-Amerika. Der vart ho dyrka før europearane kom dit kring 1500. I Meksiko vart ho kalla «Zitomate» eller «Zitotomate». Dette lokale namnet vart spreidd med planta, til Noreg i forma «tomat».


Til Europa vart tomata innført i andre halvpart av 1500-talet. Den første tida vart ho dyrka som prydeplante. Dei trudde frukta var giftig. I Danmark er tomatplanta nemnd på 17-hundretalet, men dyrking til matbruk kom ikkje i gang før på 1800-talet.

I Noreg vart tomata introdusert på ei utstilling i Christiania i 1855. Handelsgartnarane byrja på kort tid fatta ei viss, om enn sær sarsam, interesse. Før hundreårsskiftet hadde ho mest berre interesse som rarietet.

TOMATA KJEM TIL ROGALAND

I Rogaland har tomata så vidt passert hundreårsjubileet. Thorstein Bryne byrja med planteskole i Paradis, Stavanger 1887. Bryne var ein mykje aktiv forretningsmann som dreiv både kjøpmannskap og rederiverksemnd. Han var kvekar, som faren, Andreas Bryne. Truleg fekk Thorstein Bryne kjennskap til tomata frå England, der han hadde både forretningssamband og samband gjennom «vennene» (kvekarane). Ein annan versjon går på at dei første tomatfrøa kom til Brynes planteskole gjennom ein heimvendt amerikanar, men det stemmer knapt med tida. I alle høve vart dei første tomatane dyrka på denne planteskulen i 1890.

Brynes planteskule dyrka tomatene i eit lite kaldhus på nokre få kvadratmeter, oppsett av benkerammer. Dei første «drivhusa», sett opp av benkerammer, var altså provisoriske drivhus med små areal. Det gjekk heller tregt med å finna avsetning for



Drivhusa pregar kulturlandskapet på Finnøy. Dette lufifotoet viser garden Vestbø med sine mange drivhus, truleg ein gong kring 1960. Det er eigedomane/anlegga til Olav Vestbø (framme i midten), Anfinn Vestbø (framme til høgre) og Jon Handeland (til venstre). Bak i midten ligg to veksthus tilhøyrande Rasmus Vestbø, og heilt bak, frå venstre til høgre: Bjørn Ladstein, Johan Vestbø, Bellest Vestbø og Bjørn Vestbø.

tomatene, men dyrkinga heldt likevel fram i mange år. Noko etter 1900 var det årlege kulturar med tomater på fleire gartneri i Stavangerområdet.

Åra 1915-16 og 1917 hadde Stavanger Amts Havebruksforening ved amtsgartnar Hidle forsøk med dyrking av tomat på friland hos M. Andersen, Vanvik (Sand) og S. Slettebø (Egersund).

Landbruksteljinga 1917 syner at det då var 5 da med veksthus i Rogaland, men teljinga fortel ikkje

kor stort arealet var med tomat. Arealet på friland må ha vore lite. Det må likevel ha vore såpass tomatproduksjon i Rogaland etter kvart at det var av interesse for Stavanger Gartnerforening. Den 31. juli 1917 er det innført i møteprotokollen til gartnerforeninga ei semje om å notera ein salgspris på torget til kr.3,- pr. kg. for tomater.

Åra 1914-18 var det krig i Europa. Det gjorde nok sitt til at det vart vanskar med import av varer og

prisane auka. Difor vart det òg aktuelt og lønsamt å dyrka grønsaker og andre varer i aukande omfang her heime.

Veksthusarealet auka sterkt. 20 da tomat, landet sett under eitt i 1917, auka til 129 da i 1929. Samstundes hadde tomatarealet på friland gått fram frå 20 da i 1917 til 75,3 da i 1929.

I mellomkrigsåra fekk folk i Noreg for alvor smaken på det nye produktet. Forholdet var det underlege at etterspurnad og forbruk auka i takt med den veksande produksjonen.

I Rogaland var tiåret 1920–30 ei tid med ein større aktivitet når det galdt bygging av permanente veksthus, også til tomater. Landbruksteljinga 1929 fortel at det då var 30 da i fylket, som vil seia 23,3 % av arealet landet sett under eitt.

ROGALAND TOMATLAG – ORDNA OMSETNINGSTILHØVE FOR EIN LUKKA KRETS GARTNARAR

Den store auken i tomatproduksjonen gjorde at det blei vanskar med å finna avsetnad på Stavangermarknaden ved detaljsal. Vanskelege omsetningsvilkår var bakgrunnen for skipinga av Rogaland Tomatlag i mars 1927.

I laget sin første årsmelding heiter det om bakgrunnen:

«Tomatdyrkingen har i den senere tid såvel blant gartnere som grøntsagdyrkere i Rogaland tiltat i ganske betydelig målestokk. Dette har bevirket at omsetningen af tomater blev mer og mer vanskelig for den enkelte dyrker.»

Tomatlaget si hovudoppgåve var å opparbeida god og einsarta kvalitet og pakking, samt ein lønsam og praktisk omsetning. Medlemmer som leverte

mindreverdig vare eller på annan måte skada laget, skulle kunne ekskluderast med tap av alle rettar. Laget utforma sitt eige, registrerte firmamerke, som emballasjen skulle merkast med, saman med tomatdyrkaren sitt medlemsnummer.


Det går fram at tomatlaget var bevisste på at skulle laget sine varer slå gjennom som handelsvare, så måtte kjøparane kunne lita på sortering og kvalitet. Salet ordna dei gjennom Jåtun Fellessalg, eit samvirke-tiltak oppretta i 1915, med omsetning av grønsaker som føremål.

Tomatlaget vart skipa med 15 medlemmer. Sidan kom det årleg til nye medlemmer. Det går likevel fram at styret førte ein forsiktig og restriktiv opp-takspolitikk. Profesjonelle og etablerte gartnarar vart prioriterte. Berner Meling, Talgje, var ny tomatdyrkar i 1933. Han spurte om medlemskap og levering, men fekk avslag.

Rogaland Tomatlag gjorde eit banebrytande arbeid frå starten av. Det vart utarbeidd høveleg emballasje. Tomatkassa, som dei kom fram til, av hollandsk type, vart seinare fastsett som norsk standard. Og det vart utarbeidd brukbare sorterings- og pakkereglar. Med sal gjennom Jåtun Fellessalg gjorde dei tomatene til ei handelsvare som kunne seljast og sendast over store delar av landet.

Tiltaket vart eit føredøme for sal av andre varer og var til hjelp for andre som ville interessera seg for sal av tomater. Tilførsla varierte frå 17 tonn i 1927 til 30 tonn i 1939.

Det ser likevel ikkje ut til at Rogaland Tomatlag hadde ambisjonar ut over ein lukka krets. Den ekspansjonen som gjekk føre seg på Ryfylke-øyane frå 1928, distanserte dei seg frå. Berre på Finnøy vart det årleg bygd ut frå 3000 til 5000 m² drivhusareal frå 1935 og utetter, som omrekna i produksjon



Medvet om historia er viktig, også for veksthusnæringa i Finnøy. Dette biletet vart teke i 1978 av hagebrukskonsulenten i Finnøy, Torfinn Hodnebrog, i samband med veksthusnæringa på Finnøy sitt 50-årsjubileum. Personen som er avbilda i drivhuset er Torstein Flesjå, pioneren, den som først tok til å dyrka tomater i Finnøy. I år vart 65-årsjubileet markert med ei vandre-utstilling, laga til i eit samarbeid mellom folk i bransjen, kommunen, Finnøy Bygdemuseum og Ryfylkemuséet. Dessutan var forfattaren av denne artikkelen ein viktig medspelar og ei viktig kjelde.

utgjorde mellom 20 og 40 tonn kvart år. Samanliknar ein dette med produksjonsvolumet for Rogaland Tomatlag, skjønner ein at tomatlaget – og Jåtun Fellessalg – sette seg utanom det som gjekk føre seg i Rogaland. I 1946 vart Rogaland Tomatlag sine medlemmer overført som medlemmer i Jåtun Fellessalg og laget vart løyst opp.

FRÅ GARTNERI TIL GARDSDRIFT

Gartneria i Sandnes- og Stavanger-området var bygde for å produsera allsidig innan yrket. Det var småplanteproduksjon for eige bruk og for sal, det var grønnsakproduksjon i stort utval med tanke på sal frå gartneriet eller ved torgsal og det var blomsterproduksjon også med formål å selja frå gartneriet eller ved torgsal.

Dyrkinga av tomater for desse gartnarane kom då som ei utnytting av ledige benkerammer. Etter at dei frå våren hadde vorte nytta i «benkegarden», vart dei sette opp som drivhus for tomater.

Mange gartneri var gamaldagse samanlikna med det nye som kom frå slutten av 1920-talet. Dyrking av tomat i kaldhus, oppsette av benkerammer, var så å seia einerådande i Rogaland fram til 1922–23. Dette var altså meir eller mindre provisoriske bygg. Rammene – som utgjorde taket – var etter norsk standard på 1,70 x 1,05 meter, men det var også mange andre variantar å sjå. Sidene i «benkerammehusa» kunne vera av rammer eller permanent oppsette vegger av tre eller mur.

Medan dei fleste gartneria altså var helst gamaldagse før 1930, fanst det yngre gartnarar på «bylandet» som satsa på større og frittberande hus. Einar Askildsen, Tjensvoll, bygde sitt første permanente hus vinteren 1922–23. Det var bygd med solide betongmurar, 9 x 5 m. Det var varma opp med omn med røyk-kanal. Det vart nytta ved og kol eller koks. Eit veksthus han sette opp i 1928 fekk sentralfyring med koks som oppvarming av vatnet. Det skal ha vore det første veksthuset i distriktet med sentral oppvarming.

Det var elles fleire gartnarar som bygde opp veksthusgartneri etter kvart, med større permanente, frittberande hus.

På Ryfylkeøyane, med Finnøy som kjerneområde, var det bønder – eller i første omgang bondesøner – som tok til med tomatdyrking i veksthus. Oppbygging av veksthus for tomatdyrking var på fleire måtar eit anna produksjonsopplegg. Det var å flytta over frå gartneridrift til gardsdrift. Tomatdyrkinga på Finnøy var i utgangspunktet ein næringskombinasjon med gardsdrifta elles.

TOMATA KJEM TIL FINNØY

Torstein Flesjå var den første som dyrka tomat i veksthus på Finnøy. Det var i 1928. Han sette opp eit 55 m² kaldhus av benkerammer. Dette skulle verta byrjinga på ein veksthuskultur som vaks seg stor og omfattande både på Finnøy, elles på Ryfylkeøyane og i Rogaland generelt.

Det var ein heller varsam start dei første åra. Følgjande hus blei bygde:

1 hus på 55 m² i 1928

1 hus på 130 m² i 1929

3 hus på i alt 600 m² i 1930.

Alle husa var kaldhus.

Så var det ein pause i bygginga i 1931. I 1932 vart dei to første varmhusa bygde, i 1933 endå 5 nye og i 1934 3 varmhus.

Dei to første tomathusa på Talgje – som skulle verta ei særskild viktig tomatøy frametter – vart bygde i 1932. Det var 2 kaldhus på 20x7 m. Vinteren 1934/35 vart det bygd heile 5 varmhus berre på Talgje. På Finnøy var det på same tid fleire hus under bygging, og det var dels på andre bruk enn dei som hadde byrja først. Ifylgje den offisielle statistikken for 1939 var veksthusarealet i dåverande Finnøy oppe i 42 079 m². Dette utgjorde nærare halvparten av tomatarealet i fylket på denne tida. Utviklinga innafør veksthusnæringa i Finnøy 1928-1939 må seiast å ha vore eksplosjonsarta.

Til samanlikning kan nemnast at jordbruksteljninga i 1939 noterer eit areal under glas på 3040 i Sjernarøy kommune, 3700 i Rennesøy og 640 i Mosserøy kommunar.

Tabellen på neste side indikerer utviklinga i drivhusbygginga 1928–1940 på øyane Finnøy, Talgje og

Tabell over veksthusbygging Ryfylkeøyane 1928 – 1940

| | før 1930 | 30-32 | 33-34 | 35-36 | 37 | 38 | 39 | 40 | Sum |
|-----------|----------------|-------|-------|-------|----|----|----|----|-----|
| Finnøy | 2 | 6 | 11 | 18 | 18 | 9 | 5 | 1 | 70 |
| Talgje | | 2 | 6 | 11 | 9 | 3 | 1 | 1 | 33 |
| Fogn | | | | 6 | 2 | 1 | 1 | | 10 |
| Rennesøy | | | | 1 | 2 | 7 | 2 | 2 | 14 |
| Mosterøy | | | | | | 2 | | | 2 |
| Sjernerøy | 1 ² | 1 | | 1 | 1 | 6 | | 1 | 11 |
| | 3 | 9 | 17 | 37 | 32 | 28 | 9 | 5 | 140 |

¹ Det første drivhuset i Sjernerøyane vart sett opp av Severin Valentinsen i Eidssund så tidleg som i 1928. Det var eit benkerammehus, men vart ikkje nytta til tomater.

Fogn i dåverande Finnøy herad, samt i Sjernerøyane, Mosterøy og Rennesøy. Tabellen har bakgrunn i oppgåver artikkelforfattaren i ettertid har henta inn sjølv eller ved lokalkjende folk, ved å ta føre seg gard for gard.

Tabellen fortel mykje om aktiviteten i drivhusbygginga på Ryfylkeøyane på 1930-talet. Det var ein byggetopp i åra 1933-1937.

Sidan dabba det meir av. Marknaden vart metta. Ein kan særleg leggja merke til bygginga på Talgje. Med 20 bruk må 29 drivhus bygde på 8 år vore litt av ei storsatsing. Husa vart bygde på 16 av dei 20 bruka.

Det går elles fram at det første drivhuset på Rennesøy vart bygd i 1935. Dei fylgjande 5 åra er det registrert bygging av 14 hus på Rennesøy.

I Sjernerøyane låg talet på drivhuseiningar på 11 i 1940. På Mosterøy var det snakk om 2 hus, bygde i 1938.

1930-TALET – EI ØKONOMISK KRISETID

På Ryfylkeøyane hadde det vore eit aktivt og intensivt jordbruks-, sjøfarts- og fisker-miljø gjennom mange år. Dette heldt fram også ut i mellomkrigsåra. Sjøfart og fiske var gjennom alle år ei inntektskjelda attåt jordbruket. Det var brislingfiske sommar og haust, sildafiske frå årsskiftet og til mars, hummarfiske særleg midtvinters.

I 1929–1930 blei U.S.A., og etter kvart heile den vestlige verda, ramma av ei økonomisk krise som førde med seg stor arbeidsløyse. Også mange Finnøybuar hadde utvandra til Amerika gjennom tidene. Frå 1931 og dei fylgjande åra var det – som resultat av krisa – mange som i staden vende nasen heim att. Til Finnøy kom det heim minst 15 mann (ungdommar) i åra 1931-34. Somme av desse hadde spart seg opp nokre pengar, andre hadde lite og inkje. Det hende òg at foreldra heime måtte betala returbilletten for dei. Berre ein av desse 15 var gift og hadde familie heime.

Utvandringa til Amerika hadde i si tid vore sterkt medverkande til å løysa overskottet i folkeveksten på øyane også. Når det blei stopp med utvandringa og fleire kom heim att, måtte det bli eit nytt overskottsproblem. Det var sær s vanskeleg å få arbeid som ga noko større innkome enn til det daglege brødet. Gifta seg og setje bu var det berre få som kunne tenkja på fyrst i 30-åra. Når ein nå ser attende, må det kunna seiast at det var stor arbeidsløyse på Ryfylkeøyane som elles i landet. Ungdommane såg seg om etter arbeid, og ein del søkte å få seg utdanning i eit eller anna, men for dei fleste var det temmeleg stengt. Men aktiviteten på gardane var stor, og det blei søkt etter nye utvegar.

Det var stor aktivitet med nydyrking og drenering. Finnøybuen var dessutan tidleg ute med kulturbeite i stort omfang, der grise- og hønsegjødsel var ein del av grunnlaget. Det kan òg nemnast at det på Finnøy vart dyrka og hausta ein god del kålrotfrø for sal, noko mange gjorde det ganske bra med. Og det blei dyrka mykje rotvekster til fôr (kålrot og nepe).

Så satsa Finnøybuen mykje på smånæringar. Høns og eggproduksjon byrja dei tidleg med og det var meir kyllingoppdrett med rugemaskinar her enn nokon annan stad. Svineavlen sto også langt framme, spesielt med produksjon for levering til Oslo-marknaden. Sølv-rev var det mange som byrja med, men han «mikkel» lurte visst mange då òg.

Storfe- og mjølkeproduksjon sto lågare i kurs, jamvel om det kom seg mykje frametter 1930-talet, trass i meieri-brann og meieri-strid.

Med omsyn til investeringar var det vanskeleg å skaffa kapital. Folk var skremde av det dei hadde sett og opplevd som fylgje av «jobbetida», då aksjer o.l. blei verdilause. Det var òg bank-konkursar i Stavanger, der fleire eldre folk i øyane tapte sparepengane sine.

Folk hadde kausjonert for kvarandre og ein del blei påført kausjonsansvar. Gjeld og gjeldsrenter tyngde hardt hos mange. Det var likevel berre ganske få som gjekk konkurs på Ryfylkeøyane, men dei fleste var skremde av det dei såg og høyrde.

FAMILIE-FELLESDRIFT – EIT SVAR PÅ KRISA

På mange bruk i Ryfylke-øyane var felles tiltak og felles drift måten dei kom seg gjennom krisetida på. «Storfamilien» opptådde samla. Sysken kunne slå seg saman om å kosta drivhus, dei arbeidde i lag og dei åt ved same bordet. Gardsbruket var utgangspunktet for denne kollektive driftsforma, men drivhus-næringa var ei sær viktig side ved tilpassinga.

Tabellen nedafor viser kor mange av bruka som hadde veksthus, kor mange personar som var involvert i å byggja opp og eiga dei same veksthusa og – for det siste – kor mange hus det var snakk om alt i alt.

| | Bruk | Personar | Hus |
|-----------|------|----------|-----|
| Finnøy | 40 | 58 | 70 |
| Talgje | 16 | 22 | 32 |
| Fogn | 8 | 8 | 10 |
| Sjernerøy | 8 | 9 | 11 |
| Rennesøy | 10 | 14 | 14 |
| Mosterøy | 2 | 2 | 2 |
| Tilsaman | 44 | 55 | 139 |

Tabellen viser stoda fram mot 1940. I ein stor grad var altså drivhusa ått og drive i hopehav av fleire, særleg på Finnøy.

Det må seiast å vera uvanleg at heile eller delar av ein «storfamilie» går saman om å få utkome av små gardsbruk. Korleis dei ordna seg med pengar til kjøp av klede eller korleis dei delte for å ha lommepengar

Dette oversynet viser drivhusbyggjinga på dei 3 matrikkelgardane på Talgje. Det var Gard, Meling og Østebø. Det viser den breidda det var med veksthusbyggjing på den einskilde garden. Før 1940 var det drivhus på 16 bruk på Talgje. Det var 32 veksthus alt i alt, av dette 10 kaldhus (markert med ein k). 9 eigarar og 14 søner deltok med byggjinga. 9 av sønene overtok bruket seinare, medan 3 fekk part i farsjorda. Av oversynet går det fram at dei i den eldste tida ofte bygde fleire i lag. Kring 30 personar var involvert i veksthusbyggjinga på Talgje på 1930-talet. Folketalet på øya låg på ca. 130. Under årstalet er ført opp arealet på drivhus. Bokstaven k. markerer at det var snakk om kaldhus.

| Gardeigar | G./br.nr. | Dei som bygde drivhusa | 1932 | 1933 | 1934 | 1935 | 1936 | 1937 | 1938 | 1939 | 1940 |
|---------------------------|-----------|---|------|------|-------------|------|------|------|------|------|------|
| Olaus Østebø f. 1875 | 41/1 | Christopher f. 1905, Paul f. 1907 (ut 1934/35), Olav f. 1911, Sverre f. 1913, alle Østebø | 140k | | 240k x 2 | | 320 | 80 | | | |
| John Gard f. 1882 | 41/9 | Nils f. 1912, Paul f. 1916 og eigaren frå 1933, alle Gard | 140k | 220k | | 245 | 320 | | | 500 | |
| Lars Gaard f. 1882 | 41/10 | Eigaren | | 270k | | | 320 | 320 | | | 500 |
| Berner Meling f. 1875 | 42/3 | Nils f. 1908, Olav f. 1910, begge Meling | | 240k | | 240 | 320 | | | | |
| Bertel Gard f. 1894 | 41/11 | Eigaren | | | 240k | | | | 320 | | |
| Chr. Østbø f. 1871 | 43/4 | Kristoffer f. 1909, Olav f. 1910, begge Østebø | | | | 320 | 320 | | | | |
| Johs. Skavland f. 1871 | 43/3 | Einar Skavland f. 1913 | | | | 320 | | 320 | | | |
| Chr. Larsen f. 1883 | 43/2 | Eigaren | | | | | | 320 | 400 | | |
| Ola K. Gard f. 1881 | 41/6 | Kristian Gard f. 1912 | | | | | 290k | | | | |
| Ola O. Gard f. 1882 | 41/14 | Olav Gard f. 1914 | | | | | | 320 | | | |
| Talius Kalvik f. 1904 | 41/13 | Eigaren | | | | | | 320 | | | |
| Anders Gaard f. 1883 | 41/7 | Eigaren | | | | | | 320 | | | |
| Elling Kjølvik f. 1883 | 41/2 | Anders Kjølvik f. 1909 | | | | | | 320 | | | |
| Rasmus Meling f. 1890 | 42/4 | Eigaren | | | | | | 320 | | | |
| Paul Østebø f. 1907 | 41/15 | Eigaren, bureisar (frå br. 41/1.) | | | | 280 | | | | | |
| Tomas Meling f. 1871 | 42/1 | Eigaren | | | | | | | 400k | | |

er ikkje undersøkt. Det var visst ikkje flust opp med pengar hos nokon. At tomatdyrkinga skulle verta ei vesentleg attåttnæring, ja ei hovudnæring for mange, var det vel heller ingen som venta eller hadde voner om i den første tida.

Til deira æra skal det seiast at opphevinga av denne «kollektive» driftsforma skjedde utan tvist og krangel. Rettssaker eller skilsdomar er ukjende. De-linga gjekk føre seg minneleg og i vennskap.

HEIMVENDTE «AMERIKANARAR» BYGDE DRIVHUS

Av dei ungdommane som kom att frå Amerika i byrjinga av 1930-talet, vart dei aller fleste buande heime på garden, og dei bygde tomathus.

Torstein Flesjø – pioneren – hadde fått vekt si interesse for tomatdyrkinga i 1926, som elev i siste kullet ved Sandved Hagebruksskole. Skulen hadde dyrka tomat i fleire år. Torstein Flesjø var pioneren, den som først tok opp tomatdyrking i Finnøy.

Utviklinga vidare hadde på mange måtar andre føresetnader. Det kan såleis seiast at tomat-eventyret i Finnøy byrja som eit av mange private utviklings-tiltak mot den økonomiske krisa i mellomkrigsåra. I motsetning til fleire andre forsøk med nye næringar – sølvreval til dømes – viste dette seg å vera eit rett spor. Tomatnæringa viste seg – mildt sagt – å ha eit stort og uventa potensiale. Dei mange ledige i Finnøy greip sjansen. Tomatnæringa førte elles òg til aktivitet i andre næringar, som t.d. i byggevare-bran-sjen.

Kvifor ein ikkje fekk den same veksten på Rennesøy, Mosterøy og Sjernarøyane – kvifor det ikkje vart bygd veksthus der i liknande omfang – er eit anna spørsmål. Fiske hadde over lang tid vore ei viktig kombinasjonsnæringar i alle øyane. I (dåverande)

Finnøy vart fisket og sjøfart trappa ned etter kvart som drivhusa kom opp, medan fiskeria i Rennesøy og i Sjernarøyane framleis skulle ha mykje å seia i årtier frametter.

NATURGJEVNE FØRESETNADER

Dei naturgjevne tilhøva låg godt til rette for tomat-kulturen. Kan hende tenkte dei ikkje sjølv over det, i alle høve ikkje strategisk. Alle visste likevel at det mest ingen stad i landet var større potetavlingar enn på øyane i Boknafjorden. Tomata høyrer til den same planteslekta som poteter og det viste seg at på jord der potetene treivst godt, der treivst og tomate- ne. I dag spelar det naturlege jordsmonnet inga rolle for tomatdyrkinga, men slik var det ikkje då.

Ein annan veksefaktor som frå naturen si side låg godt tilrette for tidleg dyrking av tomater var lystil- høva. Det at Ryfylke-tomatane kom 2–3 veker tidle- gare på marknaden enn frå andre stader skuldast òg for ein stor del dei ekstremt gode lystilhøva. Vintra- ne var snøfattige og milde, men over fjellheimen i aust låg snøen som gav god lysvirkning, særleg i solskinn. Viktigare var likevel refleksjonen av sollyset på sjøen som omkransa alle øyane. Når ein veit at på denne tida hadde ikkje Ryfylke-øyane elektrisk lys, så var dette eit dyrkingspre av stor verdi.

OPPLÆRING – KUNNSKAP

Torstein Flesjø, hadde gått Sandved Hagebruksskole i 1926. I 1927 tok han arbeid på Heimdal gartneri, Tønsberg, for å læra meir om gartneriverksemd i praksis.

Første «tomatåret» Torstein hadde heime på garden – 1928 – gjekk det ikkje så godt, og han fann ut at han måtte gjera det meir noggrant det han hadde lært. Då gjekk det betre.



«Markdagen» var årlege samlingar der tomatprodusentane møttest til synfaring og drøfting av aktuelle tema, men ein dag som også hadde viktige sosiale element. Dette biletet viser Finnøy-buer på markdag på Mosterøy i 1970. Biletet er utlånt av Gartnerhallen og teke av konsulent Bjarne Uldal. At ein soleis lærte og erfarte av kvarandre var viktig for utviklinga av veksthusnæringa i Finnøy frå første stund.

Bjørn Ladstein var den andre som bygde drivhus på Finnøy, i 1929. Han hadde vore ein sommar i gartneripraksis hos Håkon Grøtterud, handelsgartner i Larvik. Elles hadde han eit søskenebarn som i 1928 hadde byrja med veksthusgartneri i Hillevåg, Stavanger. Det var Peter Haualand. Han hadde artium og hadde fått tak i ei avskrift av ei tysk rettleiing om dyrking av tomater som han oversette til norsk.

Denne rettleiinga ligg endå føre og gjev mange gode opplysningar. Petter Haualand delte gjerne sine røynsler med Bjørn Ladstein, men den tyske rettleiinga ville han visst helst at Bjørn skulle ha for seg.

Slik lærte dei av kvarandre. Det var lite «hemmelighets-kremmeri» i næringa. Dei gjekk til kvarandre og spurde ut som best råd var. Då var dei mindre imøtekomande gartnerane i Stavanger, er det sagt.

Forutan det dei fekk veta av kvarandre hadde dei fleste produsentane skaffa seg «Tomatboken» – «om tomatplanten, dens dyrking under glass og på fri-land», som det heitte, ved professor Olav Moen. Boka skriv detaljert både om husbygging og dyrking. Innhaldet i tomatboken var jamt framme når dei drøfta faglege spørsmål. «Veksthus og benker» (av dosent Arne Thorsrud) var òg ei bok som var til god nytte.

Slik las, drøfta og erfarte dei seg fram til kunnskap innafor feltet. Det leid ikkje så langt ut i tretti-åra før tyngdepunktet for tomatdyrkinga blei flytta frå bylandet til øyane i Ryfylke, det vera seg samla kvantum eller avlingsmengd pr. m². Sommaren 1939 var tomatgartnarar rundt Stavanger på tur til Talgje, dei ville både sjå og læra det siste i tomatdyrking og drivhusbygging.

KOSTNADER

Dei første kaldhusa var enkle og billige. Forutan glas og treverk var det berre spiker, kitt og maling som skulle til. Arbeidet blei utført av folket på garden om vinteren og tidleg på våren. Det er ikkje mykje å finna av notat eller rekningar som kan visa kva kostnaden var. Då artikkelforfattaren var 16 år gamal, sette han sparepengane sine i bygging av eit drivhus i lag med bror sin. Det var eit kaldhus på 140 m², bygd i 1932. Huset kosta 900 kr., d.v.s. kr. 6,50 pr. m² i direkte utlegg.

Varmhusa var meir solide og derfor også dyrare. Eit nøyaktig ført notat frå vinteren 1934/35 (av Christopher Østebø) viser at eit varmhus, inklusiv kjelhus og pipe, kosta kr. 5310. Varmanlegget (med kjel, røyr og kjelhus) sto for ca. 40% av kostnaden. Huset var på 320 m². Kvadratmeterprisen blir då kr. 16,60.

Kostnadene fordelar seg slik:

| | |
|---|--------------------|
| 55 kasser glas a kr. 25,75 | kr. 1416,25 |
| Sprøys, luker og gavlsperre | kr. 455,73 |
| Sand, sement og murstein | kr. 273,82 |
| Jern og beslag | kr. 599,33 |
| Maling og kitt | kr. 120,82 |
| Frakter | kr. 67,20 |
| Forskalingsbord | kr. 63,50 |
| Bølgeblikk til kjelhuset | kr. 25,00 |
| Leighjelp til graving, støypping o.a. byggjearbeid, 106 dagar à kr. 3,00 ... | kr. 318,00 |
| Murar til pipa, 20 1/2 time à kr. 1,00 | kr. 20,50 |
| Varmeanlegg, komplett med kjel og røyr og montering | kr. 1950,00 |
| I alt | <u>kr. 5310,15</u> |

Her er ikkje teke med kostnaden med innlegging av vatn.

Oppsettet viser kostnader for eit godt og fullt ferdig hus. Det meste av arbeidet er gjort med eigen innsats. Andre kunne kanskje ha spara inn noko med endå mindre leighjelp og ved å nytta billigare material til sperr o.a. Byggjeprisane heldt seg omtrent i dette leget i fleire år framover.

Arealet på 40 x 8 m = 320 m² var det mest vanlege veksthuset som vart bygde i Finnøy på 1930-talet (sjå under hustyper, nedafor).

Det blei etterkvart mindre å tena på kaldhusa og derfor var det mest varmhus som blei bygt i siste helvta av 1930-talet. Mange av dei som bygde kaldhus la om til varme etter 1–2 år.

FINANSIERING

Det går fram av byggjekostnadene at dei første husa ikkje krevde store kapitalen. Så nytta det òg lite å



Dette biletet viser drivhusbyggjng på Vestbø i 1949. Dei legg glas. Personane er, frå venstre, Johannes Vestbø, Nils Falkeid, Gunvald Holte, Johannes O. Landa i forgrunnen og så Johannes Løyning, heilt til høgre. Biletet teke og utlånt av Per Vestbø.

spørja etter lån i banken. Drivhus vart ikkje vurdert som kredittverdig panteobjekt. Det er hevda at dersom det vart halde lånetakst på ein gard, då blei ikkje drivhusa vurdert som noko pluss.

Kor store investeringar vart lagt i drivhusa i Finnøy i mellomkrigsåra? Med utgangspunkt i kvadratmeterkostnadene for drivhuset til Christopher Østebø og arealet under glas i 1939 kjem ein fram til ein samla byggekostnad på kr. 700.000. I tillegg kjem

kostnad med innlegg av vatn, røyr, kranar, pumper, motorar, demningar, brønnar. Med dette kjem ein truleg oppunder 1 million kroner Finnøy sett under eitt.

Finnøy sparebank gav eit lån på kr. 1000 til drivhus i 1934 og eit på kr. 800 i 1937 (iflg. «Penger spart, penger tjent», SR-Bank 150 år 1989 s.252/253). Det var alt. Med byggekostnader på nærare 1 mill. kroner i alt blir dette små promiller.

Nokre av ungdommane hadde litt sparepengar i banken. I tillegg var det å låna litt her og noko der, og så å kjøpa «på kriteren». Somme av dei ungdommane som hadde kome heimatt frå Amerika hadde noko pengar med seg. Leverandørane av byggjematerial var sterkt interessert i å selja, og derfor gav dei noko «henstand». Det var òg mykje brukt å nytta aksept. Kanskje var det ein eller annan som fekk nokon til å kausjonera for seg, men det var folk svært varsame med.

Elles var pågangsmotet stort og det blei søkt alle utvegar for å skaffa seg pengar.

Det må og tilføyast at det var lite og ikkje hjelp å få frå dei styrande si side. Kanskje helst skepsis. Til kommunestyret kom det fleire søknader om garanti knytta til kjøp av fiskebåtar og sjøbruksreiskap på 1930-talet. Men ingen til drivhus.

INNTENING

Det er tidlegare nemnt at det kaldhuset på 140 m² som artikkelforfattaren var med å byggja i 1932 kosta 900 kr.

Følgjande reknestykke fortel at oppsetjing av dette kaldhuset kunne tenast inn alt første året:

| | |
|----------------------------------|----------|
| Inntekter pr. m ² : | |
| Avling 10 kg. pr. m ² | |
| Sort: Fillbasket | |
| Salsprisen 75 øre pr. kg. | kr. 7,50 |

| | |
|--|-----------------|
| Driftskostnadene pr. m ² : | |
| 4 plantar pr. m ² a 10 øre kr. 0,40 | |
| Naturgjødsel | |
| Emballasje a 5 øre pr. kg. kr. 0,50 | kr. 0,90 |
| Netto pr. m ² | <u>kr. 6,60</u> |

Med 140 m² skulle reknestykket gje ei total netto innkome på drivhuset på 924 kr. Ser ein bort frå arbeidsinnsatsen blei altså alle utgiftene med huset tent inn første året. Ei avling på 10 kg./m² var elles svært god til denne tida å vera, men plantene heldt seg friske og dei sette inn ein koksomn til oppvarming. Dei hausta tomater langt utetter hausten. Sjølv om kvaliteten ikkje var så god, vart det noko att.

Eit notat frå eit varmhus i 1935 (Christopher Østebø) kan setjast opp som følgjer:

| | |
|--|-----------------|
| Inntekter pr. m ² : | |
| Avling ¹ 13,3 kg.pr. m ² | |
| Brutto sal kr. 1,00 pr. kg. | kr. 13,34 |
| Driftkostnader pr. m ² : | |
| Driftskostnader | kr. 5,52 |
| Netto pr. m ² | <u>kr. 7,72</u> |

¹ 1. planting vart gjort 10. mars, 2. planting 20. juli og så var det sal fram til desember

Driftskostnadene var for det første innkjøp av planter til kr. 0,53 pr. m². Så kom 1,63 hl cinders (brenn- del) pr. m² a kr. 1,78, inkl. frakt, eller i alt kr. 2,90 pr. m². Tomatkassane (emballasje) kosta 16 øre pr. stykk for uspikra og 22 øre for spikra.

Eit varmhus på 320 m² skulle gje ei årleg avkastning på 2470 kr. Med ein byggjekostnad på 5310 kr. skulle det til meir enn to årsavlingar før huset var tent inn.

HUSTYPER (KONSTRUKSJON)

Dei to første tomathusa på Finnøy var bygde av benkerammer, 55 m² i 1928 (på Flesjø) og 130 m² i

1929 (på Vestbø). Benkeramme-husa var som tildelgare nemnt provisoriske bygg.


Frå 1930 blei det berre bygd faste hus, men det var noko tvil om det var forsvarleg å byggja hus med ei breidd på 6, 7 eller 8 meter utan å ha støtter inne i huset når det var glas som taktekke. Det blei rådspurt hos fylkesgartneren, men han var òg i tvil. Med 7 eller 8 meters breidd ville han rå til at det blei sett støtter inne i huset under kvart sperr, med 2,5 til 3 meter som største spenn. Andre meinte at kunne dei byggja lør med endå større spenn, så måtte det òg kunne gå med drivhus. Tvilen var at kom det storm, ville då glaset halda eller ville det sprekkja?

Dei fleste bygde frittberande hus, altså hus utan innvendige bæresøylar. Frå 1935 blei 8 m. breidd og 40 m. lengd det mest vanlege. Det blei nok bygd lengre og kortare hus også, vel også andre breidder, men 8 x 40 var den vanlege «Finnøy-standard».

Som sperr blei nytta jern eller tre. Tresperr hadde den fordelan at då kunne ein gjera meir av byggjearbeidet sjølv, eller leiga bygningsfolk på staden. Ved jernsperr måtte dei få sveisarar frå byen.

Brørne Ladstein var både tomatprodusentar og bygningsfolk og bygde mange drivhus både på Finnøy og andre stader. Dei konstruerte ein takstol av tre. Risset viser i detalj korleis dette var. Det var noko til uleia at skråbandet frå midt på sperra ned mot muren blei til hinder ved bruk av hest og hestereiskap. Dei

«Kracka-huset» eller «Finnøy-huset» vart som ein standard for veksthusbyggjinga i Finnøy på 1930-talet. Det var på 8 x 40 m. og hadde ein spesiell takstol i tre, konstruert av brørne Ladstein. «Det skulle aldri vore bygd», kunne ein av hovudmennene seia nyleg. Men i si tid hadde det sin viktige funksjon. Ei ulempe var dei låge krossbanda som hindra ein i å bruka hestereiskap ut mot sidene i huset. Dimensjonane på treverket gav elles meir skugge enn godt var. Dette risset er laga av Sigmund Ladstein i 1987.





Bjørn Ladstein var ein av pionerane i drivhusnæringa og bygde det andre veksthuset i Finnøy, det første på Brekke og Vestbø. Dette biletet er teke eit av dei første åra. Bjørn Ladstein rører gjødselvatn. Det er kunstgjødsel som vert rørt inn i ein stamp med vatn. Merk lufteluka på taket. Lufting var viktig på varme dagar for å halda rett temperatur. I dag er luftelukene, anna klimastyring og gjødsling styrt ved hjelp av data-teknologi.

store dimensjonane på treverket var òg slik at det blei for mykje skugge. Huset gjekk under namnet «krakkahuset». Areal var standard på 8 x 40 m. «Det skulle aldri vorte bygd», kunne ein av Ladstein-brørne seia i 1993. Men det var for å spare pengar på material og for å skaffa seg sjølv arbeidsoppgåver i ei tid då det var lite kapital men nok arbeidskraft å ta til. Konstruksjonen var elles òg noko billigare enn jernkonstruksjon.

Ved jernkonstruksjon blei brukt 10 cm kanaljern (H-jern) som sperr og 5 x 5 cm vinkeljern som hanebjelkar. Takåsane kunne vera av tre eller 5 x 5 cm vinkeljern. Mønospira var av tre.

Grunnmurane var svært enkle i byrjinga, i motsetnad til elles i landet. Men etter få år blei det støypte grunnmurar som var grave ned til frostfri grunn. Dei

fleste gjorde dette arbeidet sjølv. For å spare på sement, sand og singel blei det brukt å fylla mykje gråstein i forskalingsforma. Det kunne òg ha sin fordel at det på den måten blei rydda bort mykje stein.

Grøfta under murane blei fylt opp med stein. Det låg store røysar etter nydyrking både her og der. Men det hende nok at steinsetjinga blei gjort litt for lettvin, for det kom sprekk i murane hos nokon. Grøftinga inne i huset kunne òg vore betre hos mange.

Storleiken på glaset var til å byrja med 10x12 tommar, d.v.s. 26 x 31,5 cm. i benkerammene. Då det blei faste hus var 15x15 toms glas (39x39 cm) og 2 mm tjukt det vanlege. Men ein fann fort ut at 3 mm tjukt glas var mykje sterkare og etter den første starten blei det 18x20 toms glas som blei brukt og altså 3 mm tjukt.

Med omsyn til kitt vart det eksperimentert ein del, men det meste som blei nytta var linoljekitt som ein kjøpte ferdig tillaga.

I den første tida vart det bygd hus med lufteluker på tak og på sidene. Men sidelukene blei lite brukte og fall vel bort etterkvart. I taklukene var det 2 eller 3 glasruter av same storleik som i huset elles. Luftelukene blei kjøpte ferdige frå fabrikk for det meste. Luftoordninga var slik at det under kvar luke var montert ein rettvingla arm. Armane var bundne saman med ein streng som gjekk mot enden av huset. Ved så å hala i strengen lyfte lukene seg opp.

OPPVARMING

Dei første drivhusa på Finnøy var som nemnt kaldhus, men alt frå vinteren 1931/32 tok dei til å byggja varmhus med sentralfyringsanlegg. Det var brødrene Ladstein Vestbø og Henrik Vestbø som bygde kvar

sine hus. Dei var 7 x 30 meter og bygde med frittberande konstruksjon. Sidan kom nye til kvart år.

Det var ikkje elektrisk kraft då og derfor måtte det brukast sentralfyring med sjølv sirkulerande varmt vatn. Vatnet steig opp og ut i huset med tyngdeskilnaden på varmt og kaldt vatn og retur til kjelen når det blei avkjølt.

Seinare blei det som nemnt mest vanleg å byggja 8x40 m. hus (Finnøy-standard). I desse husa blei det lagt inn 9 eller 10 stålørør med 76 mm eller 82 mm tverrmål. 3 rør låg ovanfor kvarandre på sidene og 3 eller 4 rør fordelte oppe i så stor høgd at ein godt kunne gå under på det lågaste. På denne måten blei huset heilt fritt til å arbeida under, også med hestereiskap.

Røyra var sveisa saman slik at dei 3 eller 4 røyra under taket blei nytta som tur-rør fram til andre enden av huset og røyra på sidene blei så retur-rør til kjelen. Røyra måtte monterast med svakt jamnt fall slik at luft i vatnet kunne siga ut til eit ekspansjonskar som var plassert på høgaste punkt i anlegget. Det var såleis høgdeforskjellen og fall på røyrene som gjorde at vatnet sirkulerte ved oppvarming i kjelen og avkjøling ute i anlegget.

Kjelene var plasserte i eit nedgravd kjelhus ved enden av huset for å få høgdeforskjell og betre drift på vatnet. Som røykavtrekk blei nytta piper av teglstein med ei høgd på 5-8 meter. Det var ingen fast regel for høgdekrav, men det var rekna med at det blei betre avtrekk med ei god høgd.

BRENSEL – INNKJØP OG TRANSPORT

Som brensel blei nytta cinders, koks eller kull. Det blei kjøpt inn frå Kullimport A/S eller C. Middelfthon A/S i Stavanger.

Prisane var stabile dei første åra. Ved kjøp i heile

laster var prisen frå kr.1,60 til kr. 1,75 pr. hl. i åra 1935-37, men i 1938 gjekk prisen på cinders opp til kr. 3,00 pr. hl. I 1939 varierte prisen mellom kr.2,30 og 2,60.

Betalinga vart ofte ordna med veksling, men leverandørane betalte rentene. Føresetnaden var at det skulle gjerast opp når salet av tomat kom godt i gang. Tomatdyrkarane blei i så måte vist stor tillit, men det er heller ikkje kjent at det var nokon som hadde tap på det. Etterkvart blei det store kvanta som leverandørane sette pris på å levera.

Brenselet vart ført heim på skøyter. Frakta var 10-12 øre pr. hl. i desse åra. Mange av fiskeskøytene lasta omlag 400 hl. og det var så omtrent passande til eit hus på 320 m² ein sesong. Innlastinga gjekk svært så greit med heisekran og grabb, men lossinga var eit slitsamt og seint arbeid. Alt måtte skuffast opp med skuffel til ei tønna, eit hektolitermål, og heisast opp. Cinders og koks var nesten umogleg å skuffa opp frå dungen.

Underlaget måtte vera eit flatt golv som skuffa kunne førast mot. Særleg gjekk det seint å koma seg ned mot botn i «rommet». Mange kjøpte heim brenselet om vinteren og tidleg på våren og la det ved kjelhuset. Brenselet blei kjørt på plass med hest og kjerre. Eit passande hestelass var 8 a 10 hl. Ei last på 400 hl. blei såleis 40 a 50 hestelass. Ofte blei det gjort byttarbeid med andre. Heimføringa av brensel var eit ork kvart år.

På Finnøy tok dei ofte større laster heim. Det blei målt ut ved lossing og fleire mottakarar køyrde då kvar til seg. Fartøyeigarane noterte då det kvar tok imot. Peder Asheim med si «Regina» var ein institusjon i så måte.

Etter krigen var det bilane og traktorane som overtok transporten frå kai til kjelhus. Og på 1950-



Dette biletet viser eit større drivhusanlegg på Nordbø på 1950-talet, ått av brørne Magne, Einar og Anton Nordbø. Dei tre eldste drivhusa vart bygde 1935–37. Bilen tilhøyrer syster deira Elfrid, som pakka og transporterte tomat for brørne. Merk oljetanken ved bakre fyrhus. Oljefyringa erstatta cinders, koks og kull på 1950-talet. Dei vaksne på biletet er Anna og Magne Nordbø, som også eig biletet.

talet var det oljefyring som overtok oppvarminga. Finnøy kommune fekk elektrisk kraft frå Lyse i 1953 og frå den tida blei det montert oljefyring både i gamle anlegg og sjølvsgatt i alt nytt.

FYRINGA

Ofte var kjelen litt for liten i forhold til det areal som skulle varmast opp. Det var vel for å spare på an-

leggs-kostnaden. Derfor måtte det i kaldare periodar fyrast seint på kvelden og tidleg på morgonen, av og til også om natta. På denne måten blei det ofte «bålbrenning» og det var vel ikkje så lønsamt når cinders og koks var brenselet. Ein større kjele med større magasin ville vel vore besparande og ein kunne dermed spart seg for ein hektisk arbeidsmåte. Ved denne harde fyringa blei det ofte mykje slagg i

kjelen og dette måtte takast ut før det blei kasta innpå nytt brensel. Slagget var ypperleg til veggrus og det blei betre og tørrare gardstun.

Fyringa var naturleg nok både eit viktig, tidkrevjande og tungt arbeid.

PRODUKSJON OG DRIFT

Den jorda husa vart bygde på vart nytta som vekseplass og jorda vart bearbeida som annan åkerjord ute, til dømes til rotvekster eller potet. Det var mykje vanleg å skifta jorda i drivhusa ved å køyra ut det som var og finna åkerjord ute til å køyra inn. Det beste var å skifta jord kvart år, men det var arbeidskrevjande og slitsamt. Nokon la meir arbeid på dette enn andre, og ein kan vel seia at dei som dreiv best og la mest arbeid i dette fekk dei beste resultatata.

Torstein Flesjå gjorde i 1928 forsøk med å ala opp tomatplantene sjølv, men det blei mislukka. Det vart så til at han kjøpte utplantingsplanter frå gartnerier i Stavanger.

Bjørn Ladstein på Vestbø dreiv frå 1929 tomatplantene fram til kaldhusa sjølv ved å så inne i stova og så prikla plantene ut på varmbenk, oppvarma med hestegjødsel. Det gjekk så tåleg bra, fortalte han sjølv. Då dei tok til med varmhus, kjøpte dei ferdige utplantingsplanter hos Peter Hualand.

På Talgje vart det som nemnt byrja med kaldhus i 1932. Prikla utplantingsplanter vart kjøpte frå gartneri i Stavanger.

Til kaldhusa blei det den første tida berre nytta prikla planter i kassar med ca. 10 cm. avstand. Til varmhus blei det nytta planter som var potta i 10 cm. leirpotter. Peter Hualand og Gilje Sørnes var gode planteleverandørar.

Frå 1934 tok Finnøybuen sjølv til med oppal av utplantingsplanter, både for eige bruk og for leve-

ranse til andre. Pionerane var dei første også med dette, Torstein Flesjå og Ladstein Vestbø. Med auke i både veksthustalet og nye produsentar blei planteoppal ei stor verksemd i seg sjølv.

På Talgje byrja Nils Gard med planteoppal til varmhus i 1936. Henrik Vestbø på Finnøy var ein fjerde mann som spesialiserte seg på oppal av utplantingsplanter.

SORTAR OG STAMMER

Hovudsorten for dyrking i varmhus var Condine Red. Tomater er sjølvstøva og difor var det mogeleg å ta utval av planter og på denne måten søkja å få stammer med meir særprega typer. Og det var her som på alle andre område at dei som dreiv planteoppal søkte å spara på utgiftene med å avla frø sjølv.

Til frøavl valde dei då ut planter som såg friske ut og hadde dei eigenskaper som dei ynskte, med store fine klasar og fint forma, store frukter.

Frøavlsleiar S. Steinsvoll hos O. A. Lærdal i Stavanger var mykje interessert i dette arbeidet og hjelpte til med å rettleia. Brørne Ladstein Vestbø på Finnøy hadde vald seg ut ei stamme som Lærdal marknadsførte under namnet Condine Red «Lastein Vestbø» stamme.

På Talgje hadde dei og gjort det samme, marknadsført som Condine Red «Talgje» stamme. Det vart ikkje føreteke nokon avlingskontroll for å finna ut om dette gav nokon positive resultat.

Til å byrja med var det ein sort som heitte Fillbasket som var tilrådd for kaldhus. Noko seinare fekk sorten «Selandia» stort innpass og vart etter kvart hovudsorten i fleire år. På 1960-talet kom Revermun. Det var den første F1-krysning som kom på marknaden og med dette kom ei ny æra inn i tomatdyrkinga og då kunne ein ikkje avla frøet sjølv.



Prikling og potting var viktige prosessar tidleg i planteproduksjonen. Pottinga – omplanting av små tomatplanter til potter – vart gjort tidleg i februar. Dette biletet viser potting på Vestbø i 1947. Folket er, frå venstre, Leif Austbø (dreng), Karl Vignes, NN, Berta Ladstein, Marta Vestbø og ein dreng frå Hardanger. Biletet er lånt av Kolbjørn Ladstein.

PRIKLING – POTTING – LEVERING

Den første tida med varmhus på øyane tok dei sikte på å planta ut i husa kring 8.–10. mars. Frø blei sådde ved jule-nyttårs tider og prikla ut på bord eller i kassar med 5 cm. avstand kring midten av januar. I tida 5.–10. februar blei så plantene potta inn i 10 cm. potter.

Men ein søkte meir og meir etter å koma tidlegare på marknaden og alt frå 1937 blei det sådd frø så tidleg som i første veka i desember, med prikling i romjula. Potting (omplanting til potter) kunne ein då få til i siste veka av januar. Det blei då plantelevering og utplanting i husa kring 1. mars.

Pottene blei sette på bord i arbeidshøgde ca. 60 å 70 cm. høge. Pottene stod heilt inntil kvarandre. Det måtte visast stor varsemnd med at ikkje plantene vaks seg for store og inni kvarandre, for det hindra tilgan-

gen på lys og då blei det berre lengdvekst. Derfor var det berre dagar om å gjera å få plantene ut på vokseplassen, så dette var ei hektisk tid.

Ofte var det slik at tomatdyrkarane sjølve kom og henta plantene. Dei hadde kassar med seg som plantene, som sto i potta, blei sette i. Pottene kom dei så att med etter utplanting. På denne måten – ved at kvar og ein kom å henta – gjekk planteleveringa svært fort og ein kunne venta så lenge råd var utan at plantene tok skade av å stå for tett på plantebordet.

Dei forskjellige oppalarane hadde frå 20.000 til 40.000 planter kvar. Ved å samla oppalet slik i store mengder blei prisane rimelege og det løna seg ikkje å driva oppal kvar for seg. Husa som blei nytta til planteoppal blei rydda og tekne i bruk til vanleg dyrking av tomater eller agurker.

PLANTESTELL

Det var vanleg med ein hovudgang på langs midtetter i huset på ca. 1 meters breidd. Ut til sidene frå denne blei det så planta i rader med 60 cm. og 40 cm. avstand mellom radene. Det blei så planta med ca. 40 til 50 cm. mellom plantene. Det blei då omlag 4 planter pr. m² i huset.

Til oppbinding av tomatplantene blei det strakt ståltråd over hanabjerkane på langs i huset og så ståltråd over desse att på tvers. Oppbindingsgarn var sjølvbindargarn (oppinneleg nytta ved kornbinding i sjølvbindarar). Ein tok sikte på å ta toppen på plantene når dei kom opp over strengen – d.v.s. over 7, 8 eller 9 klaser, etter kor høge husa var. Nedlegging eller nedfiring var det ingen som snakka om på denne tida.

Etter planting i månadsките februar/mars kom plantene fort i godvekst hos dei fleste. Veksten



Olav Vestbø åtte i det såkalla «felleshuset», eit stort drivhus ått av 3 brør, men hadde i tillegg 5 drivhus med smått og stort på småbruket på Vestbø. Det første drivhuset vart bygd alt i 1936. Dette biletet viser utplanting av tomatplantane i drivhuset, som er eit «krakkahus». Det er Olav Vestbø med hatt og sonen Kåre til venstre. Biletet er utlånt av Kåre Vestbø.

kunne bli altfor kraftig, noko som vel kom av at det blei lufta for lite og dermed blei det for fuktig luft. Men klasane var store og fruktsetnaden var oftast god.

I varmhus var det vanleg å halda mellom 14 og 16 grader om natta. Ein var heller ikkje så snar å lufta om morgonen, for det måtte sparast på varmen. Om dagen blei det nok lufta ganske bra, men det hende at temperaturen gjekk for høgt òg.

Ut i mai kom det gjerne meir varme og sterkare sol og då måtte det luftast meir. Plantane hadde fått stor bladmasse og var fullsette med frukt. Sol og varme og tørrare luft kunne då føra til mykje press og stor fordampning på plantene, som byrja henga med bladene. Stundom kunne det sjå ut som om dei ville visna. Vekstmiljøet hadde då vore for godt og rota var for lite budd på å tåla eit så sterkt klimaskifte. Dette kunne verka til stagnasjon i veksten og



Jon Eike, Sjernarøy, bind opp tomatplanter i drivhuset sitt på Nordheim ein gong på 1950-talet. Oppbinding av plantene var ein viktig prosess. Medan plantene tidlegare voks seg store og høge og danna ei «krone» oppe i drivhuset, vert det i dag nytta eit finurleg uttenkt system der plantene vert senka «nedatt» etter kvart dei veks. Biletet er utlånt av Marit Eike.

mykje av blomane kunne visna og falla av. Dette skjedde hos dei fleste. Det var i den tida då plantene blomstra på 5., 6. og 7. klasen.

Når det leid mot månadskiye juni/juli blei det ofte slurva meir med fyringa og dersom det ikkje

hadde vore så mykje fløyelsflekk før, så kom den då. Det vart ofte slurva med plantestellet sommarstid. Fløyelsflekk og gråskimmelen, begge ein type sopp som gjorde åtak på tomatplanten, gjorde at det blei lite triveleg å arbeida i drivhusa. Plantene vart gjerne klisne og våte og sopp-åtake gjorde at det vart lukt av mugg og arbeidet vart skite og utriveleg.

Den store avlingsauken på 1960- og 70-talet hadde bakgrunn i forbetringar i tomat-sortar og stell. Det kom fløyelsflekk-resistente sortar, god fyring og lufting, varsemd med søling med vatn og nedlegging av plantene slik at desse kunne få veksa til å få mellom 20 og 30 klasar på kvar plante.

GJØDSLING OG VATNING

Til gjødsel blei som oftast brukt naturhevd av det som var på garden. Det måtte visast varsemd med å ikkje få ammoniaksviding av naturgjødsla. Ein mann som skulle gjera det så vel og brukte hønsegjødsel ein gong like før planting, fekk stor skade ved at alle blada på dei nyutplanta planene svei av.

Som overgjødsling var det populært å gje svovel-sur kali eller fullgjødsel. Det vart òg bode ut spesialgjødsel av ymse kvalitetar som skulle vera så bra, men det var ikkje til stor nytte. Seinare fann ein ut at det vel helst blei gjødsla for mykje. Det blei skade på røtene og plantene blei harde og treete.

Den første tida var det å bera vatn inn i husa for å vatna. Men det var ikkje råd å halda fram med det og derfor blei det lagt inn rennande vatn og vatning med slange. Det var lite og ikkje på tale å tilføra gjødsel i vatningsvatnet, som i seinare tid.

Til dyrking i drivhus trengs det mykje vatn, mykje meir enn det som er vanleg i vanleg gardsbruk til hushaldet og til dyra. På øyane i Ryfylke var det ikkje ukjent at det i tørke-somrar kunne verta snau

med vatn. Det var nok grave brønner dei fleste stadene. Mange av desse var «sikre» året gjennom, mens andre hadde lett for å gå tomme. Gode riktberande kjelder var der også her og der, og det var til desse mange måtte ty til når det tørka ut elles. Det hende òg om vinteren i frostperiodar. Gamle hevdvunne rettar blei sikra bruk frå desse kjeldene ved utskiftingane i førre hundreåret. Men til vatning i drivhusa blei det som ofast så reint forlite. Og så var det å bruka hest og «landkjerra» og køyra vatn frå myrar og tjørn der det måtte finnast.

Til å byrja med, då husa var små og det berre var kaldhus, kunne det nok gå med vasskøyring, men etterkvart som arealet auka og det kom varmehus, måtte det finnast andre løysingar.

Det var òg i bruk å samla regnvatn i store kar som t.d. oliventønner. Men både ved tilkøyring eller ved å samla regnvatn måtte det berast inn i husa.

Dette kunne ikkje halda fram år etter år. Så då var det å sjå seg om etter å få lagt inn rennande vatn frå høgare liggjande brønner eller myrar. Somme stader kunne det la seg ordna, dels i fellesskap, som på Vestbø på Finnøy, der dei la røyrledning frå Nykjarvatnet på Vestbøheia. Men mange måtte ta i bruk pumper drivne med forbrenningsmotor. (Det mangla elektrisk kraft). Oftast var det sentrifugalpumper som blei nytta. Desse pumpene gav så mykje vatn at det kunne vatnast direkte ut frå kva pumpene gav, – 2000 l. til 5000 l. i timen etter storleiken på pumpa og kor vatnet måtte koma frå. Det blei òg brukt stempelpumper. Ikkje alltid var utstyret like godt. Det skulle gjerast på billigaste måte og det hende nok at det blei endel «klatt». På Talgje var det på slutten av 1930-åra 14 motordrivne pumper i bruk og på vatnedagane om sommaren kunne ein høyra motorane som hiksta og dura heile dagen.

Hos mange som hadde godt brukande drikkevatt frå desse pumpedrivne anlegga blei det bygd større vasskummar oppe på ein haug som det blei pumpa vatn opp til. Dermed kunne det vera rennande vatn til ei kvar tid både til husbruk, fjøset og til drivhusa o.a.

Dei var raske med å ordna seg brukande vatningsanlegg. Det gjekk berre 1-2 år så hadde dei fleste ordna seg. Det var lagt røyr inn i drivhusa og avtappingskranar med passande mellomrom. Frå kranane blei vatnet ført ut i slange. Det var då å gå å halda slangen og vatna plantene. Vatningsarbeidet var tidkrevjande og ein kan vel seia noko søvndyssande der ein gjekk i drivhusvarmen i timesvis og heldt på slangen.

Det viste seg at denne vatningsmåten ikkje var så god heller. Det kunne spruta både på planter og frukt og spesielt i den første haustetida var det turvande å halda tomatene reine. Sprut på stengel og blad var òg skadeleg. Derfor er det seinare ordna med andre vatningsmetodar som dysevatning og dryppvatning.

HAUSTINGA

Hausting av tomater dyrka i kaldhus kunne byrja sist i juli, og då med aukande kvantum utover i august til medio september. Det var hausting så lenge det var mon i å finna brukande vare, og det varierte ettersom året var solrikt og mildt om hausten og etter som plantene var friske. Til slutt hausta ein inn dei umodne tomatene og ettermodna inne. Det kunne verta nokre kroner av det òg.

Dei første åra med varmhustomater modna tomatene fra ca. 20. mai. Det var dei første tomatene som blei best betalt og derfor blei det sett mykje inn på å byrja såing og planting tidlegare på våren. I 1937

Vart det for varmt for tomatplantene, måtte dei «skygga» husa. Dei sprøyta ei vassblanding av kalk eller kritt på taket, som her på Talgje i 1970. (Foto Bjarte Uldal).

byrja sending av dei første kassene i dei første dagane i mai, og slik blei det i åra fram til 1940.

Det var hauste- og pakkedagar måndag, onsdag og fredag. I varmt drivande vêr kunne det òg henda at nokre dyrkarar hausta og pakka på laurdag og gjekk saman om å frakta tomatene til byen i ein motorbåt og fekk såleis vidaresenda til Oslo eller Bergen laurdag kveld. Ein var ikkje så nøye med arbeidstida.

Tomatene skulle haustast med stylken på og grunnen var at det ikkje skulle setja seg råte i såret ved å riva stylken av. Artikkelforfattaren minnes sjølv at dei det første året sat og «friserte» – klypte av – stylken og den ytre delen av begerblada med ei saks. Dei hadde fått vink om at det burde gjerast for at ikkje stylken på den eine frukta skulle stikka hol på den ved sida av. Dette var eit tidkrevjande arbeid og dei slutta med det. Dei høyrde heller ingen som klagde av den grunn. Når dette vert nemnt er det for å understreka at det var vilje til å gjera alt på beste måten. Det var først ut i 1950-åra at dei hausta tomatene og ikkje tok med stylken.

Ein var alt for redd for å hausta tomatene lite modne. Resultatet blei då at det lett blei overmodning. Seinare – ut på 1950- og 60-talet – tok dei til å hausta så tidleg som dei kunne merkja byrjande modning. Det blei eindel klage på det i nokre år, men etter kvart vart det vanleg akseptert at dette var den beste måte å marknadsføra tomatene på.

Kravet til ei god tomat er at ho skal vera raud og



fast slik at når ho vert skore over skal ho henga saman og ikkje renna utover. Når tomata vert overmogen vert ho blaut og går i oppløysing innanfrå. Det tok lang tid å læra seg til å hausta på eit tidlegare stadium og så la frukta ettermogna under transporten. Her spela årstid, ver og temperatur sterkt inn. Om våren, i kjølegare ver, vil ei tidleg hausta tomat endå vera ljøs og verka umogen 3 dagar etter hausting, d.v.s. då ho kom fram til marknaden, medan det om sommaren i varmt ver vil vera ei fullmogen frukt. Det måtte verta ei tilvenningssak mellom produsent og forhandlar for å finna fram til den beste haustetida.

Dette har òg med sortsvalet å gjera. Etter som åra har gått og praksis har vist, har det synt seg at dei ymse sortar har ulik evne med omsyn til ettermogningstid. Ein skal heller ikkje sjå bort frå at både overmogning og for lite mogning var årsak til prutting på prisen. Det var ikkje alltid så greit å vera produsent på Finnøy og vera forhandlar i Oslo og ha forståing for kvarandre sine synspunkt.

Tilliks med seinare var det på 1930-talet ein god del variasjon med omsyn til avlingane pr. m². Tidlegare i artikkelen er omtala eit resultat frå 1932 i eit kaldhus og 1935 i eit varmhus, nemleg 10 og 13,3 kg. pr.m². For kaldhus er det rettare å rekna eit gjennomsnitt på ca. 7 kg., mot ca. 9 å 10 kg. pr. m² i varmhus. (Til samanlikning er talet i dag 30 kg. pr. m² i varmhus.). På slutten av 1930-talet var det elles lite kaldhus att for dyrking av tomat. Kaldhusproduksjonen tok seg opp att etter krigen, spesielt på Mosterøy og Rennesøy.

Med eit areal på 42.079 m² under glas i 1939 skulle tomat-produksjonen i heile dåverande Finnøy vera omlag 420 tonn. Artikkelforfattaren har likevel grunn til å tru – ut frå eigne berekningar – at stati-

stikken opererar med for stort tal. Ein årleg produksjon på mellom 350 og 400 tonn er truleg rettare.

Fylgjande oppsett viser kg.-pris for to produsenter i andre halvpart av 1930-talet. Dette gjeld for varmhustomatar og er gjennomsnittsprisar for all levering, 1. sort, 2. sort og 3. sortering.

| Årstal | Produsent A | Produsent B |
|--------|-------------|-------------|
| 1935 | 1,00 | 1,18 |
| 1936 | 1,09 | 1,10 |
| 1937 | 1,35 | 1,35 |
| 1938 | 1,16 | 1,28 |
| 1939 | 1,10 | 1,09 |
| 1940 | 1,71 | 1,34 |

Kjelde: Einar Skavland og Christopher Østebø, begge Talgje.

Med ei avling på 350-400 tonn og ein pris på kr.1,10 pr. kg. skulle brutto sal av tomat i 1939 i dåverande Finnøy kommune som heilskap koma opp i ein sum på 385.000 – 440.000 kr.

ANDRE VEKSTHUS-KULTURAR I MELLOM-KRIGSÅRA

Av det som er skriva går det fram at det nesten var berre tomat som fanga interesse for dyrking i veksthus i Finnøy. Det var likevel somme som prøvde seg på agurker og ein kan vel seia at økonomisk gav det omlag same avkastning. Samla var det ca. 1000 m² veksthus for agurker på øyane kring 1940. Salet



Medan dei tidlegare for ein stor del berre erfarte og lærte av kvarandre, vart det på 1960-talet sett i gong systematisk forskning på tomatdyrkinga, innafor eit stort spekter frå sorter og sjukdommar til økonomi. «Norges landbruksøkonomiske institutt» har levert mange rapportar med utgangspunkt i materiale frå Ryfylke-øyane. Tidleg på 1960-talet tilsette Gartnerhallen konsulentar som jobba med kvalitetsheving i næringa og frå omlag same tida kom det offentlege inn med rettleiing, der fylket betalte for spesialgartnar for veksthusnæringa. Dette biletet illustrerer eit forsøk. «Gjødsel v/alle vatningar», står det som forklaring til biletet, som er teke av Gartnerhallkonsulent Bjarne Uldal.

gjekk til dei same som tok imot tomatene. I ettertid kan ein slå fast at det var tomatene som hadde den store auken i forbruket, og med standardisert emballasje, sortering og pakking nådde ein langt utover i allefall heile Sør-Noreg.

Det vart gjort forsøk med dyrking av tidleg gulrot, men det var ein så altfor kortvarig kultur med dyrking i veksthus. Blomster var òg på tale, og det vart gjort spreidde tiltak (Chrysantemum), men ein kan nok seia det var mange år for tidleg.

I krigsåra vart ein del drivhus nytta til oppal av spisskålplanter. Frø vart sådd om hausten og prikla ut i veksthusa i oktober. Så tidleg som mogeleg om våren vart så kålplanten planta ut på friland, sist i mars eller ut i april. Det var ganske store mengder spisskål som vart avla på denne måten, og p.g.a. at det var så lite andre varer, fann dei avsetning. Prisen var òg god, for det var maksimalpris sett på grunnlag av kva den første spisskål vart betalt med på Oslo-marknaden i åra før krigen. Her i Rogaland vart spisskålen ferdig til hausting så tidleg på føresommaren at det vart oppnådd topp-prisar. Men då krigen var slutt ebba denne tidleg-dyrkinga ut. Det tok seg likevel opp att seinare med dyrking av sommarkål under plast.

Det vart òg gjort litt forsøk med dyrking av druer, men noko lukrativt var det ikkje. Salatdyrking i større mengder var det heller ikkje marknad for. Tomatene vart ståande som den kultur som det både var marknad for og som viste seg å gje det beste utbyttet.

SORTERING, PAKKING OG EMBALLASJE

Kvar produsent sorterte og pakka tomatene sine sjølv og stod for innkjøpet av kassar og pakkematerial. Sorteringa kunne nok verta ujamn, spesielt med omsyn til mogningsgrad, men òg med omsyn til andre kvalitets-vurderingar som ringsprekk, grøn-skjold, hule frukter, gråskimmelflekker og anna.

Tomatkassane kunne ein kjøpa både spikra og uspikra. Det blei etterkvart mange tomatkassafabrikantar både i Stavanger og Ryfylke som var interesserte i å selja. Sigmundstad kassafabrikk på Fister spesialiserte seg særleg på å levera ferdigspikra kassar. Dei hadde ein stor motorbåt, «Siggen», som dei lasta full og reiste rundt med og leverte til dei ein-

skilde mottakarane. I 1930-åra var det vanleg at tomatkassane var påstempla namn og adresse til produsenten. Det sytte kassafabrikanten for.

Gjennom åra vart det brukt millionar av tomatkassar i tre. Sigmundstad-karane fortalte at dei tråla Ryfylke rundt for å kjøpe tømmer, men alt blei for lite og det blei kjøpt store mengder ferdigskorne kassematerial frå Austlandet og Trøndelag. Det var så seint som ut på 1960-talet at ein tok i bruk pappemballasjen. Denne fall då mykje billigare enn trekassen.

Offisielle standardreglar for sortering kom først på 1930-talet (Norsk Standard). Desse hadde som storleikar «Stor», «Middels» og «Små», men det var ikkje påbode å bruka desse reglane, heller ikkje var det påbode å bruka merkelapp. Det vanlege på øyane var å skriva på kassen med fargeblyant «I» for første sortering, «II» for andre sortering og «fråsortert» (puré vare) for resten. Tomatene blei som oftast pakka med 2 lag i kassen med like store tomater i kvart lag. Dei blei lagde i rekker med f.eks. $7 \times 5 = 35$ i laget. Det kunne òg vera andre storleikar som f.eks. $6 \times 4 = 24$ stk, $6 \times 5 = 30$ sk. eller $8 \times 6 = 48$ stk. i kvart lag. På kassen blei det så skriva sorteringsgraden og talet 35/35 eller f.eks. 48/48. Det kunne òg vera ulike storleikar i same kasse, og då blei det skriva som f.eks. 35/48. I grunnen var det grei merking og lett å sjå kva kassen inneheldt.

Sortane «Condine Red» og «Selandia» som var mest brukt fekk ofte ein del doble blommar og dermed blei det òg ei dobbel frukt som kunne vera stor og skeiv. Desse tomatene vart pakka i ein kasse for seg og vart gjeve ordet «Sjamp». Dette var gode tomater og gjekk mest til kafear og liknande. Ordet «sjamp» skreiv seg frå ein sort poteter som blei innført og dyrka ved århundreskiftet. Namnet var «Champi-



Fellespakkeria kom først etter krigen. Tidlegare pakka og sendte produsentane sjølv. Tomatpakkeria var ein sterkt medverkande årsak til den store marknadsdekninga Rogaland har for tomat pr. i dag, hevdar artikkelforfattaren. Det utgjer ca. 80% av engrosomsetninga. Dette biletet viser tomatpakkeriet på Fogn i 1962, bygd året før av Jacob Bø, men materialen var kosta av Gartnerhallen. I 1965 kom det eit nytt og større tomatpakkeri på Fogn. (Biletet tilh. Gartnerhallen, fotograf Bjarne Uldal).

on». Dei var ofte store, riflete og skeive og dei eldre sa at dei store skeive tomatene likna på sjampen i så måte og derfrå var så ordet ført over til tomat. I Oslo kalla dei desse tomatene for «boksehanskar», for der fann dei at det var ein samanlikning. Dei var vel meir moderne der.

Tomatkassane blei fora med eit tunt lag med treull

mot botnen og opp-på der blei det lagt eit litt stort raudt papir av kvaliteten pergamyn. Det blei så lagt eit lag tomat med eit nytt papir på som danna mellomlag til eit nytt lag tomat. Så kom det eit papir på toppen med nytt lag treull og påspikra lokk. Kassen blei så snudd og den skulle opnast frå den sida som første lag var pakka imot.

FELLESPAKKERIER FOR TOMATER

Det er skildra korleis alle produsentane pakka sjølv og stod for sending til mottakar. Dei fleste hadde likevel små areal og derfor kunne det vera vanskar med å fylla opp kassane med einsarta varer både når det galdt kvalitet og storleik. Særleg melde vanskane seg utpå sommaren då kvaliteten blei svakare og kvantumet mindre. Dette førte til ueinsarta sortering og svekkande tillit til den sorteringsgraden som var ført på merkelappen eller kassen.

I januar 1940 kom det førespurnad til artikkel-forfattaren frå Gartnerhallen om han kunne vera viljug til å leia eit fellespakkeri for tomat. Før saka var tilstrekkeleg utgreidd kom krigen og det heile vart lagd på is. I åra som kom var avsetnaden lett og kravet til sortering og pakking mindre nøye. Det blei innført maksimalpriser både for produsentpris og avansepåslag for både grossist og detaljist.

Saka med fellespakkerier vart teke opp att noko seinare under krigen og Gartnerhallen sitt første tomatpakkeri vart opna i Stavanger våren 1944. Runden artikkel-forfattaren då føretok for Gartnerhallen for å orientera om pakkeriet og få produsentane som leverandørar var særst positiv. Det var praktisk talt mannjamm tilslutnad, større enn dei hadde våga satsa på å starta opp med.

Folk hadde gått leie av å sortera og pakka sjølv i diverse små skur eller kva dei måtte rå over. Etter krigen blei det stendig dyrare og vanskelegare å få leigehjelp. Dei unge ville heller ut for å gå på skule eller finna seg arbeid.

Så byrja dei med tomatpakkerier den eine etter den andre, både oppkjøparar og grossistar. Ei tid var det kring 20 pakkerier i drift.

På slutten av 1940-talet fekk Gartnerhallen pakke-

ri både på Finnøy og Talgje, sidan òg på Rennesøy, Mosterøy og Fogn.

Fylgjande tabell viser kronologisk oppstart av Gartnerhallen sine tomatpakkeri frå 1944:

| Stad | Startår | Eige hus |
|----------------------------------|---------|----------|
| Stavanger | 1944 | 1948 |
| Steinnesvåg, Finnøy ⁴ | 1948 | 1959 |
| Talgje | 1950 | 1962 |
| Østhusvik, Rennesøy | 1951 | 1958 |
| Judaberg, Finnøy ¹ | 1956 | |
| Vikevåg, Rennesøy ² | 1959 | |
| Fogn | 1961 | 1965 |
| Reilstad, Finnøy ³ | 1963 | |
| Mosterøy | 1964 | 1965 |
| Orre (Jæren) | 1970 | 1970 |

¹ I tilknytting til Finnøy Handelslag

² I tilknytting til Rennesøy Forbruksforening

³ I tilknytting til Reilstad Landmandslag

⁴ Først hos Rasmus Orheim, sidan Steinnesvåg Handelslag.

I dag er berre 3 av desse tomatpakkeria i drift, nemlig i Stavanger, Østhusvik og Fogn.

VERKNAD AV TOMATPAKKERIA

Oppstart av tomatpakkeria kom i ei gunstig tid. Ei undersøking Johan Vestbø foretok vinteren 1938/39 viste ei lunken og avvisande haldning frå produsentane si sida, medan oppslutninga i 1944 var stor.



Dette biletet viser personalet på tomatpakteriet på Judaberg. Det vart oppretta i 1956 i tilknytting til Finnøy handelslag. Biletet er truleg teke ein gong på 1960-talet. Det viser, frå venstre, Margit Steinnes, Olga Lindaas, Brit (Lauvsnes) Handeland, John Spanne, Sigbjørn Spanne Hadland, Ellen Vela og Åsmund Trahaug, handelslagsstyraren, som også har lånt ut biletet.

Pakkeria tente fleire føremål:

1. Produsentane vart sparte for eit keisamt og trøttande arbeid. Det var ikkje så naudsynt å gjera pakke-arbeidet utover kveldane for å spara nokre øre pr. kg. Det var 4 øre pr. kg. i pakkeavgift. Dertil vart produsentane sparte for reklamasjon og trøttande mas om at sorteringa ikkje var god nok.
2. Føremålet var å få ei einsarta og god sortering og samla større varemengder slik at det kunne by-dast fram større einsarta partier. Dette viste seg å ha sine store føremonar då ein kom fram på 1950-talet, då tomathusbygginga fekk så stort omfang og at det vart turvande å nytta ut heile landet som marknad. (Det var stengt for all import av tomat i sommarhalvåret).

Stavanger og Rogaland var hovudleverandør av tomat og med så store mengder i store einsarta partier, måtte einkvar større grossist eller kommisjonær ha sine leveranser derfrå. Distrikt med små mengder som til sine tider var dekkja til eigen marknad, hadde store vanskar med å få sal utover i landet i over-skotstider. I tider med sviktande tilførsler p.g.a. kaldt ver eller anna, måtte dei frå tilskot frå Stavanger.

Det er grunn til å hevda at tomatpakteria er ein sterkt medverkande årsak til den store marknads-dekninga (ca. 80 % av engros-omsetninga) som Rogaland har pr. i dag (1993).

OMSETNAD – MARKNAD

Omsetnad av produkta var sjølv sagt eit hovudspørsmål. Det er fortalt korleis Rogaland Tomatlag hadde utført eit banebrytande arbeid for omsetnaden av tomater i Rogaland på den tida då dei første tomatene vart modne på Finnøy i 1928. Det gjekk på emballasje, sortering, pakking og sal. Kassefabrikkane var blitt interesserte i å produsera tomatkasser etter dei mal Rogaland Tomatlag hadde kome fram til.

For nye dyrkarar var det i så måte å gå til «dekkja bord». Det var likevel ikkje lett å finna kjøparar. Rogaland Tomatlag og Jåtun Fellessalg tok ikkje i mot nye leverandører og slett ikkje frå bønder og nykomarar på Finnøy.

Finnøybuen måtte gå sine egne vegar. Pioneren Torstein Flesjå kjøpte tomatkassmaterial hos Jåsund kassefabrikk og spikra kassane saman sjølv. Det var elles salet som var problemet. Han tok tomatkassane med seg på «Fabrikkskøyta» (tilhøyrande hermetikkfabrikken i Steinnesvågen) om kvelden til Stavanger, reiste vel gratis. Så overnatta han hos



Omsetnad av produkta var eit hovudspørsmål og ei hovudutfordring i pionertida. Rogaland Tomatlag og Jåtun Fellessalg i Stavanger tok ikkje i mot nye leverandører, og slett ikkje bønder og nykomarar frå Finnøy. Finnøybuen måtte gå sine egne vegar, gjera sine egne kontaktar med marknaden. Johan Vestbø og systersonen Karl Vestbø var årleg å finna på Grønlands torg som tomat-kommisjonærar frå 1936. Dette biletet er teke på Grønlands torg, ei av dei aller første sesongane. Det viser, frå venstre, Karl og Johan. Så er det to Rennesøy-buar som er på besøk, Bjarne Boe og Johannes Helland. Førstnemnde studerte i Oslo. I 1993 fekk 40 tomatprodusentar i Finnøy og Rennesøy melding om at dei måtte finna seg nye grossistar etter at engros-firmaet Johan Vestbø A.s. i Oslo hadde vald å kutta ut omsetnaden av norske tomater. Biletet er teke av og utlånt av Bjørn Ladstein.

ein slektning og neste morgon tok han ut på byen og baud tomatane til forretningar i Stavanger. Han prøvde òg å selja til forretningane i Sauda. Saudabåten hadde stoppestad på Judaberg også på denne tida. Men det var ikkje mykje han fekk levera der.

Betre gjekk det då Torstein Flesjø kom i kontakt med Kristoffer Berg i Bergen og fekk levera til han. «Sandeid», Skjoldabåten, hadde stoppestad på Steinessvåg i ruta til Stavanger måndag og torsdag ettermiddag. Så kunne tomatene skipast til Bergen

med natrutra same kveld. Torstein heldt sambandet med Kristoffer Berg like til krigen braut ut.

Sidan skulle marknaden i Oslo verta vel så viktig. Finnøybuen Johannes Handeland hadde sist på 1920-talet busett seg i Oslo som kommisjonær for sal av gris, vel òg anna slakt, på Oslo kjøtthal. Han blei òg interessert i å selja tomater for Finnøybuane, noko han heldt fram med til 1935.

Som Torstein Flesjå måtte dei andre dyrkarane brøyta seg fram til marknader som best dei kunne. For dei fleste var det å finna mottakarar utanfor Rogaland og då helst i Bergen, sidan spesielt i Oslo.

Som Torstein Flesjå var det fleire som skaffa seg tomatkontaktar i Bergen. I 1933 reiste Nils Gard til Bergen og selde tomater. Men året etter fekk han skaffa seg kontaktar i Bergen som han kunne senda tomater til utan å reisa sjølv. Einar Meling, Talgje, var i Bergen frå Jonsok til siste halvdel av september i 1935. Forutan tomater selde han òg andre grønsaker, m. a. gulerot i bunt til ein pris av 10 øre pr. bunt.

Det er nemnt at Johannes Handeland hadde selt tomater for Finnøybuen i Oslo. Men der var òg andre forhandlarar. Sommaren og hausten 1935 var dei fleire som sende til Gartnerhallen i Oslo og 4-5 dyrkarar hadde meldt seg som medlemmer av Gartnerhallen der. Men for dei fleste var kjøparane i Oslo framande folk. Oslo var langt vekke på denne tida.

Johan Vestbø på Finnøy og systersonen Karl Vestbø reiste til Oslo i juni 1936 og hadde avtale med eindel tomatdyrkarar på Finnøy at dei skulle senda i alle høve ein del av tomatavlinga til dei. Dei to var heimkjende på øyane og fekk tilsendt ganske mykje denne første sommaren. Men med tilhøva i Oslo var dei lite kjende. Då dei kom fram med hurtigruta og hadde lasta opp på ein leigd lastebil vart dei rådde til å kjøra til Youngstorget. Men det passa ikkje så

godt for dei som hadde tenkt å driva kommisjons-handel til større kjøparar. Youngstorvet var for detaljalg. Dei vart sende vidare til Grønlands torg. Den dagen var det snautt med tomater og salet gjekk lett og dei fekk ein god start. Johan og Karl var årleg å finna på Grønland torg i åra frametter.

Olaf O. Østebø, Talgje, hadde hausten 1930 vorte med Daniel Dalaker, Vikevåg i potetfarten på Bergen. Etter eit par år byrja han for seg sjølv. Han leigde seg hybel og lager i Bergen og fekk potetene tilsendt. Olav Østebø var elles medeigar i eit av dei to første tomathusa som vart bygde på Talgje, nemlig i 1932, og forhandla tomatene heimefrå i Bergen.

Olaf Østebø heldt seg i Bergen til hausten 1936. Våren 1937 var han å finna på Grønlandstorget i Oslo som tomatkommisjonær. Dette vart verande yrket hans i over 40 år, til han døydde våren 1978. Sønene tok over og har halde fram i yrket.

Dette at dyrkarane (eller nær familie) sjølv tok kontakt med marknaden gjorde at dei fekk nær forståing for kva marknaden kravde med omsyn til kvalitet, merking, mogningsgrad o.s.b. På slutten av 1930-talet var det ikkje salsproblem for tomater slik det hadde vore til å byrja med. Det melde seg kjøparar nok, men spørsmålet var kven som betalte mest.

Det merkelege var at avsetnaden auka i takt med den store produksjonsauken.

GARTNERHALLEN FÅR AVDELING I STAVANGER

Ovanfor er det skildra korleis tomatdyrkarane i Finnøy måtte finna fram til marknader utanfor Rogaland. Til Jåtun Fellessalg fekk dei ikkje levera. Fleire Finnøybu-er vart etter kvart medlemmer av Gartnerhallen, Oslo.

I mars 1938 kom det i stand forhandlingar mellom



Dette biletet viser Halvard Varland klar til å køyra tomatkassane på kaien i 1938. Han bygde drivhus i 1934. Emballasjen er vanlege 5 kg. trekassar, med påtrykt produsentnamn. Biletet er lånt av Betty Varland, Fogn.

Gartnerhallen (Oslo) og Jåtun Fellessalg om ein samarbeidsavtale. Forhandlingane vart brotne.

Noko seinare på året – i november – tok Johan Vestbø, som i 3 år hadde vore å finna på Grønlands torg, på seg å starta Gartnerhallen, Stavanger, dels på fast løn, dels på provisjon. (Dette vart eit mot-taks- og fordelingskontor. Gartnerhallen var den gongen ikkje utbygd som landsomfattande organisasjon. Det kom først i 1942.)

Året etter – 1939 – var Gartnerhallen, Stavanger, sitt første driftsår. Mange tomatdyrkarar melde seg som medlemmer denne våren, kanskje alt for mange. 1939 var eit rikt avlingsår for alt av grønnsaker, frukt og bær.

Også tomater gav gode avlinger dette året, noko som gjorde at Gartnerhallen, Stavanger, sleit med overskot og avrekningsprisane var ikkje alltid gode nok, samanlikna med konkurrentane. Fleire slutta



«Tomatøyane i Boknfjorden», heitte ein artikkel i Norsk Geografisk Tidsskrift 1963–64, skriva av geografen Aadel Brun Tschudi på bakgrunn av eit omfattande feltarbeid på Finnøy, i lag med studentar. Ho konkluderar artikkelen slik: «Drivhusbruket i Finnøy er litt av et eventyr, startet med Askeladdens kombinasjon av fantasi og realitetssans. Driftstypen drivhuskultur-jordbruk må ansees velegnet under de rådende produktjonsvilkår. Den har forhindret at øyene er blitt tappet for mye av sin ungdom, men har ikke kunnet hindre at befolkningen i etterkrigstiden har stagnert. Dens muligheter er imidlertid ennå ikke uttømt, men de ligger snarere på den indre front, i rasjonalisering, spesialisering og intensivering, enn i fortsatt ekspansjon». Brun Tschudi skulle vel få rett i dette i tiåra frametter. Dette bildet, som viser garden til Torstein Flesjå, vart teke av Brun Tschudi kring 1960. Det eldste drivhuset – bygd i 1928 – var vekke då. Det eldste anlegget ligg elles til venstre i bildet med fleire små drivhus.

derfor som medlemmer alt etter første året. Frå 1940 og utetter i krigsåra blei tomater mangelvare slik som så mange andre varer. Det kom maksimalprisar, rasjoneringsiltak og anna, som er ei sak for seg.

TRANSPORT

Tomatprodusentane sorterte og pakka tomatane sine heime og dei stod sjølv for sendinga til sine mottakarar, anten det var i Bergen, Oslo, Stavanger eller andre stader. Transporten med båt var godt utbygd,

men det tok for lang tid for tomatene i sommarvarmen. Kvar produsent skreiv sjølv følgebreva og køyrde til kaien når rutebåten var ventande. Det kunne då vera heilt fullt på kaien med hestekøyrerøy. Der vart det så å gå til styrmannen med følgebrevboka og han tok følgebrevet og kvitterte. Andre stod for innlastinga imens. Kassane vart lempa ombord ved at fleire mann sto etter kvarandre og lempa. «Dei sto i langen», var uttrykket. Det var ikkje pallar og gaffeltruck den gongen. Rutebåtane gjekk som oftast frå øyane og fjordane om morgonen og retur frå Stavanger om ettermiddagen.

Mange tomatprodusentar søkte å halda kontakt med fleire mottakarar. Då det slik var så mange avsendarar og mange mottakarar blei det også mange følgebrev og like mange, men små vareparti. Notat ved Christopher Østebø i 1935 viser at han hadde 87 ekspedisjonar denne sommaren, med produksjon på 320 m². Året etter var talet 91, men då var det 2 hus á 320 m² på garden.

Varene som skulle vidare frå Stavanger gjekk til Bergen med «nattrutta» kl. 21.00 og ankomst neste morgon kl. 07.00. Til Oslo gjekk «hurtigruta» ca. kl.21.00, til Kristiansand og Arendal neste dag og til Oslo 3. dag kl.07.00. Men utleveringa i Oslo gjekk noko tregt, for flesket skulle lossast først. Tomatene kunne hentast først ved 10-tida.

OPPSUMMERING – KONKLUSJON

1930-åra var pioneråra for drivhusnæringa på Finnøy, tiåret då grunnlaget for denne viktige næringa «kom på plass». Dei første teknologiske stadiene vart tilbakeslagde. Utviklinga gjekk snøgt frå benkerammer til frittberande hus, frå kaldhus til varmhus, frå bering av vatn til innlegging av vatn og anna. Kunnskap vart bygd opp og utvikla.

Bakgrunnen for at næringa slo så kraftig ned nett i Finnøy var eit samanfall av mange omstende. Det var den økonomiske krisa, det var naturgjevne føresetnader og det var hell og lukka. Ein viktig forklaringsfaktor her som i andre samanhengar var elles personleg initiativ og pågangsmot hos dei som tok til. Så utvikla det seg eit positivt produksjonsmiljø. Dei hjelpte og utvikla kvarandre meir enn dei var i konkurranse.

1930-åra og drivhusnæringa endra kulturlandskapet på Finnøy og det endra kraftig dagleglivet til Finnøybuen.

Paul Gard (77) voks opp på Talgje og har følgd utviklinga av tomatproduksjonen i Finnøy frå barnsbein av. Som seksten-åring var han saman med bror sin og bygde eit av dei to første tomat-husa på Talgje. Han byrja i Gartnerhallen, Stavanger i 1942 og var disponert 1943–1983. Artikkelen er redigert og forkorta i samarbeid med Ernst Berge Drange, styraren ved Ryfylkemuseet 1992–1993, nå bygdebokforfattar i Suldal.

Sildefisket

AV OLAV NESHEIM

Med utgangspunkt i tradisjonen frå bestefar sin, Ola Nesheim (1844–1935), gir Olav Nesheim her eit oversyn over 100 års sildefiske frå Ryfylke-øyane. «Det låg mykje arbeid og omtanke bak ein fisketur til nordvestlandet», fortel Nesheim, og stundom kunne det gå litt på skakke heime. Men kva gjorde vel det «når lomdeboka var tjukk av sildepengar etter eit godt fiske ved Skudesnes, Kvitsøy, Bokn og til slutt Kallsmedgrunnen».

Det skogen var for dei indre bygdene i Ryfylke, var sildefisket for øykommunane og dei ytre fastlandsbygdene. At der var eit rikt samspel mellom skogsbygdene og øykommunane, skal eg koma attende til seinare i artikkelen.

Fisket, og då først og fremst sildefisket, har urgamle røter langs Norskekysten. Kor gamle, er det vel ingen som kan tidfesta. Her skal me prøva og gi eit attersyn i tida frå rundt 1850 og framover ca. 100 år. 1850-åra var det framleis seglbåten som var framkomstmiddelt til dei som skulle på fisket.

La oss vera med på ei førebuing til fisket, slik eg har det frå bestefar som levde frå 1844 til 1935.

Det låg mykje arbeid og omtanke bak ein slik fisketur til nordvestlandet. Fiskebåten, ein open båt mellom 22 og 28 fot, måtte vera i topp stand, skulle han duga for reisa. Årar og segl måtte vølast og ettersjåast. Lekasjar måtte tettast, revner i segla måtte saumast og tjørekosten brukast der nytt treverk var satt inn. Og så var det garna då – store hol frå tidlegare bruk måtte bøtast og nye garn bindast.

Det var langt rimelegare å binda garna sjølv enn å kjøpa dei ferdige. Eigen arbeidsinnsats var lite verdsett.

I fyrstinga av februar skulle alt vera klart for ferda nordetter. Fiskeskrinet var fullpakka med flatbrød, smør og flatost. Surmjølkholken var sponsa og stod på plass. Ei fleskeskinke og salt sauekjøtt høyrde også med til ei god utrustning, men slett ikkje alle fiskarane såg seg råd med slik luksus. Det var silda dei fanga saman med anna fisk som laut vera føda.

Lossementa, eller om me skal kalla det morskipet, låg seilklart i hamna. Lasterommet var gjort om til soveplass for fiskarane. 10–15 køyer av det mest primitive slaget var festa til skutesida, og midtgangen gav plass til matskrin og bord. Fiskeklær og støvlar var plasserte mellom køyene. Ved til byssa var på plass og reisa kunne byrja dersom børen var lagleg.

Målet var Kinn, øya i havet vest av Florø. Her gjekk sildastimen heilt under land og fiskebåtane låg og dreiv med garnlenkne ute. Det var berre driv-



Sildefiskarar ved Sjernarøy i 1940-åra. Erik Hagen, Skartveit, Gudmund Eike, Sjernarøy, Henning Sjernarøy og Jakob Vik, Helgøysund. Foto utlånt av Astrid Eike.

garnfiske i sildeåten som ein dreiv. Fiskebåtane var små og 20 mål sild var god last (1 mål er lik 1,5 hl).

Inne på hamna låg lossementa saman med frakteskuter av alle slag. Store sildesalteri tok seg av fangsten og salterieigaren fastsette dei prisane som høvde best for seg sjølv.

Vårsildfisket utanfor Rogalandskysten tok slutt i 1870, og silda synte seg ikkje att før i 1886 på våre kantar. Frå 1870 og framover, etablerte dei mest

ivrige fiskarane seg på Kinn. Dei bygde seg sjøbuer og til og med salterier. Dette vart det mindre trong for frå 1886 og framover når fisket på ny tok seg oppatt rett utanfor stovedøra.

Gamle garn vart sette istand og landnøtene fornya. På ny vart sildefisket ei hovudnæring for øyane våre. Landnøter og botnagarn vart innkjøpte, nye og gamle båtar vart tekne i bruk. Båtbyggjarar fekk ein blomstrande forretning. Store salterier vart bygde

fleire stader på Ryfylkeøyane og arbeidsfolk strøymde til øyane frå heile Ryfylke, og heilt frå Setesdal i sildesesongen. Dei fekk arbeid på salteria. Her kjem sampselet mellom skogbruk og fiske sterkt inn.

Det var tretønner som den gongen vart brukt. Tønner i tusenvis vart laga i heile Ryfylke med Jelsa som tyngdepunkt. Tønnestavhogsten vart ei viktig næring i skogbruket. Det same var hogsten av ung, bein hatl til tønneband og gamlekara smidde tønneband på lange og mørke vinterdagar. Stav og band vart ei kjærkomen attåttnæring for jordbruket i Ryfylke. Det same var bøtkerverkstadane som gav arbeid til hundrevis av handverkarar.

Dette samspelet varte heilt fram til teknikken med ising av fersk sild, som kunne leverast fersk i europeiske hamner pr. dampskip. No vart det fabrikkasjon av sildekassar som tok over bøtkerkunstens handverk.

Fram til første verdskrig og nokre år etter, gjekk saltsilda til Baltikum og Russland. Mange større og mindre segljekter frå Ryfylke gjekk i Saltsildfarten på Østersjøen. Prisen fiskaren fekk for silda rundt århundreskiftet, låg på 3 til 7 kroner målet alt etter tilbud og etterspurnad.

Fram til 1912 var det seglbåtane som rådde grunnen, men ein total revolusjon i fisket kom med motoren. Dette året kom den første motoren i bruk i fiskebåten til brørne Torarin og Kristian Finnesand på Mosterøy. Framsteget var så stort at snart var heile fiskeflåten på øyane motorisert. Nye skøyter vart innkjøpte, dei opne og små båtane vart utkonkurerte og bytte i dekk farty med opphaldsrom ombord. Lossementa og buone på land vart ombytte med ein teneleg effektiv flåte av skøyter som fylgde silda si vandring frå Stadt og sørover langs kysten, og som fiska der silda var å finna.

Det var drivgarn som var mest brukt på nordvestlandet, medan botnegarn var den vanlege brukstypen frå Sunnhordland og sørover. Det seier seg sjølv at det oppfiska kvantumet etter kvart steig sterkt, særleg etter at snurpenota vart teken alment i bruk mellom første og siste verdskrig. Under den første krigen var silda sterkt etterspurd frå dei krigsførande partar og fiskarane gjorde det etter den tids pengeverdi sers godt. Prisen var i 1916 oppe i kroner 50 pr mål og ein heldig fiskebåt kunne fiska for 2000 kr som gav ein etter tida stor lot.

Det å vera med på fisket, var ein sjølvsagt ting for mest alle som på nokon måte kunne. Husbonden, vaksne søner, vanlege arbeidsfolk, stransitjarar, husmenn – alle drog av stad i skøyter og båtar til eventyret langs kysten. Kommunale gjeremål, både på høgare og lågare plan, fekk segla sin eigen sjø til fisket var over i midten av mars. No gjekk det ikkje lenger på mål, men hl, ikkje i tusental, men i millional.

Sildeoljefabrikkane hadde teke over etter dei mange salteria som etterkvart slutta av saltinga. Tønnefabrikkane hadde ikkje anna arbeid enn det som somarfisket av Islandsfisket trong. Hogst av stavtønner og tønneband tok slutt og sesongarbeidet med salting og lossing av sild var ikkje meir. Likevel heldt sildefisket fram som før på øyane og mann av huse drog dei kvar vinter. Heime sat kona, gamle folk som ikkje kunne vera med lenger og born som var for unge til å taka del i fisket. Det var ikkje alltid så greit å halda orden på alt heime på garden. Sauer kom over til naboen og vart borte til husbonden kom heim. Kyr skulle kalva og mannehjelp var ikkje alltid å finna. Hestane skulle ut og springa av seg, og som dei flokkdyra dei er, søkte dei over til naboen. Det var ikkje alltid eigaren fann att hesten sin når han



Sildesalting i Kopervik 1948. Heilt til venstre kjenner vi att Tor Aartun lengst framme og Erling Bjerga bak, begge frå Sjernarøy. Foto utlånt av Tor Ártun.

kom heim frå fisket. Ein annan kjendest ikkje med det dyret som stod i hans stall når han kom heim. Så vart det hestebyte og sauleit då fisket var slutt. Det heile gjekk fredeleg og greit for seg med mykje lått og hyggelig prat. Kva gjorde det vel om det gjekk litt på skakke heime når lommeboka var tjukk av sildepengar etter eit godt fiske ved Skudesnes, Kvitsøy, Bokn og til slutt Kallsmedgrunnen.

I 1929 vart eit merkeår for sildefisket. Då vart

sildesalsetaget stifta. Ein ville ikkje koma opp i elendet frå tidlegare i 20åra, att store mengder med salt sild vart øydelagd på grunn av liten etterspurnad frå den gamle marknaden i aust. Krig og revolusjon skaka dei gamle kjøperlanda og i staden for pengar laut dei byta saltsild med dårlege sigarettar frå Russland. Sildesalgsetaget tok over handelen med sild der storparten gjekk til sildeoljefabrikane for ein pris av 2 til 3 kr pr hl. Det var ikkje til å verta feit av,

men det skule verta verre. I 30-åra var silda mest useljeleg på grunn av tyske mark etter kvart vart verdlause. Ein god del av gardbrukarane gav opp fisket for godt i byrjinga av 30-åra og vende seg mot jord- og husdyrbruk.

Dei som held fram fisket i vonde og gode dagar, fekk eit sterkt økonomisk oppsving i krigsåra 1940–45. På nytt vart silda livberging for land og folk og prisane var gode trass i allverdaz naziføresegner og sterk rasjonering av konsumsilda. Dei fleste på kysten fekk sild gjennom vener og kjende og leid inga naud. Det kunne sjå ut til at sildestimane var sende av høgare makter. Det stod rikeleg med sild langt inn i Ryfylkefjordane, så kvar som helst kunne hausta av havets sølv.

Fisket held fram med garn og not heilt fram til 50-åra då det med eit var slutt. Ringnotflåten fekk skulda men silda har vore lunefull før og vil nok verta det i framtida og trass i regulering og kvoter.

Ein skule tru at når sildefisket tok slutt, ville det føra til store vanskar for øyfolket. Slik gjekk det ikkje. Nye produksjonar ved sida av eit intensivt jordbruk, har ikkje ført til at bortfallet av sildefisket har merkast i så sterk grad som ein kunne venta.

Olav Nesheim (80) er født på Indre Bjerga i Sand, men flytte snart til Bru og har seinare budd der. Han har vore gardbrukar, men har elles vore ordførar og hatt ulike ombod i kommunen gjennom 42 år.

Fisket etter sild og brisling

AV NILS LADSTEIN VESTBØ

Vi har fått ein senior mellom bidragsytarane til å fortelja om fisket etter sild og brisling slik han sjølv har opplevd det og fått det fortalt. Nils Ladstein Vestbø har sjølv vore med på brislingsfisket, og far hans var med i vintersildfisket. «Eg har prøvt å skriva såpass detaljert, for at også folk som er nokså framande for desse gamle fiskemåtane skal kunna forstå så nokolunde korleis desse fiska føregjekk», skriv han.

Kor gammalt vårsildfisket er i landet vårt er det vel ingen som veit noko sikkert om. Men me veit at så langt soga vår går attende, ja endåtil i den norrøne gudelære er det tale om sildefiske. Og når både Gulatingslova og Magnus Lagabøter si Landslov frå 1270-åra gjev retningsliner for dette sildefisket, så er det av gammalt opphav og var viktig for delar av landet.

Av og til gjennom hundradåra har dette fisket slege feil for ei tid. I dei siste hundradåra har silda vore borte i tida 1784–1808 og 1872–1883. Likeeins frå kring 1966 til i 1980-åra då silda etterkvart kom attende.

Frå 1860-åra og til først i 1870-åra då vårsildfisket dabba av her på Sørvest-landet, var det eit godt fiske ved Kinn. Det var mange båtar frå Ryfylke som dreiv garnfiske der. Fiskebåtane i den tida var opne og små, like ned til 30–40 «mål» (1 «mål» = 150 l), og med 4 mann ombord. Det seier seg sjølv at med så små båtar, og berre segl og roing til framkomst-middel, vart det mang ein hard tur. Og det vart då også fortalt at mang ein båt laut søkja land i uver,

dra båten opp og kvelva han over seg for å berga livet. Og ved Kinn var der ingen skjergard som livde utanfor; men så vidt ein veit var det ingen herifrå som omkom.

Dei fleste hadde losjifarty med; men dei fylgdest sjeldan undervegs. Losjifartya med lite mannskap seglde når det var lagleg vind, medan dei låg roleg i vindstilla. Der var også folk her frå Ryfylke som hadde sjøhus der oppe og salta sild, ja, der var endå til gjenter herifrå som var med til Kinn og salta sild!

Andre folk herifrå hadde jakter eller galeasar og førte saltsild til Østersjøen, særleg til Riga. Der selde dei silda og kjøpte ruglast med seg attende til Stavanger.

Men Kinn-fisket var ein overgang. Silda kom attende her sør i 1883, og då vart det på nytt rikt fiske som det før hadde vore. Det var ikkje vanskeleg å få folk med på fiske. Både husmenn, ungdomar og «austmenn» vilde gjerne på vårsildfiske. Difor rusta folk som hadde bra råd ut fleire båtar, sume 2–3, einskilde opptil 5 båtar, og skaffa på den måten plass til kring 25 mann.

STORT FRAMSTEG DA MOTOREN KOM

Før 1905 var det svært få fiskefarty som var motor-drivne, og då motordrivne båtar slo gjennom, vart det ein heil revolusjon for fiskeflåten. Ikkje berre vart det mykje lettare å ferdast med båt enn då ein var avhengig av veret med arbeidsam roing og segling, men også fekk motorkraft til spel, rull og etterkvart andre operasjonar under fiske. Men ikkje før kring 1915 var alle farty motordrivne.

Til botnagarnfiske, som var det vanlege her på våre kantar, vart det brukt ein del mindre motorskøyter; men det vanlegaste var fiskebåtar som tok 40–60 mål sild.

Mest på same tid som dei fekk motor i fiskebåtane vart det vanleg med hytta framme på dei. Då fekk dei også losji for mannskapet, og det var eit stor framstig mot å ha losjifarty, oftast saman med andre båtlag. Vanleg mannskap på ein fiskebåt var 5 mann.

Til vanleg tok fisket til kring 1. februar, stundom noko tidlegare. Ja, kring 1850 hende det at dei tok ut på fiske mellom jul og nyttår. Og i den tida var det vanleg at dei losserte i land. Dei fleste låg på kalde sjøhuslemar og andre dårlege losji der dei ofte vakna om morgonen kvite av snø som hadde drive inn gjennom utette tak og vegger.

Men etterkvart fekk dei losjifarty som dei budde ombord i. Det var seglskuter av ymse slag som lite eigna seg til fiskefarty. Det var ofte mannskap frå 2–3 fiskebåtar i lag, og då hadde dei oftast losjiet i nærleiken kvar dei for.

I gamal tid hadde dei rull på æsinga som dei drog garna inn over. Seinare gjekk dei over til rull med drev som ein mann snudde, og det letta arbeidet mykje. Dei fire andre tok seg av garna og «joka» av silda dersom dei vann på det.

Vanlegvis heldt kvar mann sju garn, 35 i alt på

båten. Desse 35 garna vart delte i 7 setningar, 5 garn i kvar. Forutan kork var glaskuler, innbundne i posar, feste til flåen for å halda den oppe. Langs auren oftast stein i band. Kvar setning hadde sine ilar og kagge, oftast kvitmåla for å syna godt att. Og kvart lag hadde også sine merke, også eit kommunemerke. Eg minnest Finnøy hadde «No 3». Oppsynet kontrollerte m.a. merkinga. Ein mann herifrå vart teken for umerkte garn. «Inkje merke er og eit merke», sa han, men fekk ikkje medhald av Oppsynet.

Under første krigen fekk alle båtar utlevert registreringsmerke som dei leverte inn ved slutten av fisket. Men dette vart kring 1920 avløyst av permanente nr, og bokstavar for kommune og fylke.

SILDA GIKK INN ULIKE STADER LANGS KYSTEN

Tidleg i fisket gjekk silda oftast høgare i sjøen, og då sette dei garna også høgare oppe, og seinare vart dei sette ned mot botn, og garna som vart brukte her var «botnagarn» i motsetnad til «drivgarn» som vart brukte lenger nord når silda var på veg inn til land eller ferdast sørover.

Kvar morgon, så snart det ljosna litt, gjekk garnflåten ut på feltet, og då galdt det om å finna att sine eigne garn straks. Fangsten kunde ymsa mykje, fra «svarte garn» til «staurgådde». Stundom kunde dei vera sette så dei kryssa kvarandre, og då kunde det ofte verta sjau og fælt munnbruk. Av og til vart to lag einige om å skjera av lina eller garn når det vart for mykje ugreida; men då hende det rett ofte at dei aldri såg att den eine parten.

Sume år var silda sein før ho kom sørover, og då kunde det henda at fiskarane laut heilt nord til Hiskjo eller Espevær for å finna henne; men vanlegvis roa ho seg og gytte på vestsida av Karmøy eller ved



Halsnøybuar på sildefiske ved Vestre Bokn ca. 1930. Foto utlånt av Andreas Skartveit.

Kvitsøy. Der var det ofte så mykje sild som gytte at sjøen vart meir og mindre grå eller kvit av rogn og mjelke, og fisket kunde vera i vekevis. Sume år gjekk silda sørover langs Jæren like til Eigersund. Andre år gjekk ho innerter ved Bokn, av og til like til Toftøy.

Særleg før fiskeflåten vart motorisert kunde det vera eit hardt liv å vera på sildefiske. Det vanlege var då at dei åt godt til morgons, og så arbeidde dei heile dagen utan mat før dei kom i hamn om kvelden. Men då det leid så langt at fisket for det meste

føregjekk frå fiskebåtar med motor og hytta vart det noko heilt anna. «Og då termosflaska kom var det reine lystturen mot første året eg var på fiske i ein båt utan motor», fortalde ein gamal mann meg for mange år sidan.

Å SEGLA MED SILD

Det var ikkje berre fiskarar som var ute etter silda. Frå gamalt av var der mange farty som var ute og kjøpte sild av fiskarane, førte til byar og andre sta-

der der dei salta sild, i seinare år også til hermetikfabrikkane, der dei hermetiserte silda til «kippers».

Etterkvart som motorane fekk innpass vart denne flåten meir effektiv, men det vart framleis kalla «å segla med sild». Der var også ein del mindre dampbåtar som var med i denne «seglinga».

Under første krigen var brenselolja strengt rasjonert, så då hadde alle farty segl i tillegg til motor for å spara på olja og auka farten. Då dukka det også opp eit nytt fenomen. Både Engalnd og Tyskland tøygde seg langt for å få sild. Dei hadde også kontroll over brenselolja og over saltet. England leverte «kvitt» salt (spansk sjøsalt) og Tyskland «svart», t.d. Brådland og Nøitral. Storparten av silda vart salta og eksportert, og då var ho anten «kvit» eller «svart».

Ikkje lenge etter snurpenota var oppfunnen i USA for nær 100 år sidan, kom ho i bruk på sildefisket her hjå oss. Etterkvart ovetok snurparane meir og meir av fisket, og nå til dags med mange tekniske nyvinningar når det gjeld fiske, så har det gamle garnfisket etterkvart vorte rasjonalisert bort. Men for mange eldre folk her i Ryfylke er det gamle vårsildfisket eit levande minne frå yngre år.

Lenge før jul tok førebuingane til. Det var ikkje berre for mannfolka med vøling av garn og anna utstyr. Nei, kvinnfolka tok tidleg til med spøting av svære fiskevetter med to «tomlingar» på, og dei kunde vera urimeleg lange, kring halvmeteren, for dei «tøvdest», så mykje att etter noko bruk kraup dei inn til å verta passelege «sturevetter». Og mykje anna laut til. Mange fekk med seg store mengder heimsteikte brød med mykje poteter i. Då heldt dei seg mjuke.

I 1920-åra vart det bygd mange store betongkummar til salting av sild, også her på Finnøy var der

nokre av dei. Silda vart salta i store mengder i desse kummane; men når det leid utpå våren vart det arbeid for mange kvinner med «nipping» av sild og meir og mindre laglegging i tønner. Storparten av denne silda vart eksportert til Russland, Polen og andre auststatar.

Men etterkvart voks sildoljefabrikkane fram til å verta den største avtakaren av sild. Dei produserar olja og sildemjøl i store mengder. I seinare år har dei teke store mengder også av mange andre fiskeslag. Men det har ofte vore mykje klaging på miljøet kring desse fabrikkane – sikkert ikkje utan grunn.

BRISLINGFISKET

Brisling har vore fiska både her i Ryfylkefjordane og elles i dei fleste fjordane nordetter Vestlandet og delvis austover til Oslofjorden langt attende i tida. Forutan som fersk vart han salta og nytta til mat på ymse måtar. Frå 1840-åra vart brislingen, dersom han var stor nok, ein etterspurd fisk til «krydding», og hit til Ryfylke kom det om haustane svenskeskøyter og kjøpte opp brisling som dei krydda til ansjos.

Fisket føregjekk med landnot og ofte vart fangstene større enn der var avsetnad for, og då vart over-skotsfisken oftast lagt i kompost til gjødsel.

Først då hermetisering til «sardiner» tok til vart avsetnaden større, serleg etter falsemaskinen og autoklaven kom i bruk. Det var Stavanger som vart «hermetikbyen», og namn som Chr. Bjelland & Co., Stavanger Preserving Co. og ymse andre vart verdskjende.

Frå gamal tid var landnota kjend og brukt som viktigaste fangstreidskap for brisling. I Amerika var snurpenota oppfunnen kring århundreskiftet. Her heime hadde dei fått snurpenota til å verka på sildefiske litt seinare; men på brislingfiske var det verre.



Opptak av småsilde ved Steinnesvåg i Finnøy 1928. Mottakaren, fabrikkkeigar Meland, står sjølv med ei kvit åre til høgre i bildet. Elles ser vi Rasmus Steinnes heilt til venstre, Torvald Kindingstad noe lenger bak, Ivar Stang til venstre i andre rekka av folk, Børre Kindingstad framme i midten, Eivind Steinnes Hesby ved sida av fabrikkkeigar Meland og Tore Hesby heilt til høgre. Foto utlånt av Tore Hesby.

Den første som fekk det til var Finnøy-buen Tobias O. Landa i 1908 etter eit par års prøving. Og alt i 1910 var der mange brislingsnurper i bruk, og då vart det stor auke i brislingfangstene.

Ei snurpenot for brisling var kring 180 famnar lang (ca. 350 m) og kring 40 f. (ca 75 m) djup. Langs flåen (øvre kanten) var der mange store flåkorkar til å halda nota flytande, og langs auren små blylodd til å søkkja auren fort ned. Under auren hang der i

«haneføter», ringar av metall (ca. 15 cam diam. innvendig), til å la snurpelina (i seinare tid snurpewiren) gå gjennom.

Nota låg fint samanlagt på dekket av notskøyta, ei litt større motorskøyta. Eine «øyra» (enden av nota ved flåen) ligg ut over sida på skøyta og er fest midt på sida av ein notbåt. Denne båten ligg ved sida av skøyta og er fest til henne slik at han kan løysast frå på «ein blunk».

HEKTISK NÅR NOTA GJEKK UT

Under leiting etter brislingen ror to båtar, den eine med basen ombord, og den andre med ein annan kunnig mann, og «loddar» etter brislingen. Loddaren firer eit blylodd i messingstreng ned i sjøen så langt at ein er sikker på å koma under ein ev. brislingstim med loddet. Loddaren står bak i båten og held strengen vanlegvis over innsida av peikefingeren på høgre handa som han held ut over æsinga på høgre («styrbord») side, medan ein mann, oftast ein unngut, ror etter som han vert dirigert. Dei to loddebåtane ror eit lite stykke frå kvarandre og kjenner etter om strengen kjem borti fisk. Notskøyta går sakte litt bak og til sida så dei kan følgja med i alt. I «øyraabåten» på sida er ein mann på plass, klar til å løysa «øyraabåten» på ein blunk i tilfelle kasting.

Treffer loddarane brisling blir det svinging rundt for å prøva å finna ut kor vide fisken står, og kor han står tettast. Når dei har gjort seg opp ei meining om det, og om nota skal ut, gjev basen teikn til kasting (ev. ropar), og då høyrest det straks på motorduren at farten brått vert sett opp til fullt når nota skal ut, og det vert utløyst når øyraabåten blir løyst frå skøyta og legg seg på tvers av fartsretningen, og dermed dreg han ut noko av nota. Nota går då ut av seg sjølv etter kvart som skøyta går. Skipperen lyt passa på å få god fart og styra skøyta etter som basen dirigerar, og han lyt samtidig passa på å vera framme ved øyrebåten straks heile nota er gått ut. Er han for sein får dei ikkje «stengja» fisken, og er han for tidleg framme kan dei missa mykje, kanskje all fisken.

Under kastinga står ein mann ved auren og passar på at den går fint ut, og minst ein mann ved flåten og ser til at den ikkje hengjer seg fast i noko. Ein tredje står ved snurpelina (seinare snurpewiren) og

ser etter at lina går gjennom ringane som heng innpå ein «bøyel» der dei går av etterkvart som nota går ut. Komen fram til øyraabåten var det ombord med øyra, og så vart det til å snurpa så snart råd var. Då kom dekkspelet i gang, ein mann tok seg av «spelingen» og ein annan kveila opp lina (snella opp wiren). Straks øyra var ombord laut også ein mann «skimla» for å unngå at fisk kom ut før nota var samandregen ved snurpinga.

Basen rodde tidleg inn i stenget for å kontrollera ved lodding, stundom også med vasskikkert, om ein hadde fått brislingen, og etter ei stund kunde han som regel seia så nokolunde kor mange hundre, ev. tusen, skjeppe dei hadde fått. Som ein vil forstå, var det hektisk for alle når nota gjekk ut, og då var det viktig at alle var på plass og visste kva dei skulle gjera.

Når snurpinga var ferdig var det opp med rullen på skøytesida, og det var tid til å ta inn («kava») nota. To mann på rullen, ein la auren, og eit par flåen, og oftast 4 mann «i busset» og la dette etter kvart nota kom inn. Dette pågjekk til basen varskudde at resten trong ein til «pose». Var det bomkast vart heile nota teken opp.

STENGET BLEI SLEPT TIL LANDS

Etter å ha trengt nota så ein hadde passeleg pose att var det «fylgjaren» (som regel ei litt mindre motorskøyta) si oppgåva å slepa notskøyta med posen ute til lands så ein kunde setja stenget i lås. Den slepinga gjekk føre seg ved at fylgjaren slepte notskøyta med posen på tvers inn til lands. Sjølv sagt gjekk denne slepinga seint, og måtte gå seint, elles kunne ein missa heile stenget, så slepinga tok oftast fleire timar.

Ein prøvda alltid å slepa stenget inn til ei lun vik

eller våg så sant det var råd, elles kune ein missa det dersom det vart uver. Stengenot vart sett ut før slepet kom inn, og straks ein kom inn med det, vart det overført til stengenota. Låsen fekk vanlegvis 2–3 kaggar som heldt nota oppe. Kaggane vart sikra med tau med ilar (oftast stein) i enden som sytte for at nota ikkje rak saman.

Brislingen laut stå i lås i 5–6 dagar så «raudåta» gjekk or han; for brisling med raudåta kunde ikkje brukast til hermetikk. I vinterhalvåret ver der ikkje raudåta, så då tok ein opp etterkvart.

Opptakinga var oftast utpå natta; for førslebåtane skulde koma fram til fabrikkane tidleg om morgonen. Var det lang føring kunde det ta lang tid, og opptaket måtte retta seg etter det. Ved opptaking kasta ein inne i låsen med ei orkastnot. Den vart «turka opp» og fisken kom inn i båten (stor føring) over æsinga. Når båten var lasta, låg nede til æsinga, rodde eit par mann roleg ut til førslebåten. Der vart fisken håva opp i skjeppe (20 l) og tømnd i kassar,

ei skjeppe i kvar kasse, og dei vart opplødde etter kvart.

Frå gamalt av var det mindre dampbåtar, m.a. Alpha og Victoria som førte brisling, seinare vart det store motorkutterar med god fart. Serleg Chr. Bjelland & Co. hadde mange av dei.

Dei største fabrikkane, t.d. Chr. Bjelland & Co., «Mannen med fisken» (Eit av dei mest kjende norske varemerke), Brådland, med kvitebjørnen på raud botn, og Stavanger Preserving Co. dreiv direkte innkjøp sjølv, medan dei mindre gjekk saman i innkjøpslag m.a. Nøitral, Brislingcompaniet, Brislinglaget av 1914 (kalla 1914) o.a. Alle hadde sine flag som også fiskeskøyter og førslefarty førte.

Nils Ladstein Vestbø (86) har sjølv vore med i brislingfisket, men har elles drive gard i Steinnesvåg på Finnøy. Han var ordførar i Finnøy 1960–1971 og har elles skrive ei rekke artiklar. Han blei premiert som ein av dei seks beste i landssamanheng i minnekonkurransen for eldre som Nasjonalforeningen for folkehelsa og Landslaget for bygde- og byhistorie baud inn til i 1980.

Brisling og sild ga mat og penger

AV HALVDAN MAGNUS HANSEN

Ein kjem raskt ut på gyngande grunn når ein går inn på begrepet øykultur meiner Halvdan Magnus Hansen etter å ha intervjuet Ådne Berge om fisket i fjordane. Kva skil leveviset på øyane frå leveviset innover i fjordane, spør han. Kanhende var ikkje øykulturen så ulik fastlandskulturen, og fellesnemnaren var sjøen og fisket. Sjøen har vore ein viktig ressurs i Ryfylke. Fisk var viktig i naturalhushaldninga, som byttmiddel mot andre varer og etterkvart også i bytte mot klingande mynt.

Ådne Berge på Forsand, fødd 1910, tente sine første kroner på silda allereie som 12-åring. 15 år gammal var han på vinterfiske for første gang. To år seinare hadde både han og faren kvar si skøyte, og han minnes med glede både fisket og miljøet, særleg sin første tur i 1922:

– Det var midt under høyonna i juni måned at det kom rop om brisling i Lysefjorden. Far, Reinert Berge, var notbas og hadde bruk saman med brørne sine. Han kalla saman folk, men det var ikkje mange nok til notlaget og eg fekk ordre om å bli med.

– Vi sette innover fjorden og eg fekk beskjed om å gå i hjelpebåten og starte opp fyringsmotoren. Det var første gang eg gjorde det, men fekk det til og «vaks» der eg sto på ei kasse for å nå opp til vindauget i styrhuset. Det var landnot vi hadde og eg blei dirigert til å seile inn mot land etter at vi hade ringa inn brislingen. Det var eit stort kast og eg klarte jobben min, noko eg fekk belønning for på hausten, da eg fekk full lott for innsatsen min. Eg var med heile den sommaren, til eg måtte på skulen igjen.

– Heile farsslekta mi var fiskarar, men mor likte ikkje at eg også skulle slå inn på den vegen. Helst ville ho at eg skulle bli lærar eller tømmermann. Eg blei tømmermann til slutt, men det var først i 1949. Ho syntes nok far var var mykje borte på fiske og ville at eg skulle vere heime.

MANGE NOTBRUK I HØGSFJORDEN OG LYSEFJORDEN OG MYKJE FISK

Brislingfisket var eventyrleg i Høgsfjorden og Lysefjorden, minnest Ådne Berge, og det var mange bruk; i Vika, Hamn, to i Bergevika, Fossanbruka og Gøysa-bruket, på Oanes og fleire både lenger utover og innover i Høgsfjorden.

– Vi kunne stå på land og sjå korleis sjøen svartna. Rett ned for oss på Berge i Lysefjorden var det ein terskel kor brislingen og silda blei pressa opp. Når vi såg korleis det kokte var det berre å sette ned til båtane og innetter fjorden. Det var slett ikkje alle som greide å lure silda og brislingen, men far kjende fjorden betre enn dei fleste og fekk mange store fangster.



Mannskapet på sildesnurparen «Feistein» 1924. 1. rekkja frå venstre: 1. Båtsm. Tingvik, Stvgr. 2. Olav Skavland, Rossavik. 3. Henrik Sagen, Jelsa. 3. ? Hebnes, Jelsa. 5. Notbas Reinert Berge, Forsand. 6. ? Hebnes, Jelsa. 7. Aksel Rossavik, Forsand. 8. Sigurd Hebnes, Jelsa. 9. Norvald Espedal, Oltesvik. 2. rekkja frå venstre: 1. 1. ste. maskinist ? frå Stvgr. 2. 2. dre. maskinist ? Wüig, Stvgr. 3. Torvald Gjose, Forsand. 4. ?Hebnes, Jelsa. 5. Olav Songesand, Forsand. 6. ? Frafjord. 7. Hersleb Kommedal, Frafjord.

– Det var og ei heilt spesiell sild som gikk inn i Lysefjorden, rund og blank i motsetnad til silda i Høgsfjorden som var mykje mørkare. Brislingen forsvann da den kom, men vi gjorde ofte gode kast som vi drog til Stavanger med. Vi seilte da inn med skjøtta og var gjerne i Stavanger i tre-tida på morgenen og leverte lasta til vår faste kontakt på Torget.

EIN MÅTTE KJENNE FJORDEN

– Før ein slik bytur ein gong sa far, at var han ikkje utenfor Bergevika da vi kom tilbake skulle vi dra innover fjorden. Vi meinte at det kunne da ikkje være naudsynt, sidan fleire lag hadde vore innover utan å få noko. Jamvel hadde eit notlag frå Kvitsøy sagt at dei hadde søkt fleire dager i fjorden og det



Bilete teke i Ystebøhavn, Kvitsøy i 1917 under vårsildfiske. Frå v. Ivar Rossavik, Sverre Bergsholm, Anders Bergsholm og Ludvig Egeland.

einaste dei såg var ein kval, men han var så sulten at dei måtte kaste ut noko mat til han. Men da vi kom tilbake frå byen, var ikkje far å sjå og vi måtte seile innover. Og utafor Geitaneset fann vi han med full landnot. Andre gonger kunne vi søkje i timevis utan å sjå noko, men plutselig var det noko der – ein fugl eller noko anna – som far såg og der var og fisken.

Far var god der. Han hadde sine merkjer. Det må vere flo og fullmåne eller nymåne, eller andre teikn, men det stemde. Han sa til meg ein gong at sildefi-

skar kunne eg bli, men ingen brislingfiskar. Det hadde med dette å kjenne teikna å gjere. Og det var ein del overtru i samband med fisket. M.a. måtte du sne båten med sola, ikkje mot for det tyda ulykke.

FASTE MOTTAK I STAVANGER

– Kwart bruk hadde ein fabrikk å levere til i Stavanger. Dei på Meling leverte t.d. til Bjelland, Gøysa til Standard osv. Vi leverte til Brislingbørsen, som eigentleg var mange småbedrifter. Kvar fabrikk



Sildesnurparen «Feistein» 1925. Frå venstre: 1. Notbas Reinert Berge, Forsand. 2. Hersleb Kommedal, Frafjord. 3. Rasmus Hølleslid, Forsand. 4. Ragnvald Hølleslid, Forsand. 5. Stuernten, ukjent. 6. Rasin, Frafjord. 7. ? Hebnes, Jelsa. 8. Norvald Espedal, Oltesvik. 9. ? Hebnes, Jelsa. 10. Syvert Bergevik, Forsand. 11. Svein Rettedal, Forsand. 12. Sigurd Hebnes, Jelsa. 13. ? Hebnes, Jelsa.

hadde sitt flagg som vi hadde i toppen av masta på båtane. Hos desse fabrikkane kunne vi og få økonomisk hjelp til investeringar om vi trengte det. Eg hugsar far irriterte seg over båtane med snurpenot som kunne fiske ute i fjorden, mens vi mått inn til land med nota. Han gjekk opp på Brislingbørsen og fekk pengar i handa til ny not og båt med det same. Ein var avhengig av kvarandre...

SJØEN VAR TREFFSTADEN

– På vintaren var det å dra på fiske etter vintersilda og vi drog langt avgårde, fleire ganger heilt opp til Florø. Det var hardt og ein kom ut for mange dramatiske episodar. Fra vår til haust var det fiske etter sild og brisling i Høgsvfjorden og Lysefjorden. I dei gode åra var det svart av både sild og folk i fjordane og det kunne vere trangt om plassen i t.d. Frafjord

når silda var trengt opp mot land og skulle opp i båtane. Det var hardt arbeide som gikk føre seg frå midnatt natt til måndag og heilt fram til midnatt natt til sundag.

– Da helga kom la båtane til land i Bergevika og det var stor ståhei og liv med folk, musikk og dans på sokkeleisten... og jentelått!

– Ein og annan fann nok ei kone ved desse land-ligga, både her og oppover langs landet under vår-sildfisket.

Notbasane var ofte spesielle typer, minnest Ådne:
– Dei kunne stå i ring på sundags formiddagen og skjelle kvarandre ut, men like etter var dei like gode venner igjen. Eg hugsar mellom andre Herman Holgersen frå Kvitsøy som ein stor personlegdom. Det var mange artige typar blant fiskarane og ein blei kjend med mange både frå Ryfylke og stader lenger oppover langs kysten.

KLINGANE MYNT I NEVEN

Dei fleste som kunne deltok i fisket, både bønder og ungdom, og det kunne verkeleg bli pengar av det:

– Eg hugsar under krigen at vi hadde gjort heile 112 000 kroner ein haust, og pengane blei lagt ut over bordet. Her var det også ein 5000-kronersetel som ingen hadde sett før, og ein av dei som var med på laget spurde om han fekk halde den. Ja, sa far – den kan du halde, for den er din, og meire skal du få... Det var ei gjev stund...

ALT HAR SIN ENDE

Det skjedde etterkvart ei stor utvikling med båtar og utstyr, og det var ein stor letnad da nylon-nota kom på markedet. Men da var det slutt med fisket for Ådne Berge. Han selde bruket i 1949, året før nylon-nota kom. To år etter var det ikkje avsetnad på dei gamle nøtene i det heile. no var det kraftutbygginga i Flørli som lokka, for Ådne blei det tømmermannsarbeide på Forsand. Utover i 50-åra var det og slutt for dei fleste med både brisling og sild.

– Både silda og brislingen er svært var for endringer seier Ådne, og kjem med døme på korleis fisken forsvinn ved endringar på botn i samband med sanduttak og anna. Han engasjerte seg da også sterkt i samband med plassering av bru over Lysefjorden, for å bevare terskelen i munningen urørt, nettopp med tanke på brislingfiske, som enno er rikt i Høgsfjorden og Lysefjorden, om enn ikkje som i tidlegare år.

Halvdan Magnus Hansen (40) har vore kultursjef i Forsand siden 1986. Han er født i Larvik og har tatt humanistiske fag på distriktshøgskolen i Volda og studert ved kulturarbeidarlinja ved distriktshøgskulen i Bø. Tidlegare har han arbeidd som journalist og lærar og skrive fleire artiklar for tidsskrift og aviser om kulturhistoriske emne.

Seilsluppetiden på Kvitsøy

AV JAN A. HOLGERSEN

Kring 1890 blei dei første seilsluppane kjøpte heim til Kvitsøy. Dei blei kjøpte frå England da engelske nordsjøfiskarar gikk over til dampdrivne fartøy. Fram til kring 1925 var ei rekke av desse fartøya i eiga til kvitsøybuar. Her blei dei rigga om til frakteskuter og brukte til fart på Austlandet. Bestefar til forfattaren var ein av dei som tidleg fekk vera med ombord på ein slupp, og som seinare fekk sitt eige fartøy.

Når det gjelder grunnlag for bosetning, økonomisk vekst og trivsel på Kvitsøy i eldre tid, så er det vårsildfisket som står som nummer en her.

Alt i 1146 fikk fiskerne på Kvitsøy Pave-brev om at de kunne få fiske på søndagen. Og i 1857 fikk Kvitsøy telegraf på grunn av det store vårsildfisket.

Men sildens vandring var lunefull, og det fikk Kvitsøy erfare fra 1870 og fremover til første verdenskrig i vårt århundre. Da opplevde Kvitsøy et eventyrlig sildefiske og England betalte skyhøye priser slik at ikke Tyskland, som de var i krig med, skulle få sild.

Men tilbake til nedgangstidene fra 1870. Så langt jeg kjenner til opplevde ikke Kvitsøy amerikafeberen i stor stil. Noen reiste og noen kom tilbake. Men de fleste prøvde å gå nye veier den tiden de ventet på at vårsilda skulle komme igjen.

Og her er det at det som vi kan kalle for seilsluppetiden kommer inn.

KJØPTE SEILSLUPPAR I ENGLAND

Den første seilsluppen som jeg kjenner til var «Vishna». Den hadde det engelske registreringsnummeret

– LT 521 –. Av det ser vi at den kom fra Lowestoft på den engelske nordsjøkysten.

Min bestefar, Hermann Holgersen fortalte at han var med «Vishna» på Island da han var 15 år. De saltet torsk. Hermann var født i 1878 så da var han med til Island i 1893.

Det var en gunstig tid å kjøpe seilslupper i England da. For omtrent på den tiden begynte engelske nordsjøfiskerere å gå over til dampdrevne fartøyer, og mange av de seilende sluppene deres ble solgt til Norge. En Kvitsøybu sendte følgende telegram hjem: «Alt vel, har kjøpt skipet, send min sønn Ole».

Sluppetiden var heller kort, men likevel viktig, la oss si den varte fra ca. 1890 til 1925. Av Kvitsøybuer som hadde slupper, var de fleste fra Leiasundet. På Kvitsøy ble sluppene rigget om til frakteskuter og så for de til østlandet. Der kjøpte de trelast av forskjellige slag som de igjen solgte på bygdene i smått, eller til trelasthandlere i Stvanger og Sandnes.

Ikke alle handlet med trelast, noen drev vanlig fraktfart. Det er blitt fortalt at etter århundreskiftet var det såpass mange av disse sluppene at det var



Johannes Holgersen (1885–1914), skipper og eigar av seilsluppen Glimt. Foto utlånt av Jan A. Holgersen.

vanskelig om plass da de lå til ankers i Leiasundet, som ellers er en stor og romslig havn.

Et ønske for Kvitsøy-ungdom i den tiden var nok ofte å få egen fiskebåt. Men det var småtteri mot å få seg seilslupp, for da ble en mer regnet for skipper og kunne fare langs sørlandskysten og bli noe til handelsmann.

En trengte nok noe kapital til denne driften, men

materialene var billigere i de dager. En kunne rundt 1908 få kjøpe fine vrakbord, 1 toms tykke og 7 tommer breie, samt passe lange til kr. 4,75 for tylvta.

GODE INNTEKTER FRÅ SLUPPEFARTEN

Sluppetiden førte med seg gode inntekter for Kvitsøy, men var også kontaktskapende i en tid da folk ellers var nokså bundet til hjemstedene.

Under utsalget rundt i bygdene fikk en «drøse» med folk og bli kjent med folk.

Øg fra øst- og sørlandet førte de hjem ikke bare materialer, men flere fikk seg dyktige og vakre koner derfra. På Kvitsøy var der skipper-koner både fra Lyngør og Korshavn.

Størrelsen på sluppene var fra 100 tonn dødvekt og nedover, og fra 20 til 40 standard trelast. Det var fra våren, mars–april og til oktober–november at østlandsfarten gikk for seg. Var det slakke tider, kunne nok noen skifte over til dorgfiske etter makrell i Nordsjøen. Det var på Store fiskebank, Doggerbank og helt ned til danskekysten en fisket makrell.

Om vinteren lå de fleste sluppene i opplag. I vårsildfisket kunne en og annen prøve å drive eller å frakte sild, men de fleste sluppene ble brukt som lossementer (bolig) for sildefiskerne.

Seilerne brukte å gå barlast på østveien. Det var gråstein hentet i Kvitsøystrendene. I de siste årene var strendene så rensket for stein, at en heller måtte langveis for å finne stein.

Skulle en østover, ventet en på nordavind. Det var umulig å forsere Jæren og Listalandet i sønnavind, for da rant strøm og vind den samme veien.

Ventetiden kunne av og til bli lang, men den brukte sluppe-eierne til å sette fartøyene i god stand. Barking av seil gikk for seg på land. En la dem på



Leiasundet på Kvitsøy ca. 1916. Såddebruket til Herman Holgersen med fleire forhalar ei brislingnot frå 1909. På bildet frå venstre: Herman Holgersen, bas, Ole Knutsen, annanbas, Karl Knutsen, Torger Tolleifsen, Nicolai Hviding Holgersen, bror til Herman, Nicolai Holgersen, son til Herman, Magnus Nordbø, Trygve Meling, Laurits Dalaker, Lars Holgersen og Henrik Holgersen. Henrik var yngstemann ombord og difor, etter tradisjonen, kokk. I bakgrunnen ser vi seilsluppene til brødrene Herman og Johannes Holgersen. Den kvite er Hope som tilhørte Herman, den andre er Glimt som tilhørte Johannes. Foto utlånt av Jan A. Holgersen.

bakken, og brukte en blanding av bark, katteko, tjøre og talg som ble smurt på seilene med sammenkrymte fiskevotter, spikret fast på en stokk.

Skulle en hjemover kunne en nok forsere kysten også i mtovind, når det bare var tålig vær til det.

Turen østetter og kjøp av materialer var nok noe av et sjansespill. Var en riktig heldig med vind og

kjøp, kunne en ta turen på en uke. Han som hadde rekorden her, var Hermann Holgersen med sluppen «Hope». Han seilte som regel til Kristiansand, og hurtigste turen gjorde han på 4 dager tur/retur. Og det utrolige, aldri mer enn 14 dager. Ellers var det vanlig med både tre og fem uker på turen.

I de årene som dette varte, så var der ikke et eneste

forlis eller større havari, men mang en rusken tur med spenning for både liv og last.

DRAMATIKK MED «GLIMT»

Den mest dramatiske turen med en seilslupp jeg kjenner til hadde Johannes Holgersen med sin slupp «Glimt», da han seilte den over fra England til Norge oppunder jul 1908.

Han var min fars onkel og bror til Hermann som hadde «Hope». På turen over med «Glimt» kom de ut for et forferdelig vær. Det blåste opp til storm, og med sterk kulde. De tre mennene ombord på «Glimt» ble dyvåte av sjøsprøyten som la seg som is over alt.

Turen varte lengre enn beregnet, og hjemme på Kvitsøy satt familiene til de tre og ventet. Snart trodde de sluppen hadde forlist, de hørte stormen og kjente havet. En gutt som ble født på den tiden ble kalt Johannes etter kapteinen på «Glimt», slik at navnet skulle føres videre.

Men så gikk det altså slik vi helst ønsker det skal gå. Da familien var samlet til juleselskap kom sluppen seilende inn Leiasundet. Det var så mye is på båten at de måtte hogge is i tre dager før de fikk ned seilene. Det som hadde berget mannskapet på «Glimt» var at det var en liten Donky-kjele ombord. Her fikk de varme seg slik at de ikke frøs ihjel.

Så «Glimt» ble nok litt spesiell. Bare den ble reddet ut av storm og frost, og kom hjem til et juleselskap.

Mot slutten av sluppeperioden var det noen som fikk installert motor. Ole Bentsen var først, med «Adventure» som ble solgt i 1925.

Fra den tiden kan en regne sluppetiden i Kvitsøy for slutt. Fra 1910 og fremover er det brislingsnurpenøtene som overtar.

SLUPPER I KVITSØY

De eierne og sluppene jeg kjenner er følgende:

VIBA, Bernt Bentsen, Leiasundet
MARIA, Jacob Bentsen, Leiasundet
ADVENTURE, Ole Bentsen, Leiasundet
STRIVE, Johannes Bentsen/Oscar Nordbø, Leiasundet
HOPE, Hermann Holgersen, Leiasundet
GLIMT, Johannes Holgersen, Leiasundet
NORDHOLM, Berent Bentsen, Leiasundet
PRINS EDVARD, Børe Bentsen, Leiasundet
STELLA, Gutorm Larsen, Leiasundet
JONG ALFRED, Henni Larsen Gutormsen
JULI LOUIS, Henni Larsen Gutormsen
BLUBEL, Henni Larsen Gutormsen
KONKORD, Ole Knutsen, Leiasundet
BUØY, Knut Knutsen, Leiasundet
ALBATROSS, Hans Knut Høye, Ydstebøhavn
VISHNA, ukjent eier, Ydstebøhavn
KRISTINA, Knut Nordbø, Nordbø
BRØDRENE, Tomas Nordbø, Nordbø

Jan A. Holgersen (50) er født og oppvaksen på Kvitsøy. Både far og farfar var fiskarar, men sjølv er han inspektør på Rosenberg Verft, og busett i Stavanger. Han har skrive ei rekke artiklar med kulturhistoriske emne, særleg i Kvitsøy-Patrioten.

På skjeppelivet

AV ERIK FOSSÅSKARET

Potetavlen la grunnlag for ein særleg fart til Bergen frå Rennesøy og til dels frå Finnøy. Tidlegare blei det meste av jordbruksprodukta selde i Stavanger og Haugesund, men frå 1880- og 90-åra tok ein til å føre poteter til Bergen, og dette blei etterkvart ein svær trafikk. Karl Dalaker er ein av dei som var med i denne farten, og artikkelen til Erik Fossåskaret bygger på eit intervju med han.

Haust-natta er på den mørkaste. Måndagen har gjeve tapt. Tysdagen viser enno ikkje fyrste drag av ljodne. Kallen i Sætravik har vore ute ein tur. På veg inn att i bislaget høyrer han frå like nord i sundet mellom Flatholmen og Gløppholmen dei velkjende slaga frå ein 40 hestar Rubb.

Av alle Rubbane var 40 hestaren makelaus. Kvar fabrikant hadde sin versjon dei hadde lukkast særleg godt med. Union var best som 30 hestar. Skulle ein ha Scandia motor, Lysekil som han vart kalla, måtte det vera ein 15 hestar. 20 hestar Lysekil var ikkje så god. Rappen kunne ein og lita på, om det var ein 9 eller 29 hestar. Alle skøytena var rigga for segl. Assuransen krov at over- og undersegl var klare til bruk. Med god bær, skøyte dei på motor-krafta med segl.

Folk langs leia skilde godt mellom motorane på lyden. Jamvel konene kjende kvar skøyta på slaga. Det er ikkje til å ta feil av. Der nord i sundet er ein 40 hestar Rubb på tur gjennom natta. Den kvite blinken på Gassen er der han skal vera, like framfor bauen på babord side. Det gjeld om å halda kloss i

på styrbord side av dei to raude blinkarane i trongaste Engesundet. Med 17 fot tvers over dekk er det ikkje sjø på kvar side for store avvik. Men damstilt som det alltid er i trongaste sundet, er det råd å konsentrera seg om å smetta igjennom.

Varden på Leidarholmen er det ikkje råd å sjå i tussmørket. Straks den kvite blinken kvart 5. sekund er passert, tek den tunge dynningen inn Selbjørnsfjorden tak på babord attanom tvers. Kvit sektor på Økshamaren lykt hentar fartøyet inn i rett lei for at Bekkjarviksundet 20 minutt seinare skal kunna gi god livd.

Hulda», 50 fot, av Vikevåg og Rennesøy er på veg mot Bergen. 35–38 tonn poteter i romet og på dekk. Kers Pink. Tidlegare på hausten hadde det vore meir av «nummer-epla» – «40–40». Då denne sorten var ny, var han rekna som meir rote-sterk enn Pinken. Og så vart dei så uhamleg store om dei stod i jorda utover hausten. Før krigen hadde «Reine tyske» vore på topp. Mjølen og god potet, men svært snar til å rotne.

Seinast klokka sju om morgonen lyt skøyta og

poteter vera i Bergen. Lengst inne i Vågen. Med Kløverhuset og Vallendahl tvers over gata. Ombord er dei to mann. Ein styrer spelet. Den andre står i romet og hukkar stroppene om to og to sekker. Grossisten stiller med lastebil. Lettleg lør sjåfør og sidemann beint på planet.

Vel 35 tonn, 700 sekk, på «Hulda». 350 hiv. Var det lett å få levert, kunne lossinga vere ferdig til ein gong etter middag. Så skal ein ordna med oppgjer, og kanskje nokre små ærend attåt. Karane kostar på seg ein enkel kafé-middag. Mot tidleg kveld bakkar «Hulda» opp mot Bryggen, vender vengene på forover. Styrbord ror. Ved Skoltegrunnskaien tek dei spredaren, og set fullt. Natt til onsdag. 12 timar på sør – snaut det utan last med ein 40 hestar Rubb. Onsdag går med til å lasta på nytt. No vert 50-kilo-sekkene lempa ombord og stua med handemakt. Torsdags morgon klokka sju kan fiske- og grønsaks-handlarane på Torget igjen telje hiva ved å lytta til rytmen i dei tollege slaga frå ein 40 hestars Wichmann.

I periodar med god avsetnad til Bergens-grossistane, gjekk potetskøytene to turar i veka. Motoren kunne vera i gong utan stogg frå mandag morgon til inn mot helga. Med berre to mann ombord, vart det lite søvn å dela på. Derimot var det makeleg i dei periodane ein kunne gå ein tur i veka.

Hulda» kom frå Sverige. Ho var gamal allereie så langt attende som det lengste dei gamle kan minnst. Karl Dalaker overtok henne i 1953 etter Sigurd E. Håvarstein. Han fekk henne bygd opp att – kravelt og litt forlenga – hjå Naustvik i Vatlandsvåg, i 1955. Seinar sette han i ein 40 hestar frå Rubbestadneset. Og heldt fram med potetfarten til mot slutten av 1960-åra. Rundt dei åra var starten på nedturen for denne Ryfylke-handelen med Bergen. I eit par gene-

rasjonar hadde jamnt 8–9 skøyter frå Rennesøy førd poteter nordover. I tillegg gjekk eit par skøyter både frå Finnøy og frå Strandalandet i same farten. Poteter var ein hovedproduksjon. Opp til 20–30 mål poteter på kvar gard.

Utover i 1960-åra tok grossistane etter kvart i bruk andre tilførsle-vegar. Ryfylkebøndene la om produksjonen frå poteter til meir eng og mjølk. Potetfarten arbeidde seg etter kvart ut frå bae kantar.

Karl Dalaker var rundt 60 år då han slutta av med potetførsla. Han hadde da vore i yrket i 45 år. I 1925, same året som han var konfirmert, var han første turane med ein eldre bror, Daniel. Han gjekk med skøyta «Herta», 12 hestar Lysekil. 16 år gamal fekk Karl ansvar for si eiga skøyte, «Molly». Den hadde 15 hestar Lysekil.

Ettersomaren 1928, 17 år gamal, førde Karl «Molly» til lengst inne i Hardanger, like til Ulvik, for å vera fylgjar til ei notaskøyta på brislingfiske. Det var mørkt mellom brislingsteng under fjell som kasta lange land-skuggar. Same året gjekk han første turen med skøyta på fiske i Oslofjorden. Av eit notalag på 12 mann, fylgde gjerne 4 fylgjaren på turen. Men under fisket var Karl gjerne aleine ombord.

Årvisst var det å gå etter brislingen om sommaren. Men straks på ettersomaren fyrste potetene var or jorda, tok «skjeppelivet» til. Gjerne mindre enn full last fyrste turen. Tidleg-potetene var lett forgjengelege. Frå andre eller tredje turen var det å lasta det ein fekk med. Fylla romet med poteter i laust. Bøndene rygga kjerrene bortåt kaikanten og tømde potetene ombord. Dei vart målt i tynner. Åtte skepper i ei tynne. 130 tynner i ei last.

Kvar månad gjekk det gjerne ei veke heime. Ein tok det ein fekk av varer frå næraste bygda. Men somme gonger laut skøytene gå rundt i fjordane og



«Hulda» på veg ut frå vågen i Bergen etter at ho har levert poteter. Dei som er godt kjente med skøyter og motorar vil sjå av røyken av skøyta framleis har ein Union motor ombord. Framme på bakken står Kristian Dalaker. Bildet er tatt i 1956 og utlånt av Karl Dalaker.

kjøpa poteter. Karl Dalaker lasta poteter både i Tyl-landsvik, på Halsne, Finnøy og på Austre Bokn.

Ein rekna tre veker i Bergen på å selja ei last. Ein selde skjeppe-vis ved å gå frå hus til hus. Første dagane, kanskje første veka, gjekk handelen best. Faste kundar venta på ny forsyning. Då kunne det svara seg å leige hest.

Det var hesteutleige ved Svartediket, på Nygård og på Nøstet. For skjeppekarane var det mykje om

å gjera å få rolege hestar. Som stod der, med tauet om eine framfoten, medan karane var inne i huset og avtala handel og leverte poteter. For hest, med for, betalte dei 5 kroner dagen. Fall handelen til under 40-50 skjegger dagen, var det ikkje lenger rekningssvarande å leige hest. Resten av tida var det betre å trilla potetene i handkjerra. Ti skjegger på kvar mann i lasset.

Etter kvart som trafikken med større fiskefartøy

og lokalbåtar tok seg opp, vart det for trengt i Vågen. Potetskøyene lende i Solheimsviken. Der var det betre med kaiplass. Ved Dokkeskjerskaaien og endå til i Store Lungegaardsvann hende det at dei låg.

Under krigen stoppa styresmaktene omkøyrsselsal. Breie kontaktflater og nettverk som ikkje let seg kontrollera, var truande. Dei gav særlege vilkår for spionasje og mostandsarbeid. Etter krigen tok grossistane over som mellomledd. Dei ville ha potetene i sekker. Fiskarane hadde teke til å levera ved mottak utanom sentrum. Fisken var køyrd til Torget med bil. Potetskøyene kom attende til Vågen.

Så lenge potetene låg lause i romet, starta dagen med at karane fylde poteter i strie-sekker. Heiv opp 20 skjepper på denne måten. Dei hadde oppi ei skjeppe, 15 kilo. Knytte om eit band. Og fylde ei skjeppe til i same sekken. Så bar ein inn til kvart hus lett to skjepper over ei skulder. Ei skjeppe framme og ei skjeppe bak. Kvart hushald kjøpte gjerne ei skjeppe om gongen. Eller to der det var større familiar. I mest kvart eit hus hadde dei ei rund trebytte som tok akkurat ei skjeppe poteter.

På tre veker med lange dagar vann dei over mange hus. Potetseljarane frå Ryfylke kjende etterkvart Bergen godt. Ikkje å undrast over at dei kunne få spørsmål om å vera kjentmenn jamvel for byen sine egne borgarar.

Laurdagen var det lite utbering av poteter. Den dagen gjekk dei løypa opp att for å få oppgjeret for det dei hadde selt gjennom veka. Det var noko med dette å selja på kreditt. Kjøparen kjende han vart vist tillit. Kundeforholdet vart stadfesta. Seljaren fekk noko som likna ein kontrakt. «Du tek vel det same neste gong!»

Fortenesta var jamt 50–75 øre. Dei best innarbeidde, køyrde ut 80 skjepper dagen. Det minste kvar mann klarde, var 20 skjepper til dagen. Det gav 10 kroner; meir enn dei hadde på arbeid heime. Dei som la i veg med potetskøyta ein og annan gongen, fekk det ikkje til å sviva.

Slik var skjeppelivet. Frå tidleg haust til sein vår. Sesongen tok slutt på den tida såpotetene kom i jorda. Då var det så varmt i vêret at fjordårspotetene skaut for fort til å vera salsvara.

Lange vintrar gjennom fleire generasjonar gjekk opp til 12–14 skøyter i fast fart mellom Ryfylke og Bergen. Fødde byen med poteter. Det gav marknad og næring for bønder og transportørar. Men og reisemål og inntrykk. Dei som gjekk på skjeppelivet, henta Bergen nærare ned mot Ryfylke-øyane i medvit og distanse.

Erik Fossåskart (46) er sosiolog og førsteamanuensis ved Høgskulesenteret i Rogaland. Han har budd i Ryfylke sidan 1974 og bur nå på Rennesøy.

Sjernerøy i manns minne

AV ARNE HAUGE



Arne Hauge har skrive denne artikkelen om livet i Sjernerøy.

Om spenning mellom øyar er det vi har bedt Arne Hauge skrive ein skrå kommentar til. Og her kjem ein slik, i velkjent Haugestil med visittar både til den eine og den andre, men i ein tone som held fast i ein humørfylt måte å sjå livet på.

Eg vil tru at manns minne er så lang tid som ein person kan hugsa tilbake og fram til dags dato. Sjernerøyane er ei samling på sju bebudde øyar som ligg i Nedstrandfjorden mellom Finnøy og Nedstrand. Frå den tid eg kan minnast tilbake var det ikkje så stor semje mellom øyane at det gjorde noko. Det var rivalisering om kven som var størst og best, og det kunne vera og var spente forhold, særleg mellom Kyrkjøy og Bjergøy. Kyrkjøybu og helgøysundbu gjekk betre saman. Det hadde seg sikkert av at mange kyrkjøybuar var mannskap på dei mange fiskebruk som høyrde heime i Helgøysund. Det galdt både brislingfiske om sumaren og vintersildfiske om vintrane som var i mi ungdomstid. Bjergøybuen held gjerne meir lag med hidlebu og ombobuar.

Eg vil tru at Sjernerøy kommune var mellom dei aller siste kommunar som brukte fleirtalsvalg, og i Sjernerøy var det ein uskriven lov at ingen vart vald inn i herredstyre dersom vedkomande ikkje

stamma direkte ned frå ein tidlegare representant. Og ved kvart kommunevalg var det svært populært å stryka alle kandidatar frå dei andre øyane. Ved eit av dei siste kommuneala som var i Sjernerøy seies det at på valdagen var det sett opp oppslag på Bjergøy om at på Kyrkjøy var det ei liste med berre kjørkjøynamn på. Slike hendingar gjorde nok at det ofte vart ei svært ujamn fordeling av herredstyremedlemmene. Etterkvart som me kom inn i Finnøy kommune har me lærd oss av med slike uskikker og har overlete til finnøybuane med å kvitta seg med utkantkandidatane.

Var forholda lite bra når det galdt det kommunale så var dei berre verre når det var ungdommen å gjera. Det frilynde ungdomslaget var tilslutta Noregs ungdomslag og me hadde berre fire dansefestar i året på ungdomshuset som låg på Bjergøy. Der gjekk det oftast hardt føre seg med slosting, særleg mellom Bjergøybu og kyrkjøybuar. Som oftast var dei inn-

volverte på beina dagen etter, men det hende då at det var dei som vart sengeliggjande både ei og fleire veker.

Far til kona mi var frå Bjergøy. Han vart gift med ei jenta frå Rennesøy og busette seg der. Då ungane deira vaks til og skulle på vitjing til besteforeldre, vart ho som vart kona mi innprenta av venninnene sine på Bjergøy at ho ikkje på nokon måte måtte ha noko med kyrkjøybuar og gjera. Heldigvis hørde ho ikkje på dei kva kyrkjøybu galdt, for eg fekk ei vel brukande kone sjølv om ho stamma frå Bjergøy.

Det var stor standsforskjell på dei einskilde øyane. Ein likningssekretær som hadde fått jobb her fekk god informasjon av ein medpassasjer på rutebåten då han kom og skulle overta stillinga. Då båten nerma seg Eidssund kunne han fortelja: Her er slummen. Då båten la til kai ved NordHidle var kommentaren: Her bur dei som er noko. (På Hidle var det ikkje landhandel og hidlebuen hadde samla seg opp mange pengar) Og då rutebåten kom til Nesheim var kommentaren: Her bur dei som trur dei er noko.

Berge Furre, som har trødd barneskoa sine på Bjergøy gav uttrykk for at han var overgjeven over at det kunne koma noko godt frå Kyrkjøy då han som barn las av dei første bøkene av Alfred Hauge, som var frå Kyrkjøy. Det sa han på ein skjemtefull måte i talen sin på samkoma etter avdukinga av ein byste av Alfred Hauge som er plasert ved Sjernarøy kyrkje. Furre hadde nok som barn snappa opp noko av Bjergøy/kyrkjøyhetsen som var i den tida.

Men Bjergøy hade god grunn til å hovera. Dei

hadde både noverande og forhenverande stortingsrepresentantar som var fødde på øya. Men til gjengjeld hadde me på Kyrkjøy og Helgøysund Det Stavangerske Dampskibsselskap, medan resten av Sjernarøyane måtte hjelpa seg med Jøsenfjord Rutelag. Me frå Kyrkjøy og Helgøysund fekk dagrute av dei aller første fjordbussane som kom i landet, og brukte berre ein og ein halv time til byen. Dei som hadde Jøsenfjordbåtane kunne bruka over tre timar på reisa til byen.

Men den største striden som har vore mellom øyane i manns minne var nok striden om kvar riksvegferjestøa skule vera, og det var bittert for oss kyrkjøybuar å svelja at Nesheim på Bjergøy vart vald. Men med dei nye hurtigbåttilboda som kom og justeringa av veggen, har me etterkvart kome til at ferjestøplasinga er til å leva med for oss kyrkjøybuar og. Men med ny tid kom det nye forhold og. Og med ny sentralskule på Bjergøy og med bruer mellom fleire av øyane er all gamal strid nedlagd. No går alle på samme skule og ungane vert kjende med kvarandre frå dei er små. Dansefestane er vortne fleire enn i min ungdom, men ein høyrer aldri meir om slagsmål på desse festane og alt er berre fred og fordragelighet. Dette er sjølsagt fint, endå me har misst spaninga med ein skikkeleg gamaldags nevekamp.

Arne Hauge (72) er fødd og oppvaksen på Kyrkjøy i Sjernarøyane og har drive som småbrakar og heimfiskar. Han er kjent som ein lettliva person med humoristisk sans og som sjeldan vert svar skuldig, men han kan ha både ein kvass penn og ei skarp tunge.

Kven var den rette «Anna»

AV KOLBJØRN HAUGE

Dei fleste folk frå Ryfylke veit kven «Anna» af Sand er, skriv Kolbjørn Hauge i denne artikkelen. Men kven var den rette «Anna» af Sand, spør han vidare. Mange trur kanhende at namnet berre er tatt ut av lufta, av di kvinnenamn no eingong kling godt som skutenamn. Men slik er det ikkje. «Anna» af Sand er verkeleg nok, og Kolbjørn Hauge hugsar henne godt frå han var gutunge.

Dei fleste folk frå Ryfylke veit kven «Anna» af Sand er. Den snart 150 år gamle jekta er eit velkjend syn på hamna i Stavanger, og turar både i austerveg og vesterveg syner at skuta framleis kan føra segl – og at det finst folk som kan segla henne.

Men kven var den rette «Anna» af Sand, namnemor til den kjende skuta? Mange trur kan hende at namnet berre er tatt ut av lufta, av di kvinnenamn no eingong kling godt som skutenamn. Men slik er det ikkje. «Anna» af San er verkeleg nok, og eg hugsar henne godt frå då eg var gutunge.

Anna Soland var fødd i 1863 på garden Soland i Jelsa. Soland ligg mellom Refsbygda og Marvik. Ho var dotter til Vagleik og Margrete Soland. Ho blei gift med Torger Marvik då ho var 23 år gamal. Torger heitte i grunnen Hellevik til etternamn, men tok namnet Marvik då han flytte til Marvik, slik skikken var den tid. Han var fire år eldre enn henne. Anna og Torger fekk 12 born saman.

Torger Marvik hadde ei jekt som heitte «Haabet». «Haabet» blei ombygd og fornya i 1896; og då jekta var ferdig, kalla Torger henne opp etter kona si.

Anna hadde då fødd 7 born på 10 år, og var vel verd å få ei skute oppkalla etter seg. Året etter selde han «Anna» af Sand til Bjødne og Tore Eide på Sand, og dei let jekta ha det namnet Torger hadde gitt henne.

Anna Marvik var ei uvanleg gild og hyggeleg kone. Mannen var altså jekteskipper, og dreiv attåt ein liten handel i Marvik. Dei budde heilt ned i strandsteinane der, og hadde så liten plass at Torger måtte byggja sjøhuset sitt på pålar uti sjøen. Handelen kasta nok ikkje så mykje av seg. Grunnen til det var vel kanskje at mannen ofte var ute og reiste, og då laut Anna passa både handelen og den store barneflokk. Men Anna var altfor «god i seg», som det heiter. Hadde nokon vondt for å betala, gav ho dei kreditt. Og Anna var ikkje så flink til å skriva opp stakkarane, så folk skjementar med at det sikkert enno står pengar ute i Marviksbygda etter denne handelen. Men ikkje nok med det. Ho gjekk på huset til folk som hadde det vanskeleg, stakk gjerne til dei ein pose kaffi eller anna dei trong. «Det auga ikkje ser, har ikkje hjarta vondt av» sa ho, og tenkte vel helst på mannen sin då ho sa det.

Men Anna var ikkje sløsen på nokon måte; ho visste vel å ta vare på og nytta dei ressursane som fanst. Om sommaren og hausten tok ho gjerne heile ungeflokken med seg og strauk til skogs for å henta blåbær og tytebær. Bæra kunne ho selja, og noko blei vel òg nytta i hushaldet til den store familien.

Anna og Torger Marvik flytte til Sjernarøyane straks etter 1920. Dei kjøpte Skjøljarvik, eit lite bruk på garden Hauge på Kyrkjøy. Dei var då i 60-årsalderen begge to. Dei visste vel kva hardt arbeid var, og dei dreiv det vesle bruket på ein sær s god måte. Torger kjøpte nausttomt av far min og farbror Lars; dei to brørne åtte utmarka saman den tid. Der murte han opp ei stor bryggje og bygde fint sjøhus, og dreiv med jektefart til han var ein gammal mann. Dette sjøhuset brann diverre ned for eit par år sidan, men er no bygt oppatt om lag nøyaktig slik det var.

Jekta han hadde på Sjernarøy heitte «Førsørget af Jelse», men me kalla henne berre for «Marviksjek-tå». Ho hadde sin faste plass inst inne i Lundarvågen i heile min barndom. Med denne jekta seglde han sild, tønner og ved mellom Ryfylke og Haugesund eller Stavanger. Hen selde sild i smått òg; då eg var liten gutunge, sprang eg mang ein gong gjennom buhagen vår og kjøpte to store spekesild til middag for 10 øre stykket. Torger hadde leddgikt i hendene, og eg minnest enno korleis han somla nedi laken med dei knokete nevane sine for å finna skikkeleg fin sild til meg.

Anna Marvik var ofte hjelpekone ved barneføds-lar, både mens ho budde i Marvik og etter at ho

flytte til Sjernarøy. Jordmorassistent ville vel me seia. På den tid fødde kvinnene heime, og det kom sikkert vel med å få hjelp av ei som kjende så vel til prosessen som ho gjorde. Ho blei ofte boden beta-ling for dette arbeidet, men ville aldri ta mot ein øre. Dette var lenge før vi fekk noko som heite barne-trygd, og Anna tenkte vel at foreldra til den nyfødde kunne ha betre bruk for pengane sine sjølve.

Anna var blid og gild. Når me ungene hadde vore og henta posten til dei, fekk me alltid eit eller anna godt i handa på vegen heim. Men same kor blid ho var, så var det ein ting ho ikkje tolte. Og det var dersom mannen hennar ein hende gong hadde skjenkt seg når han kom med dampen frå byen. Då våga Torger rett og slett ikkje å gå heim, men stoppa gjerne eit par timar heime hjå oss eller hjå andre naboar. Der fekk han kaffi og mat, og rusla heimo-ver når rusen så nokolunde var over.

Anna og Torger døydde under siste krigen. Dei var då gamle folk; han 85 år, ho 79. Det lever ei stor slekt att etter dei, både her i landet og i Amerika. Dei har mange barnebarn, barnebarns barn og andre slektningar i Stavanger og elles rundt i heile fylket.

Kolbjørn Hauge (67) er pensjonert lærar frå Sjernarøy, men bu-sett i Stavanger sidan 1956. Han har arbeidd i alle skuleslag, frå første klasse i småskulen til siste klasse i lærarskulen, og har fått tid til eit forfatterskap der fagbøker både i historie og peda-gogikk står på lista over utgitte bøker. Han har og gitt ut Stor Norsk Rimordbok, og fekk nyleg Aschehoug forlags førstepris for spenningsromanen «Heit juice».

Den svikefulle gleda

I eit holt sat tvo eldre menn. Dei heitte Haug og Dal og hadde levd all si tid på denne øya. Arbeidd her all si tid. Dei sat i ein skugge nær vegen. Det hadde hendt noko som mest aldri hende: dei hadde fått fatt på øl og drakk litt for mykje av det. I går hadde dei hatt stritt arbeid. Og i morgon skulle dei ta fatt att. I dag hadde dei komi til å teki seg fri. Dei såg seg kjærleg ikring over det at Vårherre hadde laga denne fristunda midt i veka. Den svikefulle gleda ved ølet hadde sletta over den underlege nomne kjensla som ein slik bår fridagstomgang lagar i ein forspana arbeidskropp. Dei var lette og fri, totte dei. Slik som mennesket sikkert ein gong er meint til å vera.

Dei såg seg ikring. Såg øya si. Det grugga opp i dei ein blanding av glede og vemot.

Haug lyfte ølflaska si:

– Skål for øya vår.

Dal svara:

– Skål. Ja det er ei god øy.

Så sansa dei at dei hadde ikkje meir øl på flaska noken av dei. Det var tome butlar dei lyfte. Ølet var slutt, dei lo litt brydde over den barnslege åtferda.

Haug slengde flaska.

Dal sa orsakande:

– No ja –

– Ja ølet er nok drukki, sa Haug.

Dei kjende det som sorg, og hekk med hovudet. Men så skilde det seg ut av grugginga i dei som ei klår

oppkome: øya deira. Det var ei god øy dei hadde. Her låg ho utbreidd for dei. Alle minna sine hadde dei knytte til henne og det næraste farvatnet kring. Dei hadde vore jordarbeidarar og heimefiskarar.

Dal sa:

– Det er då ei god øy for det om flaska er tom.

– Ja.

– Så vi kan godt seia skål for henne.

– Ja det kan vi.

Arbeidshendene deira låg store og døde på kvar side av dei. Den grøne øya var i slike hender. Hender som aldri fekk lov til å trøytne, eller i alle høve aldri fekk lov til å gje seg i ro anna enn nokre nomne sundagsstunder. Det var slik med desse nevane åt Haug og Dal og. I morgon, når dette vesle armodsfallet ned i drukkeskap var eima bort – då ville dei store vanskapte handflaka deira vera knytte kringom slitne reiskapar og vera vakrare enn englehender.

Dei vende på seg, fordi det gjekk på vegen, dei såg etter, og det for eit misnøgd drag over andleta deira. Dei hadde liksom venta noko for auga i det som måtte koma her no – no i det at dei just sat og priste øya si. Ei ung jente eller noko.

Frå «Kimen» som Tarjei Vesaas skreiv i 1940. Det er vanleg meining at Sjernarøy har vore modell for den grøne øya i «Kimen».

Å ro til Ombo med melder

AV KOLBJØRN HAUGE

Og kva er nå melder, måtte vi spørja Kolbjørn Hauge om. Jo, meld eller melder kjem av det norrøne ordet melder og tyder korn, eller kornmengd, som skal malast, til skilnad frå såkorn. Og det var det ein rodde til Ombo med når ein budde på Sjernarøyane.

Korndyrking er det stort sett slutt med innover Ryfylkeøyane no. Men heilt fram til 1950–60-åra var det vanleg at bøndene hadde ein teig med korn. Mest havre og bygg, men også ein del kveite. Rug var det forsvinnande lite av, stort sett berre ein liten flekk gardbrukarane sådde om hausten så dei kunne slå grønfor til kyrne tidleg på våren. Småbrukarane dyrka for det meste korn til eige hushald. Med dei som hadde litt meir jord, mol også ein heil del opp til kraftfor.

Elektrisk kraft kom ikkje fram til Ryfylkeøyane før etter siste verdskrigen. Treskinga gjekk derfor føre seg med treskjeverk og stasjonærmotor. Andreas Nesheim Hauge og sønnene hans reiste øyane rundt med treskjeverket sitt. Byrja på Kyrkjøy så snart kornet var i hus om hausten, tok så for seg øy etter øy av dei indre Ryfylkeøyane, og slutta av på Foldøy og Hebnes-halvøya bortimot juletider. Me borna nytta høvet til å koka eple i kjølevatnet på motoren. Me sanko saman nedfallsfrukt og villeple – eller «gandeple» som me sa – tredde dei inn på ein ståltråd og feste ein tverrpinne øvst. Så hengde me dei opp i kjølvatnet og let dei hengja til dei var gylne

og gjennomkokte. Sure var dei, hugsar eg, men me tykte sjølvsgat dei smaka herleg.

Av og til treskte me òg med maskin som blei dregen med handemakt, og kjørde så agner og rusk og korn gjennom ein handdriven drøftemaskin før kornet vart reint. Eg har sjølv vore med og drege begge to. Tresketusten var det helst slutt med i mi tid, men eg kan så vidt hugsa at eg var med og svinga han ein gong, kanskje det var under krigen.

Sjernarøyane er stort sett altfor små og flate til å samla opp nok vatn til ei mølle. Derfor måtte me frakta kornet i båt for å få det male. Dei fleste bønder hadde robåt og naust. Så var det å laste færingen med kornsekker og setja seg til med årane. Eller segla, dersom båten var utstyrt med segltofte og ein fekk fatt i eit segl. Næraste bygdemølle var på Eidssund på Ombo. Eg har sjølv vore med to-tre gonger og rodd til Ombo med melder. Eg var berre gutunge då. Me starta på Lundarvågen på nordsiden av Kyrkjøy, rodde om Norheimsneset, opp Forasundet og under brua mellom Aubø og Bjergøy. Då me var komne til Skjelsneshammaren var me halvvegs, sa han far. Det tykte eg var urimeleg, for me kunne



Mølla på Eidssund som Kolbjørn Hauge skriv om i artikkelen. Det er mølleskøyta Hidle som ligg framom kaien. Foto utlånt av Helmer Ådland.

då sjå til Eidssund derifrå. Men fjorden over til Ombo var dryg, særleg det siste stykket frå Hidle og til me smatt inn i sundet mellom holmen og sjølv Ombolandet.

Korfor me ikkje brukte motorbåt til fraktinga? Ja, det var ikkje så mange morbåtar den tid, og leige av motorbåt kosta pengar. Fire-fem kroner i frakt var meir enn dei fleste hadde råd til, tykte dei, då var det betre å bruka årane ein dag mellom onnene når det

var fint vêr. Seinare begynte mølleigarane på Eidsund med skøyte som henta melderer på kaiene rundt, og det blei etter kvart heilt slutt med å ro og sigla til Ombo med melder. Sjølv malinga kosta forresten ingen ting. Faktisk fekk både bønder og småbrukarar kontant betaling av korntrygda for kornet dei frakta til mølla.

Mølla på Eidssund blei nedlagd i 1961. Då var korn dyrkinga så liten vorten at det svara seg ikkje å

driva på lenger. No er mølla pussa opp og brukt til utleige til sommarturistar. Og sjølv om dette knapt kan kallast EF-tilpassing, så varsla det i alle høve om ei omlegging av jordbruket på Ryfylkeøyane.

Kolbjørn Hauge (67) er pensjonert lærar på Sjernarøy, men busett i Stavanger siden 1956. Han har arbeidd i alle skuleslag, frå første klasse i småskulen til siste klasse i lærarskulen, og har attåt fått tid til eit forfatterskap der fagbøker både i historie og pedagogikk står på lista over utgitte bøker. Han har og gitt ut Stor Norsk Rimordbok, og fekk nyleg Aschehoug forlags førstepris for spenningsromanen «Heit juice».

Ei bru mellom Borgøy og Fogn

Det hadde lenge vore på tale å byggja bru mellom Borgøy og Fogn. Og no kunne det vera rette tida, etterdi båe øyane hadde fått skikkeleg køyreveg.

Frå gamalt av hadde det vore heller grått med venenskapen mellom folket på kvar sida sundet. Båe partar tykte best om sitt og heldt grannen eit strek ringare. Difor hadde det jamt falle både kjeft og deng når høvet baud seg. «Den som vil i båt etter kona, må tola både gulna og blåna», heitte det i ei regle.

Men no vart det sakte slutt på dei tidene. Sidan Sven Forkenes verka på Borgøya, hadde ulvane der vorte reine lam å rekna for, og vinteren etter kom det ein annan emissær og skapte om Fognabuen på same vis. – Slik sa no dei som hadde greitt å halda seg klar båe hyrdingane.

Så vart dei samde om det på båe sider av sundet at no måtte brua koma – og det fort. Planar og teikningar var longe ferdige, og arbeidet vart straks sett i gang.

Samstundes kom ein annan tanke og opp: Dei burde byggja bedehus i lag, og det så gromt at maken ikje fanst i heile fjorden. Det skulle stå der som eit teikn på korleis gamal fiendskap kunne falla bort og folket finna kvarandre når Gud fekk tak i dei.

Alle var samde om at bedehuset skulle reisast ved den nye brua. Dermed vart vegen stuttast kvar ein kom frå.

– Man lenger rakk heller ikkje semja. Borgøyingane flest meinte at det burde stå på deira øy, og fogningane var like strie på at dei ville ha det hjå seg.

Nokre tykte og at det kunne ikkje vera livet om å gjera kva side av brua huset stod på, når dei berre fekk det. Meir enn gode hundre meter frå eller til vart det ikkje for nokon av partane.

Men det var slett ikkje veglengda som laga knuten; det var all den gamle striden om ære og makt. Han kom som ein storm og bles i dei glørne som endå låg att under oska. Og snart stod elden mot himmelen.

På eine sida sundet skulda dei hittfolket for allslags fusk og fanteskap og meinferd, og visa lydte nett sameleis på hi sida. Endskapen vart at dei byrja å grava på kvar si tuft. Dei mina og dundra og skaut så steinflisane fauk, og vegen mellom dei to arbeidslaga var ikkje lenger enn at det dei sprengde til vers hjå det eine, tok bakken hjå det andre meir enn ein gong.

Frå «Fossen og bålet» som Alfred Hauge skreiv i 1949.

Kvekerne på Ryfylke-øyene

AV MARTIN NAG

Finnes det ein spesifikk øy-kultur, spør Martin Nag i dette essayet der han bruker kvekarane som innfallspott til eit streiftog gjennom øyriket i Ryfylke. I kjent stil tar han oss med på ein rundtur der vi kjem tett inn på dei folka vi møter. Nag auser, som alltid, av eit forunderleg rikt kjeldetilfang. Og slutter i ro under Kvelsbel-eika på Naig.

Finnes det en spesifikk øy-kultur? Både ja og nei... Ja, fordi ei øy som geografisk fenomen, innbyr til det å manifestere seg selv utifra de foreliggende vilkår. Nei, fordi også ei øy har tilknytning til noe større, – et nabolikskap å gå inn i og opp i. Men i spenningen mellom dette «ja» og «nei» ligger så muligheten til å utnytte de ytre øy-forhold, – via en skapende identitet...

Ta kveker-kulturen på Ryfylke-øyene, – den er et særpreget utslag av nettopp øy-«sivilisasjon» (i vid mening): Da brohoder av kvekerdom ble opprettet på Ryfylkeøyene – Hundvåg, Rennesøy, Finnøy, Sjernarøyane, Randøy, Idse – ble en sjøverts kontakt mellom disse punkter i terrenget, opprettholdt og sikret. Grupper av kvekerer på de nevnte øyer fikk regelmessig besøk av Venner fra Stavanger og fra England og Amerika; via solidaritet ble det lokale øysærpreget befestet og befruktet. Og øy-samfunnet var samtidig et mønster for «stor»-samfunnet, en kjerne av sunnhet!

Denne «gode sirkel» må være forklaringen på at ganske få mennesker på de respektive øyer i Ryfylke i et halvt sekel – fra 1840-årene til begynnelsen av det

20. århundre – kunne manifestere en egen kveker-øykultur, – en original utgave av fredelig opprør og kamp for åndsfrihet!

I år kan Vennesen Samfunn i Norge feire 175 års jubileum (1818–1993), – en stolt historie i det «skjulte» Norge, især i Rogaland, og – ikke minst – i Ryfylke øyrike...

Og – karakteristisk nok: to Ryfylkeøyboere fra Sør-Hidle var med i forreste rekke fra starten av, – søskenparet Mette Hille (f. 1792) og Thomas Hille (f. 1794)... Deres navn – «Tommas Trulsen» og «Metha Truls Datter» – er å finne blant de åtte kvekerne som grunnla det første Kvekersamfunn i Norge, den 29. august 1818 i Stavanger. Og den gode Mette ble endog den første «Overseer» i Vennesen Samfunn, pluss Lars Larsen Geilane...

Som Elias Tastad, kveker-overhodet i Stavanger, hadde også Thomas Hille vært fange i «Prisonen» i England (1807–1814) – og vendte hjem som kveker! (Ytterligere to av de åtte pioneer var tidligere krigsfanger i «Prisonen»: Lars Larsen Geilane og Even Samuelsen Møglebust).

Lakonisk innberetning fra presten Ole Schavland, den 2. februar 1817:

Der gives ikke flere Qvækere fra Strands Præstegjæld, end to unge Mennesker, en Søn og Datter af Truls Hille; disse have nu i 3 Aars Tiid ganske afsondrede sig fra Menighedens Samfund og holder sig til en separatistisk Forsamling i Stavanger by»...

Vi ser: Allerede fra 1814, – like etter bror Thomas' hjemkomst fra krigsfangenskapet i England, var han og søsteren Mette aktive i kveker-sammenheng; fire år før Kveker-samfunnet i Norge ble grunnlagt «offisielt»...

I 1836 emigrete «Mette Troelsdatter, 30 år gl., tjenestejente» til Amerika på briggen «Norden». Men etter femten år vendte hun tilbake; og i referatet fra et to måneders møte i Vennenes Samfunn i august 1851 heter det:

Vor Ven Mæthe Weiner Helle hersteds fra er nu hjemkommet paa et Besøg til sit Fødeland fra America; hvor hun har levet i en Tid af 15 Aar»...

Ut av tusmørket i historien – som på svart/hvitt-tegninger av Rembrandt, eller i lys-malerier av Hertvig – kvekerne på Hundvåg, kvekerne på Rennesøy, kvekerne på Finnøy, kvekerne på Sjernerøy, kvekerne på Randøy og kvekerne på Idse; i et Ryfylke-arkepelag av ånd!

Seks «sivilisasjoner», – punkter av poesi i terrenget; sentrert omkring enere, så å si hellige individer, – apostler for Vårherre og George Fox, – kvekerne...

Lysende personligheter, gående ikoner, – uten å «vite det» selv; mennesker med et engasjement – ledet av «det av Gud i dem», – «det indre lys»...

Ta Hundvåg, – en sentral-figur: Ole Thorsen Hu-

sebøe (1813–1876); en naturlig lederskikkelse, – lavmælt eksatatisk...

Rapport fra en engelsk Venn, John Candler, – Hundvåg midt i Universet, den 11. juni 1862:

Vi entret en båt og krysset over til Hundvåg, der bor ti kveker-familier... disse Venner bor i nette, pene hus av bindingsverk, de lever av små jordlapper og fiske i fjorden...

Klokka sju kom ca. 80–100 av innbyggerne på øya sammen i et bondehus, der den vennlige vert, Ole T. Husebøe, hadde gjort i stand til en offentlig forsamling... Vi forlot øya i niti-tiden, midt i en hektisk glødende solnedgang...

Ny rapport fra Hundvåg ni år senere... 58-årige Ole Husebøe og kone nr. 2, 37 årige Anna fra Kvinesdal, er verter for en engelsk Venne-gruppe på besøk; fredag den 7. juli 1871 skriver Edward Backhouse i dagboka:

Vi dro til øya Hundvåg og landet nær Nyhavn og gikk opp til Husebø, der Ole Thorsen bor. Ole Thorsen og hans kone ga oss utmerket melk og var meget glade for vårt besøk»...

Ta Rennesøy, – her er Asbjørn Kloster (1823–1876) vokst opp; i lag med Søren Olsen (1827–1879), husmannsgutt fra Vikekleven under Vik, – Asbjørns hjem hos moster Gunhild, g.m. Bjørn Vik... To gjeve Rennesøy-buer og kvekere: Asbjørn Kloster – pioner i både kveker- og totalavholdsbevegelsen i Norge; Søren Olsen – militærnekterpioner (i 1848), og senere – kveker-leder i Towa i U.S.A.

Asbjørn Kloster besøkte ofte Vennene på Rennesøy – på Eltervåg og Vik og andre gode steder... I

dagboka tirsdag 19. juli 1859 skriver 36-årige Asbjørn Kloster, som «krysser sine spor»: «Havde en liden vakker religiøs Leilighed om Aftenen paa Wig». Og dagen etter tilføyer han – i nostalgi etter fremtid: «Fodvandring over Wigefjeldet»... Ansikt til ansikt med Universet...

Ta Finnøy-kvekerne, – to «punkter» i terrenget: Bjørn Nærland, som ble medlem av Vennenes Samfunn i 1851, og Ole Regelstad, som ble medlem anno 1854; godt to!

Asbjørn Kloster skriver i dagboka – onsdag 14. januar 1857: «Besøg af min Ven Ole Regelstad. Han fortæller, at han har sat sine to Døtre i Skole hos P. Grønnestad, der nu holder Skole hos P. Tjøssem. Dette er glædeligt»...

Pioner-tiltak, – privat kvekerskole-kurs ved lærer Peder Grønnestad fra Bokn hos Peder Tjøssem i Strand! Og to Finnøyjenter går der, – bl.a. Anna Regelstad, som noen år senere blir tredje konen til kveker-lederen Peter Fugellie (1829–1908); en frodig personlighet – sydvestfabrikant og menneskevenn, en renessanse-skikkelse: «Fugellie var gift 3 gange, hans siste kone overlever ham», heter det i en nekrolog (1ste Mai, 20/7–1908). Kveker-Anna fra Finnøy!

Faren, Ole Regelstad, utvandret til Amerika.

Ta Sjernarøyane, – to kvekere, der også: Jacob Brommenæs fra Talgje og Barbro Houge fra Kyrkøy... Jacob Brommenæs ble medlem av Vennenes Samfunn i 1855, – en anonym pioner fra Ryfylke arkipelag: «Jacob Brommanes, Stiernerøen» står som nr. 8 på listen over de ti gjeve menn, ledet av Asbjørn Kloster, som den 26. desember 1859 sendte ut en innbydelse til stiftelse av Norges første totalavholdsforening, – dette kveker-initiativ som ble realisert tre dager senere (29/12–1859): Sjernarøy-bu midt i Norges-historien! Jacob Brommenæs repre-

senterte Ryfylke blant innbyderne... (Den gode Jacob Brommenæs emigrerte senere til Amerika).

Barbro Houge (1802–1869) – oldemor til forfatteren Alfred Hauge – var aldri formelt kveker-medlem; men på Asbjørn Klosters liste over *tilhengere* («Bivaanere») anno 1851 figurerer 39-årige «Barbro Houge, Sjernærøerne»...

Barbros mann, Lars Houge (1804–1879), var ikke kveker, – kultur-kollisjon i nærmiljøet; drama!... For Asbjørn Kloster skriver i dagboka, 17. april 1851:

Vi kom til Findøe omtrent Middagstid hvor Bjørn Nærland gjorde Selskab med os og hvorfra vi fortsatte Reisen til Houge paa Stjernærøerne. Her laa vi natten over hos Lars Houge, hvis kone Barbro var Gjenstanden for vor Komme. Hun er af Vennernes Bekjendelse, har lidt meget Foragt og Forhaanelse, saavel som mange indvortes og udvortes Prøver og Kampe derfor. Igjennem Alt dette har hun oppeholdt et trofast Vidnesbyrd for den rene Sandhed. Vi vare meget trøstede herover»...

Litt av et portrett, dette, – kveker-Barbro Houge, ut av et *clair-obscur*-maleri av «Rembrandt», – et ansikt av ånd og god strid «for den rene Sandhed»...

Ni år senere – ny reise i solidaritet; nesten en valfart – til Barbro Houge på Kyrkøy; engelske og norske Venner på utflukt til Ryfylke som «way of life»; Finnøy og Sjernarøyane midt i verden – nedfelt i dagboka til Asbjørn Kloster i mai 1860...

Torsdag 3. mai: «Reise med James Back-house, Robert Doeg, Peder Grønnestad, Elen og Peter Fugellie til Finnø. Venlig og gjestfri Modtagelse hos vor Ven Ole Regelstad».

Fredag 4. mai: «Vi reiste til Stjernerø, Ole Regelstad var med. Sterk Medvind. Forsamling paa Brommenæs; god, men maaske for lang, varede over tre Timer. Om Aftenen Forsamling paa Hogue paa Kirkø, hvor vi overnattede».

Lørdag 5 mai 1860: «Tilbage til Finnø, hvor vi om Aftenen havde god Forsamling paa Hesyby»...

Anno 1860 var en av Barbro og Lars Houges sønner, – Anders, 18 år gammel; han er Alfred Hauges farfar... En kveker-impuls må ha gått videre gjennom den gode Anders Hauge (1841–1937). På landsmøtet i Norges Fredsforening i Stavanger lørdag 3. august 1907 deltok fra «Stjernerø» – A. L. Hauge; Sjernarøyane var eneste Ryfylke-representant... På et vent bilde av landmøte-deltakerne, tatt på Ullandhaug, mente jeg å gjenkjenne 66-årige Anders Hauge i Rennesøylue! Og sønnesønnen Alfred Hauge (1915–1986) var enig i dette – og han skrev i et brev, den 13. juni 1985; siste hilsen:

Kjære Martin: Det var et overmåte interessant dokument du vedlegger. Jeg visste at min farfar hadde vært imot militærvesenet, men ikke at han hadde vært direkte interessert i fredsarbeid og slett ikke så sent som i 1907. – Bildet er helt tydelig av ham... Varm takk skal du ha. – Hjerterligst Alfred».

Ta Randøy, – to kvekere i stolt manifestasjon i et halvt sekel: Anders Dalen (1794–1871) og Bertha Dalen (1786–1886); *han* kom fra Byre på Finnøy; *hun* fra Kåda på Randøy. Og de slo seg ned på husmannsplassen «Dalen» på Randøy; midt i Ryfylke-arkipelag, – nær Evigheten. Og restene etter deres

kveker-«sivilisasjon» står ennå, – vakre ruiner av tapt tid og rom, men med ånd over seg, à la Marcel Proust!

Da Anders Dalen i 1858 ble medlem av Venneses Samfunn, ble medlemskapet konfirmert av utflyttet Strand-bu Thore Heggem og Ole T. Husebøe. Og da fru Bertha Dalen kort etter også søkte om å bli medlem av Venneses Samfunn, fikk *hun* besøk av to Strand-kvekere, Anders Jensen og Peder Tjøssem...

I juni 1855 besøkte Asbjørn Kloster Randøy-kvekerne sammen med William Tanner, en engelsk kveker; i en rapport skriver Kloster (her oversatt fra engelsk):

Vi hadde først en liten forsamling på Randø (der to Venner bor), og her utførte William Tanner en god tjeneste. Ved slutten av forsamlingen følte jeg en trang til å appellere om nødvendigheten av å få næring til det åndelige liv. For etter å ha erfart en ny fødsel gjennom ånden, må du la den materielle føde ledsage av et åndelig liv»...

De «siste spørsmål» – drøftet på Randøy: høy tid – en juni-dag anno 1855; Randøy midt i Universet!

Og syv år senere – to engelske kvekere, John L. Eddy og John Candler, besøkte Anders (68) og Bertha Dalen (66); de har kledd seg i Ryfylke-bunad for anledningen: i en rapport 20. juni 1862 heter det (oversatt fra engelsk):

Vi besøkte et aldrende ektepar, medlemmer av vårt Samfunn; de har ingen Venner boende i nærheten. Da den gamle mannen fikk øye på båten vår, gikk han nedover bergskrenten for å møte oss. Jeg var den første av gruppen som steg i land. Han grep hånden min og med et vennlig smil sa han på norsk:

– Velkommen!

Vi foretok et religiøst familiebesøk her, og klokka ni gikk vi ombord i båten igjen. Både mannen og konen var kledd i karmosinrøde trøyer, den vanlige folkedrakt. En aftenvind i riktig retning tok oss nå galant med til Finnø, og etter to timer nådde vi på ny huset til Ole Regelstad, en av våre kvekerledsagere, som ga oss losji»...

En dag i 1985 – valfart til kveker-«sivilisasjonen» på Randøy, i lag med en god veiviser, Åse T. Jensen; Skjønn, er Randadalen, – ennå med «merker» etter Anders og Bertha Dalen; husmannsplass og høy kultur, – midt i Ryfylke:

Tause vitner: våningshus, løe, eldhus og hønehus (antagelig); en inngjerdet hage foran våningshuset – ennå med bærbusker og frukttrær i; en sval stemning av Chile og Pablo Neruda; av Anton Tsjekhov og *Kirsebærhagen*...

Ta folkevisе-øya Idse, – to kvekere, der også: Sveinung Idzøe (1811–1880) og Seri Idzøe (1815–1896); mine oldeforeldre; midt i det hvite, svane-hus, som ennå står...

I referatet fra ett måneds møte i Vennesen Samfunn i oktober 1855 heter det: «Seri Edsø indkom med Bejær om at blive optaget til Medlem af vort Samfund blev udsat og Ola Thorsen og Engebor Bryne udnævnte at besøge hende og meddele Samfundet underretning om samme»...

Nytt referat – fra to måneds møtet i desember 1855:

Seri Edsø hendes Bejær om at blive optaget til Medlem i vort Samfund blev hende Indvilget og hun vil Fremdeles blive anset som Saadan saalænge hun vedbliver at leve et Christeligt Liv aaveren-

sstemmende med vore Christelige Troes Bekjendelse. Peder Tjøssem udnævntes at gjøre hende bekjænt med Samme»...

Seri Idzøes søknad om medlemskap i Vennesen Samfunn – et dikt, mer enn et tørt «dokument»; Seri Idzøe, 40 år gammel, får hjelp av Peder Grønnestad til å ordlegge seg:

Kjære Venner!

... Herren har opreist en varm Følelse i min Sjæl at fremlægge for eder et hjerteligt ønske om at blive optagen til Medlem af eders Samfund... Eders kristelig Bekjendelses Grundsætninger ere blevne dyrebare og urokkelige Sandheder til min Erfaring... Eders svage, men oprigtige Ven i Sandheden.

Seri Idzøe».

Da ektemannen, Sveinung Idzøe, fire år senere fulgte i den gode Seris fotspor og søkte om medlemskap, han også, besøkte Endre Dahl og Ole Regelstad ham i den anledning; mens Peder Grønnestad ble utnevnt til å meddele ham at medlemskapet var innvilget – i oktober 1859...

Mange, mange er de forsamlinger som er holdt i det hvite hus på Idse; under besøk av Venner fra Stavanger – Asbjørn Kloster, Endre Dahl, osv. Men også utenlandske kvekere har nydt godt av gjestfriheten her på Idse, – midt i Ryfylke arkipelag og kveker-«way of life»; f.eks. besøkte John L. Eddy og John Candler huset til Seri og Sveinung Idzøe tirsdag 1. juli 1862; sistnevnte skriver:

Vennesen båt, kalt «William Tanner», heiste seil ved middagstid i går og brakte oss til øya Idse, for

å delta i en forsamling som var bestemt til klokka fire. Det var stort oppmøte av folk fra nabolaget. Vi hadde tenkt å vende tilbake samme aften, men det satte inn med storm, og det ville være et farlig vågestykke å ta av sted. Alle de seks rorskarene var enige i å erklære en overfart for usikker. Venene, i hvis store værelser forsamlingen ble holdt, utstyrte oss alle for natta. Og i morges hadde været lagt seg, og vi kom velberget tilbake til Stavanger»...

Vi ser: Ekteparet Seri (47) og Sveinung Idzøe (51) får stor og fortjent ros som gode verter for Venner!

Anno 1862 var min farmor Ane Naig, f. Idzøe (1849–1917), 13 år gammel, – en kveker-impuls ble befestet hos henne; og hun var tro mot den hele sitt liv, – i ly og lys av Kveldsbel-eika på Naig i Ryfylke...

Martin Nag (66) er statsstipendiat, litteraturforskar og forfattar med røter i Strand. Han har ein stor litterær produksjon bak seg. Dei siste åra har han gitt ut ei rad enkle hefte med tema frå Strand. Først Naig-trilogien, seinare hefte med tema frå folkeliv og åndsliv i Strand. Han har i fleire artiklar vore opptatt av kvekarane i Ryfylke.

Litteratur

Martin Nag, *Det indre lys. Strand-kvekerne – deres nærmiljø i Ryfylke og i Amerika*. Kvekerforlaget, 1983.

Martin Nag, *I strid for fred. Tre kapitler av fredsbevegelsens pionertid i Norge*. Innledning og redaksjon ved Hans Eirik Aarek. Kvekerforlaget, Ås 1985.

Martin Nag, *Nytt lys over Asbjørn Kloster og hans nærmiljø i Stavanger, Ryfylke og Christiania*. Kvekerforlaget. Ås 1986.

Martin Nag, «Sosiale pionerer i Ryfylke. «At vandre i Sandheden». Om Anders og Bertha Dalen som sosiale pionerer på Randøy», i: *Konglomerat! Essays under «Kveldsbeleika»*. Solum forlag, Oslo 1992, s. 250–252.

Martin Nag, *Grind! Chopin-etyder fra Strand i Ryfylke*. Jørpeland 1993.

Martin Nag, *Kvekerne i Sauda. En saga om oppofrelse, lidelse i stillhet – og indre lys*. Sauda Sogelag. Sauda 1993.

Ungdomsprosjektet på Kvitsøy

AV JAN INGE REILSTAD

På Kvitsøy blir det i åra 1992–1994 gjennomført eit ungdomsprosjekt. Målet er at prosjektet skal vera ein identitetsskapande faktor i kommunen og at det skal arbeide med bevisstgjerung av oppveksten og dei utvegane ungdomane på Kvitsøy har. Såleis er ein på jakt etter kulturen, og måtar å gjera den til ein aktiv ressurs. På det viset håper ein å stimulere til etablering og busetting i kommunen. Prosjektet er såleis ikkje berre for ungdom. Det knyter Kvitsøy-buen saman, meiner Jan Inge Reilstad som er leiar for prosjektet, og synleggjer generasjonane.

Ungdomsprosjektet på Kvitsøy har som tittel og arbeidsmotto satt; «Form din egen fremtid». Slik sett beskriver tittelen en allmen prosess uavhengig av bosted, folketall, utdanningstilbud og transportmuligheter. Som ungdomsprosjekt fokuseres det på overgangen fra barn til voksen, på den allmenne erfaringen det er å bli en voksen person bevisst sitt ansvar og sine valgmuligheter.

KVITSØY

Det er likevel ikke uten grunn at nettopp Kvitsøy har etablert sitt eget ungdomsprosjekt. En liten øykommune ute i Nordsjøens ofte frådende kjæft, midt mellom Randaberg og Karmøy, i utstrekning Norges minste kommune med sine 365 små øyer og skjær. En kommune som siden sildefisken avtok utpå 70-tallet har hatt en negativ flyttebalanse, og som på 20 år har fått redusert innbyggertallet med 150 personer til rett under 500 innbyggere.

Det er klare forskjeller i oppveksten i en større

norsk by som Stavanger og en liten utkantkommune som Kvitsøy. Flere likhetstrekk finnes til de andre Ryfylkekommunene, selv om Kvitsøy også i denne målestokk blir liten og plasseringen på kartet spesiell. Ingen «gjennomsnitts-oppvekst» altså, på Kvitsøy. Alternativene/mulighetene er naturlig færre i vårt samfunn.

Vi har ingen tilbud om videregående utdanning eller kurs. Det blir lite kino-gåing; desto flere turer i holme. Ingen muligheter for å praktisere inne-idretter; desto mer fotballspilling (rart med tabellposisjonen?). Det mangler skog til en virkelig dramatisk «kåbbåi å indianer»-lek. Ingen gatekjøkken eller bensinstasjoner å henge kveldene på. Egentlig ikke så mange steder en kan være virkelig alene heller, annet enn ute på sjøen med fiskesnøret.

Likevel synes det som hver enkelt, unge som voksne, har mer enn nok, ja kanskje for mye å (måtte) bruke fritiden på. Jeg skal komme tilbake til akkurat det.

KULTUR

Man kan si:

Vi har mindre kultur i form av arrangementer og tilbud, men mer kultur i form av tradisjoner og som bygdesamfunn med velutviklet foreningsliv. Hos oss kan en ennå se sammenhengen mellom kultur og natur. Hos oss er det sauene som lydsetter spaserturen til biblioteket, ikke stereoanlegget i en rosa folkevogn med lilla spoiler og uten eksosanlegg.

Fiskemottaket i Ydstebøhavn er leddet før fisketorget i Stavanger. I stedet for ringveien rundt sentrum går sjøveien til havs forbi vårt fiskesalgsted.

I vår holmete kommune står kulturminnene tett som gjerdestolper (synes det som); i stedet for boligblokker i feil form og farge. (Vi er likevel så hjemmefarbare at vi ser ikke; at egentlig er Kvitsøy i seg selv et levende kulturminne & syn, og vi blir det bare i større og større grad ettersom broer og tunneller knoppskyter over fjorder og gjennom fjell) Både en fare og en mulighet ligger i parantesen.

Svært få har altså en ballast som våre unge når de entrer 20-åra. Ett spørsmål er; holder denne ballasten om og når en skal ut i den store, ville verden?

MÅL OG MENING MED FORMINGEN

Ungdomsprosjektet kom i gang i 1991 med et klart mål om å være en identitetsskapende faktor og arbeide med bevisstgjøring av ungdommens egen oppvekst og oppvekstmuligheter.

Et soleklart hovedmål var å stimulere ungdommen til å bosette seg her ute. Altfor lenge har det vært en naturlig holdning at en etter grunnskolen må ut av øya for videre studier eller for å få jobb. Å skape næring her ute har enten vært en forbisett mulighet, eller fungert som vedtatt umulighet. Å pendle til skole eller jobb på fastlandet har ikke vært noen

løsning, synes det som (pendlertid til Mekjarvik er 15 min, til Stavanger går en halvtime; hvem bruker ikke så lang tid til jobben?). Når slike holdninger slår rot i for mange hager trengs luking, og ikke minst må nyplanting av (opp)vekster med blomster, som kan leve og overleve her ute, til. Det er ikke alle gitt å trives i vårt klima, vegetasjonen her ute er spesiell, trærne er som tidligere nevnt ikke mange.

Viktig da å skape et miljø som diskuterer mulighetene og tør ta sjanser, forandre seg. I stedet for å bygge høye og tykke murer av alle de reelle og innbilte vanskelighetene en møter på sin vei.

Lærer man opp noen til å gå rundt og klage kan man ikke forvente initiativrike elever.

Likeså dersom man kun læres opp til å se mulighetene utenfor lokalsamfunnet. Man kan ikke forvente da at elevene investerer tid og arbeid her.

Med nyplanting må også forstås det å legge til rette for å trekke egnet næringsliv ut til lokalsamfunnet. Egnet, kan være så mangt. Mest nærliggende for Kvitsøy er næringslivet relatert til kystkultur og maritimt miljø, men også helt andre ting en kan legge produksjonsforholdene til rette for. (Sonderer man enda godt nok så finner man firkløveret!)

HVORFOR OPPRETTHOLDE BOSETNINGEN?

Hvorfor trenger vi å opprettholde bosetningen? Hvorfor skulle ikke de unge reise ut hvor mulighetene er? Hvorfor ønsker vi at flest mulig (som ikke har arbeid her ute) pendler til fastlandet på jobb, i stedet for å flytte?

Kommunen trenger skattepengene, helt klart, men det er enda mer livet, virksomheten, det individuelle nærværet (gjørne med de utfyllende meningene) som forsvinner, og dermed utarmer mer enn antydning til økonomiske problemer. Viktig å påpeke: De unge

må selvfølgelig fylle sine nysgjerrighetskammer med storbypuls og modern mote etc. Siden komme hjem og plugge strømmen i våre nostalgiske sjeler.

Det er kun ved å stoppe strømmen fra bygd til by de små lokalsamfunnene kan bestå i den form vi har i dag. Uten en god spredning i alderssammensetning kan hele samfunn visne bort og bli til spøkelsesaktige kulturminner. Det som i dag er levende kuturopplevelser.

Og man skulle jo tro at enhver skapning har størst forutsetning for å trives hvor røttene en gang står!

FORM

Ungdomsprosjektet er organisert med formannskapet som styringsgruppe, og består av en prosjektgruppe på åtte personer satt sammen av representanter fra fire idegrupper. Disse idegruppene er tematisk orientert mot arbeid, skole, kultur og bolig. Målgruppen er ungdom mellom 14 og 25 år som, ved hjelp av to «voksne», selv i størst mulig grad setter dagsorden og lager fremdriftsplan.

Nå blir gjerne rapporter som dette vel mye idyllisering. Hvor balet, uenigheten, tregheten og uviljen ikke skinner gjennom. Man glemmer fort de dagene målene er usynlige. Når man vandrer langs hverdagens uopplyste (fylkes-)vei. Slik sett er det å skrive rapporter som å kunne fokusere øynene igjen.

DAGENE

Når vinden og havet er på sitt mest lekne, de dagene vinduene kan være vanskelige å se gjennom på grunn av salt-råk, når det dagen etter ligger klaser av salt rundt om på småskjærene, så samles prosjektgruppen med latter rundt bordet, og lurer på hva slags næringsmuligheter som kan gå med overskudd her ute. Vel, kanskje snakkes det om andre ting, om han

teide leraren eller fo'ballkampane te våren, eller lemingå i vårkanten. Men uansett så har vi fått et ungdomsmiljø som samles ofte og som har hatt og har klare nok mål og ønsker. Langt fra alle her med, det må sies, men alle kan være med om de lyster og har tid.

Ett trekk ved Kvitsøy så vidt nevnt er foreningslivet. Det er såpass stort og antallet unge så lite at de fleste er medlem i ganske mange av disse foreningene, og i mange er det helt nødvendig å være til stede hver gang. Det samme for voksne, som foruten har styreverv og politiske utvalg og komiteer. Foreningene blir den kulturelle og sosiale bærebjelken. Bare å håpe da at innavlen holder seg moderat, og at deltakelse ikke forbindes med press og slit og plikt (og slik blir en negativ faktor i de unges hverdag).

1992

1992 var et begivenhetsrikt år for prosjektet. Det ble vedtatt å begynne byggingen av fire ungdomsboliger i løpet av 1993. Det ble skaffet sommerjobber til alle de ungdommene på øya som var interessert. Det ble drevet egen kiosk i sommerhalvåret. Det ble forsøkt drevet en småjobbsentral. Det ble arrangert temakvelder om alt fra rus & bilkjøring til forholdet mellom kristne & ikke-kristne ungdommer.

1993

1993 har allerede tegnet seg inn i våre papirer med ambisiøse motiver og skisser. Når dette leses håper vi å ha fargelagt. Ungdomsprosjektet skal fra sommeren drive sine egne nærradioprogrammer på Radio Fønix. Kiosken skal drives videre og sommerjobber skal skaffes. Ungdommene skal ha ansvaret for en sykkelpark som skal kjøpes inn av kommunen for

gratis utlån i sommerhalvåret. Ungdomsdagene er et arrangement som kan bli den feiringen som ungdommene trenger å ha av seg selv. Det er også tatt mål av å kartlegge jobbmuligheter & utdanningskrav på Kvitsøy og i Mekjarvik og Dusavik (rapport skal utarbeides til bruk i skoleverk). Temakvelder. En filmgruppe har planer om å la kamera fortelle historien om den siste Kvitsøybu, kanskje som historien om Soria-Moria? Rockekonsserter savnes her ute på grunn av de eldre generasjoners motvilje, og fordi det har vært vanskelig å få band, noe vi akter å rette på.

GJENNOMSLAG?

I strategisk næringsplan som nylig er vedtatt figurerer ungdomsprosjektet i mange av tiltakene. Skoleplan og kulturplan er som seg hør og bør like opp-tatt av de unges engasjement og fremtid.

Det er ikke tvil om at en for å få et bredere gjennomslag trenger den øverste administrative og politiske ledelses interesse og beskyttelse. Som vi har vært så heldige å hatt på Kvitsøy.

Ett resultat av ungdomsprosjektets virksomhet så langt er at de tas mer alvorlig og lyttes til med større alvor av de voksne og eldre. Alle komiteer som nedsettes i dag har med representanter fra den yngre generasjonen. Og her ute er komite-antallet stort. Så det kan fort bli litt erfaring på de fleste dersom en makter å fordele vervene. Erfaringer de langt færreste andre steder vil kunne få med seg.

UNGDOMSRÅD

Kanskje ligger det til rette for at kommunene i fremtiden etablerer egne Ungdomsråd, som Suldal har gjort, som har egne representanter i kommunestyret og sekretær fra kulturadministrasjonen?

For ungdommen er nok, og vil vel alltid være, et undervurdert (oversett) potensiale med sin ofte kreative forskertrang. Uansett trenger de unge av i dag å ha muligheten for å bli hørt og tatt alvorlig. En fordel med den yngre garde er deres mangel på praktisk erfaring med sosialdemokrati, byråkrati og andre krati. Sunn fornuft og idealisme er deres skatte-kiste.

Jeg tror Suldal er en foregangskommune. De har opprettet noe som holder lenger enn moten (prosjek-tenes løpetid). Ungdomsprosjektet på Kvitsøy er be-regnet avsluttet ut 1994. Kanskje en verdig avslut-ning å ta etter Suldal?

UNGDOMMENS KJENNETEGN OG BEGRENSNINGER

Samtidig er det viktig å begrense seg. Ungdommens lekebehov og utageringsmuligheter, ungdommens utfoldelsestrang og revestreker, må ikke kveles i alt-for formaliserte og målrettede tiltak, med for alvor-lige følger og for stringent organisasjon.

Flørten og forelskelsen (engasjementet), å tøffe seg (opparbeide mot, tørre å vise igjen), å prøve og feile i voksenrollen (skaffe kunnskaper), er tegn på sunn-het i en ungdom, og det burde det vel egentlig være hos voksne også. I bakhodet på en voksen medarbei-der i et ungdomsprosjekt må en slik erkjennelse (og tålmodighet) ligge.

BEVISSTGJØRING

Ikke dermed sagt at en bevisstgjøringsprosess ikke kan avklares og fremskyndes. At et bilde av framti-den kan skisseres. I et utkantsamfunn som vårt holder det ikke bare å oppfordre til bosetning i hjem-bygda, man må også tegne samfunnet utenfor og vise hvorfor det svarer seg å bosette seg «hjemme».

Når man slik holder bildene opp mot hverandre er der også mulighet for integrasjon av elementer fra det ene bildet i det andre.

RINGEFFEKT

På mange måter kan man si at ungdomsprosjektet på Kvitsøy drives av og for ungdom. I ungdommens interesse og i ungdommens tempo. Likevel er det helt klart at alle andre Kvitsøybeboere og Kvitsøyinstitusjoner har igjen for prosjektet. Det knytter oss sammen og synliggjør generasjonene. Ja, til og med turistene kan regne med forbedrede muligheter og service. Som tidligere sagt så blir jo Kvitsøy bare sjeldnere og sjeldnere, mer og mer attraktivt. Et uoppnåelig mål for enhver tunnell eller bro.

Ungdomsprosjektet jobber med å holde øya i verden, sette den på kartet. Kanskje må nettopp det gjøres om igjen av hver eneste generasjon?

RYFYLKE

Til slutt vil jeg si at Kvitsøy langt fra er eneste kommune i Rogaland med ungdomsprosjekter av forskjellig art. Suldal er tidligere nevnt, likeledes har Karmøy eget ungdomsprosjekt. Også de andre Ryfylkekommunene har egne ungdomshus eller ungdomsklubber som sikkert ikke ligger langt unna vårt prosjekt. Om enn ikke lenger enn den naturlige avstanden.

En avstand som ikke burde være større enn at alle og enhver kan inviteres til å besøke vårt spesielle sted. Da blir det sikkert også mulig å få smaga fiskakomlå vår, eller huvringen, som krabben kalles her.

GARDERING

Så til det tidligere stilte spørsmål om den kulturelle nisteskreppa til våre unge er stor og god nok til vandringen mot voksenalv og gjennom storsamfunn (for ikke å glemme informasjonsflommen, medievirkeligheten, datakommunikasjonsteknologiverdenen (puh) og cyberspace!) Helt klart – ja. Statsministeren kunne like gjerne kommet fra Kvitsøy som det øysamfunnet den eksisterende kommer fra.

Men og – nei. Nei – dersom redselen for å påvirkes av den uhamslige, moderne, non-figurative verden utenfor er større enn fokuseringen på vår egen kreative overlegenhet (som jo er og blir en antatt størrelse). Store roller er her på forhånd utdelt og gestaltet av skoleverk, men kanskje i særdeleshet av de eldre generasjoner og foreningsliv – den tause kunnskapen som vandrer usynlig gjennom luften, og binder oss sammen (bare ikke for hardt, det er det som er poenget, det må ikke være en lenke).

Nei – også dersom en bytter ut redselen med hovmodig avsky eller om en hovmodig overser bevegelsene i verden utenfor.

Men som sagt, helt klart – ja. For verden er jo når alt kommer til alt hverken stor eller vill, men den kan bli det dersom din verden blir for liten. Dt gjelder å gardere seg og sine.

Jeg vil bo på Kvitsøy, i verden!

Jan Inge Reilstad (29) er cand. mag. og tilsett som konsulent i oppvekst- og kuturetaten i Kvitsøy kommune. Han er leiar for ungdomsprosjektet i Kvitsøy som går i åra 1992–1994.

Når øyar blir fastland

AV SVEIN HELGESEN

«Bruer og tunnelar gjer stadig nye bitar av Ryfylke til vedheng til storbyregionen på Nord-Jæren. Gammal identitet er dømt til å tapa i kampen mot transportens endra realitet. Å kjempa imot er som å bera havre til ein død havhest.» Slik kommenterer forfattar og sosiolog Andreas Hompland kommunikasjonsrevolusjonen i Rennesøy etter opninga av Rennfast. I denne artikkelen skriv Svein Helgesen om det store steget frå øy til fastland. Han presenterer egne tankar og lokale folkemeiningar, og grunntonen er farga av optimistisk framtidstru. «Dei viktigaste nøklane for å lukkast i det lange og dristige steget frå fortid til framtid ligg i våre egne hender, i vår eigen tanke og vår eiga handlekraft», skriv han.

Kvar dag tar me eit ørlite steg ut or fortida og inn i fram-tida. Slik lever me alltid i eit grenseland – og byggjer bruer mellom fortid og framtid.

Enkelte hendingar representerer lengre og dristigare steg enn dei ørsmå kvardagsstega våre. Åpninga av Rennfast 30.november 1992 var ei slik hending. Rennfast, – med 2 undersjøiske tunnelar, 2 nye bruer og ca. 30 km ny moderne veg –, markerte eit avgjerande tidskifte for oss øyfolk ute i fjorden.

Når øyar blir fastland, kan me trygt snakka om ein kommunikasjonsrevolusjon og om eit historisk tidskifte. Det handlar om meir enn berre små kvardagsomstillingar. Det handlar eigentleg om ein ny livssituasjon, ei ny livsform for kvar og ein av oss som nå kan kalla oss fastlandsøyfolk, for organisasjons- og næringsliv og for Rennesøy som kommune.

RENNFAST – EIT LANGT STEG FRÅ FORTID TIL FRAMTID

1. desember 1992. I går var Rennesøy framleis øykommunen ute i fjorden, – ein utkantkommune ein god times ferjereis frå byen. I dag ligg kommunen som sentralt veg- og trafikknutepunkt langs den nyåpna kyststamvegen, strategisk plassert midt i Rogaland. Reiseavstandar er blitt kortare og reisemønsteret enklare både mot sør, nord og aust. Fastlandsambandet har gjort oss tettare integrert i eitt av dei mest vekstkriftige nærings- og utdanningsområda i landet. Samtidig er det åpna nye dører inn mot regionaboane i resten av øy- og fastlands-Ryfylke.

I går var Rennesøy ennå ein oppsplitta kommune med 6 øyar, med ferje og hurtigbåt som einaste reisemåte både øyane imellom og inn til byen. I dag er

kommunen, med unnatak av Brimse, samla til eitt kommunerike. Bruene og tunnelane har fjerna dei fysiske stengslene som fjorden fram til nå har representert. I dag er det på dei nye bussknutepunkta folk treffest – hutrande i desemberstormkasta og ikkje lite spente og nysgjerrige på ei ukjend framtid som vegfarande folk – kollektivt i buss eller i eigen bil på veg gjennom nye og dyre betalingsportalar i bomstasjonen på Sokn.

Frå øy til fastland. Refrengstrofene i den nye Rennesøyviså – forfatta i høve åpninga av nye tunnelar, bruer og vegar – har i kvardagslege bilete fanga opp det store tidsskiftet:

Me har fått ein snarvei te byn
me kjøre fram så et lyn.
Gjørr erend på ein to tri
e' hemma før klokka ti.

Me har fått ein snarare sti
så samarbeidet kan gli.
Besøke folk itte fem
så lett å komma seg hjem.

EIT TIDSKIFTE MED MANGE STORE SPØRSMÅL

Når øyar blir fastland, er det tid for å stilla mange store og viktige spørsmål som berre framtida kjenner svaret på. Nettopp derfor er slike tidskifte som manna frå himmelen for samfunnsforskarar. I tilfellet Rennfast har t.d. Rogalands-forsking alt gjort avtale med Statens Vegvesen om å forska på lokale og regionale ringverknader av kommunikasjonsrevolusjonen.

Andreas Hompland – magister i sosiologi, journalist og forfattar – har engasjert seg sterkt i kommu-

nikasjonsendringane i Ryfylkebassenget. Alt same veka som dei nye tunnelane og bruene blei åpna, var han på vitjing i Rennesøy. Dei første kommentarane ga han i sideblikk-spalta si i Dagbladet 5 dagar etter åpninga. I si siste bok, «Agder og Rogaland – sett frå lufta», har han gjort verknadene av tunnel- og brurevolusjonen i regionen vår til eit hovudtema.

Andreas Hompland nærmar seg desse spørsmåla med ein sosiologs briller. Han spør: Når øyar blir fastland – kva vil det bety for folks livsform og kvardag, for liv og utvikling i lokalsamfunn og kommune, for regional og lokal identitet, for kulturell eigenart?

Hompland sin hovudbodskap kan summerast opp i følgjande 3 hovudpunkt:

- 1 *Frå kjærleiksreiser på ferje til tunnelreiser i leddbuss*
Hompland reflekterer omkring det store skiftet i livsform, frå å vera ferjefarande øyfolk til å bli vegfarande bilist eller busspassasjer til og frå øyar som nå i praksis ikkje lenger er øyar, men fastland. Han viser på den eine sida til entusiastane som alltid vil sakna det Ragnar Hovland har kalla for kjærleikens ferjereiser: «– den tidkrevande, men rolige overfarten med kaffi, arbeidsro, kvile og drøs. Buss gjennom tunnelar gjer ikkje sama nytten, men til gjengjeld går det mykje fortare.» På den andre sida uttrykkjer han forståing for øy folket sin lengt etter fastlandssamband: – Den som ikkje har budd i eit ferjefylke, kan ikkje vita kor viktig fastlandssamband er. Alltid å måtta tenka på ferjeruter og ferjekøar og siste ferje set seg fast som eit slags instinkt hos dei innfødde. Det skaper grunnlag for storslåtte bru- og tunnelplanar, og for den stedige styrken hos politikarar som Kjell Opseth.

2 *Ein kan ikkje få både i pose og sekk*

Hompland slår fast at Rennfast varslar eit avgjerande tid-skifte både for folk på Rennesøy og for folk på øyane i Finnøy, som nå skal ferjast til Rennesøy og tvingast gjennom bompeng-tunnel for å koma til byen. Spørsmåla er mange: – Noen fryktar at øyane blir innlemma i Stavanger på vondt, og har vanskar med å sjå det gode med det. Andre er glade for å sleppa heftet med ferjene og trur på større privat frihet og betre muligheter for heile lokalsamfunnet.

Hovudpoenget hans er dette: Ein kan ikkje få i både pose og sekk! Kommunikasjonsrevolusjonar som Rennfast set sine spor og får sine følgjer: – Det vekker alltid delte kjensler når ei øy blir fastland – både vemod og glede. Det er umulig å få tilgang til alt det dei andre har, og samtidig halda på sitt eige.

3 *Bruer og tunnelar stel stadig nye bitar av Ryfylke*

For Andreas Hompland er Rennfast interessant meir ut frå eit regionalt Ryfylkeperspektiv enn som eit avgrensa og lokalt Rennesøyfenomen. Fjorden batt i si tid Ryfylke saman som region, seier Hompland, og skriv vidare: – Då samferdsla flytta på land, blei Ryfylke oppdelt. Draumen er å knytta det splitta saman igjen med bru- og tunnelar, men den nye veven blir forskjellig frå den gamle. Hompland hevdar at tunnel- og brurevolusjonen stel stadig nye bitar av Ryfylke og truar identitet og framtid for regionen. Bokn er mist til fastlandet på nordsida. Rennesøy blir integert i Jærregionen. Høgsfjord-røyret vil også gjera sørlege delen av regionen på fastlandet til eit «vedheng» til Jæren. Å kjempa imot ei slik utvikling er som å «bera havre til ein død havhest», skriv han,

og konkluderer slik: – Det er ikkje gammal identitet, men transportens endra realitet, som teiknar den nye tids kart. Bruer og tunnelar er meir effektive kommunegrense-flyttarar enn Ragnar Christiansen.

LOKALE FOLKEMEININGAR NÅR ØYAR BLIR FASTLAND

Andreas Hompland har reist grunnleggjande spørsmål om framtida for Rennesøy og Ryfylke, i kjølvatnet av at øyar får status som fastland. Vil og kan me eigentleg langt på veg påverka og styra vår eiga utvikling inn i nye tider, på våre eigne lokale premisar? Eller representerer bru- og tunnelrevolusjonen sine eigne realitetar, meir eller mindre uavhengig av lokalt folkeleg og politisk engasjement? Å tumla med slike spørsmål er som å pendla mellom 2 polar i eit kraftfylt spenningsfelt: – optimistisk framtidstru og pessimistisk lagnadstru.

Gjennom 3 månaders konsentrert arbeid dei første 4 månadene etter åpninga av Rennfast, via eit kommunalt forskingsstipend frå Kommunenes Sentralforbund, har eg m.a. prøvd å nærma desse spørsmåla frå ein lokal kvardagssynsvinkel: Kva for tankar gjer folk i Rennesøy seg om den nye tida og sin eigen livssituasjon – om dagen i dag og om framtida?

Svara er henta inn dels gjennom spontan og uformell samtale med folk flest, dels gjennom meir systematiske måtar å henta inn informasjon på. Siktemålet har vore å få betre kjennskap til kva for tankar, synspunkt og vurderingar som gjer seg gjeldande i lokalsamfunnet. Det lokale engasjementet – folks tankar og haldningar, synspunkt og idéar, vilje og handlekraft – er nemleg dei viktigaste byggjesteinane i alt arbeid med å skapa vår eiga framtid, både lokalt og regionalt.

SJYNT Å KJØRA BUSS

Det er liten tvil om at folk flest på Rennesøy opplever at bruene og tunnelane har gitt dei større handlefridom i kvardagen. Det store tidskiftet merkest best ved at me nå med eigen bil kan reisa til byen og rundt i kommunen akkurat når me har lyst og tid. Det er heller ingen tvil om at me reiser meir og oftare enn før. Dei aller fleste har nok alt kontakta forsikringsselskapet sitt for å avtala ei skikkeleg oppjustering av årleg kjørelengde.

Samtidig er dei kollektive reisetradisjonane ført vidare. Fastlandsøyfolket er blitt eit bussande folkferd, større forbrukarar av bussrutene enn tilogmed dei mest optimistiske prognosane i fjor haust spådde. Stor auke i daglege buss-avgangar i forhold til tidlegare ferje- og hurtigbåtoplegg, særleg i rushperiodar og på kveldstid, har åpna fleire dører til verda utanfor eige lokalsamfunn for dei aller fleste.

Biletet har likevel nyansar. Enkelte vil ikkje høyra snakk om det store framsteget. Klarast kjem dette fram hos folk som bur nær dei gamle ferjekaiane, og som før Rennfast hadde gåavstand til ferja. – Me er blitt ein utkant og opplever mindre handlefridom enn før, seier dei, og viser til at avstanden til bussknutepunktet på Sokn nå er 3–5 km, og at det er langt mellom bussavgangane mellom bygdene og bussknutepunktet, i alle fall utanom rushtidene.

I tillegg til slike praktiske forhold kjem også saken av kjærleikens ferjereiser klart fram hos enkelte. I møte med meg er det særleg eldre folk og mødre med slitsomme småungar på bytur som har letta på loket og gitt fritt løp for slike tankar, som berre få har frimot til å bera fram i entusiastiske Rennfasttider. Gamleordføraren med fast spalte i bygde-avisa har nok likevel ein god del meiningsfellar når han kommenterer si eiga oppleving av tidskiftet slik:

– Det har vore giltt med ferjene og båtane. Ein har funne mange kjenningar og vener, både av mannskap og naboar. For dei som ville lyda, vart mange saker drøfta, meiningar utveksla. Det var beintfram giltt og lærerikt.

– Alt dette er soge nå. Effektiviteten, framandgjeringa og isolasjonen er kome i staden. Bussen vert ikkje anna enn ein trafikkmaskin der ein sit trongt og ser kvarandre i nakken og vonar at ein snart er framme.

SNARVEG TIL BYEN MED AUKA HANDELSLEKKASJE

Øybuane i Ryfylke har alltid hatt Stavanger som handelssenter. I så måte er det liten grunn til å tru at fastlandssambandet vil skapa dramatiske endringar. Det måtte i så fall vera om Haugesund skulle greia å utnytta den nye snarvegen og gi Stavanger knivskarp konkurranse i ein kamp om kundar frå Rennesøy.

Vil snarvegen til byen gi auka lekkasje når det gjeld daglegvarehandel? Folk flest i Rennesøy synest ikkje å vera særleg redde for det. Materialet mitt tyder tvert om på sterk vilje til å støtta og bruka det tilbodet som finst lokalt. Praktiske og økonomiske forhold peikar også i slik retning. Ferjene ga faktisk meir fysisk rom for storhandel frå byen enn det tronge busseter gir. I tillegg er «tollbarrierane» blitt høgare nå, med både bompengar og auka bensinutgifter for bytur med eigen bil. Slik sett har lokal varehandel fått betra konkurransevilkåra sine i forhold til konkurrentar på Nord Jæren.

Erfaringane så langt tyder heller ikkje på at lokal daglegvarehandel samla sett er blitt svekka i den nye konkurranse situasjonen. Handelslaget i kommunesenteret på Vikevåg har t.d. til nå hatt ein sterk auke

i omsetnaden, på fleire titals prosent i gjennomsnitt. Dels kan nok dette forklarast ut frå at noko handel er henta heim frå byen. Men dels betyr det også flytting av handel frå små daglegvarebutikkar i utkantbygdene inn til eit større handlesenter med eit meir kundevennleg vareutval og betre pristilbod.

Utviklinga innan den lokale daglegvarehandelen så langt er i samsvar med det ein har opplevd i Giske kommune utanfor Ålesund etter åpninga av fastlandssambandet for 6 år sidan. Handelspendlinga til byen har gått sterkt ned, med tilsvarende auke i lokal detaljhandel. Fleire nye butikkar er etablert i kommunesenteret, med breiare utval av vareslag. Parallelt har fleire mindre lokale butikkar ute i bygdemiljøa i kommunen måtta leggja ned.

Forskarane forklarar utviklinga i Giske slik:

- Bompengane har skapt ei felles økonomisk barriere mot byen.
- Interne kommunikasjonar har fanga opp kunde-
potensialet frå heile kommunen.
- Større kundegrunnlag gir betre konkurransevne på pris, betre kundeservice og breiare varetilbod.

LIVSKRAFTIGE LOKALSAMFUNN ELLER FORSTAD OG PENDLARKOMMUNE

Så langt synest folk flest i Rennesøy å ha tru på at bruene og tunnelane skal gi positive vekstimpulsar til lokalsamfunnet. Folk er opptatt av at Rennfast har gitt lokalsamfunnet nye sjansar. Dei fleste ser m.a. ut til å forventa meir tilflytting og auka aktivitet med fleire lokale arbeidsplassar. Pessimistane som ser føre seg ei utvikling mot status som forstad til Stavanger med redusert lokal aktivitet og meir dagpendling inn til byen, ser ut til å vera i klart mindretal.

Kva må så konkret til for å lukkast i å ta vare på

og vidareutvikla lokal aktivitet og lokale særtrekk, slik at både folketal, næringsutvikling og talet på arbeidsplassar blir styrkt samanlikna med storbyregionen like utanfor stovedøra ?

Ein del tankar går igjen. Det må satsast sterkare og meir systematisk på marknadsføring av Rennesøy som attraktiv kommune å bu og etablere næring i. Kultur- og reiselivstilbod må vera spesielle satsingsområde. Går me djupare ned i ein del sentrale spørsmål om strategiar og vilkår for positiv utvikling, avslører materialet mitt likevel også til dels svært sprikande oppfatningar mellom folk. Slik sprik kjem fram m.a. i følgjande spørsmål:

- Skal me vera meir åpne og liberale enn før når det gjeld å omdisponera landbruksjord til bustad- og næringsføremål, om så er gjennom ekspropriasjon, i område der det er attraktivt med slik etablering?
- Skal me i større grad enn før åpna for subsidiering av tomteprisar for å prøva å få opp farten på bustadbygginga og stimulera til rask tilflytting?
- Kor langt skal me gå i retning av å la behovet styra utviklinga, t.d. ved å vera meir liberale i spørsmål om spreidd bustadbygging? Kor langt bør me strekkja oss i møte med næringsinteressantar som har heilt konkrete lokaliseringsønskemål som vilkår for å starta opp ny aktivitet i kommunen?

ØYFOLK OG RYFYLKINGAR – ELLER BYFOLK OG JÆRBUAR

Gammal identitet vil tapa i kampen mot verknadene av nye kommunikasjonar, seier Andreas Hompland. Er folk i Rennesøy opptatt av identitetsspørsmål i kjølvatnet av bru- og tunnelrevolusjonen ?

Det er dei så avgjort. På tvers av bygdene og øyane i kommunen kjem det fram eit klart og sterkt

ønske om å styrkja den lokale identiteten. Optimismen i så måte synest å vera stor. Dei aller fleste gir uttrykk for tru på at kommunikasjonsendringane vil styrkja lokalt samhald, samarbeid og kulturelt fellesskap. Samtidig er det grunn til å merkja seg at annankvar informant i materialet mitt reknar med auka fritidslekkasje til Stavanger, ved at dei unge meir enn før vil søkja inn mot byen.

Lokal identitet med sterkt ønske om å utvikla kommunen vidare til eit livskraftig lokalsamfunn gir seg m.a. uttrykk i motstand mot kommunesamanslåing. Biletet er likevel ikkje utan nyansar; kanskje kunne ein ha venta endå sterkare motstand enn det som kjem fram i materialet. Det finst fleire som drøymer om grønare gras på fastlandssida. – Me bør søkja oss mot fastlandet, mot ein stor kommune med god økonomi, seier ein av informantane mine. Slike haldningar synest å vera mest vanlege på dei sørlege øyane i kommunen, med kortast avstand til byen, og hos innflyttarar som både arbeider og ofte har eit sosialt kontaktnett i storbyregionen.

Ein annan av informantane gir slik reaksjon på tanken om å innlemma Rennesøy i ein storkommune på Nord Jæren: – Skrekk og gru! Me er ryfylkingar, og det skal me vera. Det er vår identitet. Ut frå svar på spørsmål som prøver å få fram alternative identitetspreferansar – mot Ryfylke eller mot Nord Jæren – verkar det som om mange opplever ei slik problemstilling som ny og uventa. Dei synest derfor å ha tenkt lite gjennom spørsmålet. Samtidig viser materialet at preferansane samla sett dreg meir mot fastlandet enn mot Finnøy og Ryfylke, og at både motstand mot kommunesamanslåing og identitetspreferansar i retning Ryfylke er betydeleg sterkare på Rennesøy enn på dei søre øyane i kommunen.

FELLES KOMMUNEIDENTITET ELLER LOKAL BYGDEIDENTITET

Tunnel- og brurevolusjonen i Rennesøy har 2 hovudperspektiv: Fastlandssambandet og den lokale samanknyttinga av 5 av dei 6 øyane i kommunen. For utviklinga i kommunen kan det visa seg at det siste perspektivet vil vera like viktig som det første.

Folks svar og reaksjonar på spørsmål som gjeld vidare utvikling av lokal identitet i ei ny tid når fjorden ikkje lenger ligg som fysisk stengsel mellom øyane, inneheld to viktige ingrediensar. På den eine sida: Ønske om sterkare samhald og meir felles lokal identitet på tvers av tidlegare sterke skille og til dels motsetningar. På den andre sida: Ønske om å stimulera aktivitet og sosialt nettverk ute i nærmiljøa i kommunen og slik styrkja den positive bygdeidentiteten også i framtida. Denne kommentaren oppsummerer på ein god måte det mange gir uttrykk for: – Nå kan vi utvikla sterkare felles identitet. Men det må ikkje vera eit anten-eller. Vi treng også bygdeidentiteten, men ikkje patriotisme.

Går me djupare og meir konkret inn i slike problemstillingar, kjem me fort inn i spenningsfelt som kan gi grunnlag for lokale drakampar som i alle fall på kort sikt kan koma til å splitta meir enn å samla. Det gjeld t.d. spørsmål som:

- rasjonalisering av skulestruktur gjennom å samla elevane i større skuleeiningar.
- lokalisering av barnehagetilbod.
- samling av ressursar innan frivillig sektor, f.eks. gjennom å slå saman organisasjonar på tvers av tidlegare øy- og bygdegrenser.
- styring av bustadbygging og næringsaktivitet inn mot dei mest sentrumsnære områda i kommunen.

Nye kommunikasjonar har åpna for ei utvikling som gir nye positive muligheter for kommunen samla sett. På same tid kan det i ein slik prosess liggja eit press mot dei små bygde-miljøa, eit press som der blir opplevd som truande med tanke på vidare rekruttering og utvikling. Nettopp derfor ser me i materialet mitt klare uttrykk for at det i utkantane i kommunen er ei viss uro for lokal sentralisering som kan svekkja lokalsamfunnet og folks forankring i eige lokalmiljø, der dei opplever å ha dei djupaste røtene sine. Nettopp derfor blir også tids- og modningsperspektivet understreka sterkt hos fleire av informantane når dei kommenterer denne type spørsmål: – En felles lokal identitet vil utvikle seg, men la oss nå ta tiden til hjelp. – Vi har nå veiforbindelse mellom øyane, men bygdeidentiteten er sterk og godt innarbeidd. Så dette må utviklast over tid.

Fjell kommune, som fekk fastlandssamband med Bergensregionen i 1971, opplevde ei eksplosjonsarta tilflytting det første tiåret etter bruåpninga. Her blei det lagt opp til eit busettingsmønster som braut dramatisk med den gamle bygde- og grendestrukturen. Resultatet blei sterk lokal sentralisering med klare verknader for sosial kontakt og livsform i lokalsamfunnet. Sosiolog Olaf Aagedal karakteriserer endringane i Fjell som ein overgang frå det tradisjonelle grendesamfunnet til ei moderne drabantbygd. I ein forskingsrapport blir utviklinga karakterisert m.a. på denne måten:

En slik sentralisering, som både kom til å gjelde handel, bank, post etc., førte også til at folks oppmerksomhet i større grad ble vendt ut og vekk fra garden som lokalmiljø. De naturlige sosiale knutepunktene, som posthuset og butikken og kanskje særlig kaien representerte, forsvant. Folk

mistet etter hvert den naturlige og liketille kontakten. Med de gode kommunikasjonsmuligheter som finnes i kommunen, og med byen så nær, blir det etterhvert kommunen, eller i alle fall en større del av den, som blir lokalmiljøet.

I STEGET FRÅ FORTID TIL FRAMTID – LESKUR ELLER VINDMØLLER

Øyar har via ein tunnel- og brurevolusjon blitt til fastland. Rennesøybuen kan ikkje lenger heilhjarta slutta seg til Alfred Hauge sine ord: – Den som elskar ei øy på vår jord, elskar det avgrensa og det grenselause.

Kva slags framtid har me i vente, som fastlandsøyfolk? Har Andreas Hompland rett når han spår at det til sist vil visa seg å vera nyttelaust å prøva å ta vare på og gi næring til gammal lokal øy- og Ryfylkeidentitet, at det er som å bera havre til ein død havhest? Eller kan me våga å ta forskarane på Rogalandsforskning på ordet når dei skriv: – Det kan tenkes et scenario hvor øykommunen ivaretar og utvikler lokale særdrag, og hvor både befolkning, nærings- og arbeidsplassutvikling styrkes sammenlignet med storbyregionen. Hvorvidt de får til en slik utvikling, vil avhenge av at kommunen drar fordeler av den nye kommunikasjonsstrukturen.

Ein gammal kinesisk vismann har sagt det slik: – Når det bles endringsvindar, kan me anten bygge leskur eller vindmøller.

Det bles endringsvindar inn og ut or dei nye tunnelane og over dei nye bruene der øyar er blitt fastland. Tidskiftet har endra kvardag og livsform for oss Rennesøyfolk spesielt. Kommunikasjonsrevolusjonen grip likevel vidare og djupare enn som så. Det er eit tidskifte også for Ryfylke som region, som både er blitt trekt nærare storbyregionen på Nord

Jæren og på same tid er blitt tettare knytt saman på tvers gjennom åpninga av nytt ferjesamband mellom Rennesøy og Finnøy.

Korleis utnyttar me endringsvindane i Rennesøy og i Ryfylke? Korleis gjer me Andreas Hompland sine pessimistiske spådommar til skamme?

Der vindstyrken kan koma opp i orkans styrke, som hos oss, vil me truleg aldri kunna byggja leskur som er solide nok til å stå imot dei verste kasta. Derfor må me heller bruka tida og ressursane på vindmøllebygging – på å utnytta eigen kreativitet, kunnskap og kompetanse i arbeid for å skapa ny giv og aktivitet som gir optimistisk tru på ei framtid styrt på våre egne lokale premissar.

Dei viktigaste nøklane for å lukkast i det lange og dristige steget frå fortid til framtid ligg i våre egne hender – i vår eigen tanke og vår eiga handlekraft. Det gjeld hos oss der øyar alt er blitt fastland. Og det gjeld i vidare forstand i møte med alle utfordringar som me trur kan vera med på å gi ny styrke og forsterka felles identitet i Ryfylke som region.

Svein Helgesen (45) er ordførar i Rennesøy kommune og rådsordførar i Ryfylkerådet. Han har eit sivilt yrke som spesialkonsulent hos Fylkeshelsesjefen. Artikkelen er skriven med bakgrunn i eit 3 månaders stipend finansiert av Kommunenes Sentralforbund

Storstemme

Sola var framme av og til, men helst gjekk ho og smågøynde seg attom eit lett skyslør som det ikkje fanst drift i. Sjøen var som glas tvertover heile fjorden.

Og varmt var det, – rett ein hugnad å vera utom dørene. Og det kom vel med. Før her tyktest verta uhorveleg med folk på Sjydningåsén i dag. Det kom jamvel ekstradamp ifrå by'n. Slikt hadde aldri hendt før. Det var gamle «Præsidenten»; han hamla seg inn mot Kræmarvågsbryggja med dei svære, slapsande hjula sine, og der var reint så det aula og myldra i land, – kvinnfolk i lyse stakkar til og med.

Nede i Kræmarvågen hadde det samla seg ein heil kyrkje-ålmuge av bygdefolk og, for å sjå på greiene. Der stod endåtil Gunla Øye. No nugga ho ei onnor kjerring der stod, i armen; ho hadde eit alvorsord å seia om dei lyse stakkane:

– Dei kan no ikkje høyra med til Oftedal'n sitt folk, sa ho. – Det må vera nokre utan åndeleg lys og fornaring, som har slumpa seg ombord berre for forlystelse. – Eg er no berre eit verdens barn sjølv, eg, det sannar eg både for Gud og menneske, men så mykje vil eg ha sagt likevel, at byrjar folk å gå på gudsords-møte i av-leta stakkar, då er verdens ende og den yderste dag nær, sa ho. – Og hi sukka og sa seg samd i det.

Ja, det var ei rygd slik det samla seg folk. Båt i båt på alle sund. Dei hamla og rodde, – fanst ikkje gagn i å setja segl i slik ei stille. Her og der lydte det kåt lått eller ein visestubb, elle gjentekvin, kvell og lausslept, når eikvar uvåra bruka årane og skvette sjø.

Men elles var det visst mest Alvoret som rådde der og – som på landjorda. Det var ikkje vandt å kjenna korleis det låg i lufta at Vårherre hadde overmakta i dag, nei. –

Og mann av huse gjekk dei visst på heile Borgøya og.

Det rak og krak av svartkledde folk etter alle vegar. Gamle, lutande kallar med brakestav til å stydja seg på; krokryggja, giktbrotna kjerringar som ikkje hadde vore fram-i vegen og ålmenta på år og dag. Medaldra folk og ungdom, og born med. Unggutane hadde knappa opp vadmålstrøya og sett huva langt bak-i nakken, men endå perla sveitten på skallane. – Og unggjentene tok ei hand i stakken så han ikkje skulle hekta seg fast i brake og kvist der dei gjekk bortover haugane mot Sjydningåsén. Det anga søtt og friskt mot dei av pors og av blømande lyng; den linne raudfargen i han lyste så vakkert bortetter rabbane.

Smågutur og gjentungar tok seg svippturar bortpå myrane og kom att med ein neve mikkelsbær no og då. Dei var store og søte i år, bæra. Det hadde vore ein fin og solrik sumar.

Her møttest folk som ikkje hadde sett kvarandre på år og dag, og det vart helsing og prat så det var svære ting, bortpå åsen. «Er du så fiks?» vart det sagt, og: «Du og?» og: «Jadå, tenk ikkje det då!» vart det svara. Det var ei god-møle mellom folk som det skulle vore haustmarknad.

Ja, det var gildt å møtast. Og her møttest mange. Det song i skarrande bymål og syngjande øybumål om einannan, så ein kunne verta ør av mindre. Her og der klang det jamvel av hard fjording og.

Der stod det eit liknament til ein preikestol på høgaste haugen. Han var slegen saman av vrak-bord og plankebitar og pynta med bjørkelauv. Jaha, sjå der kva han Gudmund kunne få til med lite! Det var vel nokre avfallsbitar frå ei tømmerlast han hadde frakta innantil fjordane og skulle til Bern og selja.

Frå «Året har ingen vår» som Alfred Hauge skreiv i 1948.

Med Leonard Cohen i Åmøyfjorden

Poetiske stader på Ryfylke-øyane

AV JAN INGE SØRBØ

Dikt er fortetta liv, skriv Jan Inge Sørbø. Det er eit fokus der erfaringane melder seg i konsentrert og intensivert form. Eigne erfaringar, leserfaringar og imaginære, tenkte erfaringar. Og frå dette utgangspunktet tar han oss med på ei reise i det landskapet som har gitt diktinga hans adresse. Det er øylandskapet i Ryfylke. Horisontane frå eit kjent og kjært landskap flyt over i og saman med horisontar som finst i lesnad og opplevingar som kjem til oss andre stader frå, forklarar han oss.

Moderne lyrikk har freista å kvitta seg med den oppfatninga at det finst poetiske og upoetiske stader, poetiske og upoetiske ting. Tvert om er det ein av modernismens store innsikter at poesien kan dukka opp overalt, som Paal-Helge Haugen ein gong formulerte det, og ein har hatt eit hardt arbeid med å kvitta seg med trua på at poesien trivst best på landet, i skogen og på fjellet. Rolf Jacobsens posisjon som leiande modernist har samanheng med at han skriv like godt om bussar og lyktestolpar som om tømmeret og ungdommens mot.

Men når ein så set seg til skrivebordet fordi eit dikt dunkar ein stad og vil finna sin rytme, så oppdagar ein at det finst poetiske stader og ting likefullt. Kva slags ting som er poetiske har ikkje med nasjonalromantikkens draumar om det norske å gjera, like lite som det har med modernismens tru på urbane dissonansar. Det har med opphav og levd liv å gjera. Dikt er fortetta liv, det er eit fokus der erfaringane melder seg i konsentrert og intensivert form, egne erfaringar, leserfaringar og imaginære, tenkte

erfaringar. Kvar det eine sluttar og det andre byrjar veit korkje ein sjølv eller andre.

Når ein er frå Ryfylke blir spørsmålet om *opphav* relevant i spesiell forstand: dersom noko stig opp av hav, må det vera øyane i Ryfylke. Eg veit ikkje kor mange gonger eg har site fremst på Rennesøy-ferja og sett øyane stiga opp av havet etter kvart som vi gjekk nordover byfjorden. Eller eg har sykla utover øyana, etterkvart som det har blitt fleire bruer, og ein forsommardag med lett dis og solskimmer kan ein få ei kjensle av å sykla på sjøve havet, og at øyane flyt og svevar halvt i luft og halvt i sjø. Det ville vore underleg om det ikkje skulle stiga dikt opp av eit slikt hav.

Første gong eg gav ut ei diktsamling, det var *Lågt skydekke* i 1986, oppdaga eg at eg måtte tenkja romleg når eg skreiv. For kvart dikt måtte eg tenkja meg ein plass der det gjekk føre seg. Og stort sett trur eg alle dikta i samlinga er tenkte ein eller annan stad på Bru, der eg kjem frå. Det har sikkert inga interessa at eg oppgav akkurat kvar eg tenkte meg at diktet

spela seg ut, men det var nytt for meg sjølv at eg trong eit landskap å tenkja dei i. Eit dikt kan ikkje lagast i det tomme rom, det må ha ei adresse. I det minste er det slik for meg, andre får tala for seg.

Det neste eg oppdaga, var at visse stader melda seg oftare enn andre. Den desidert viktigaste staden, var kaia. Der fann eg også dei fleste figurane. Han som nekta å tilpassa seg dei som kom på land, som ikkje knota på språket, men heldt på sitt, sjølv om dei som kom på land, stilte krav til han:

*Dei lo han i ansiktet og bak ryggen
Men spurde han etter fiskeplassar
Han hadde kart over hummarens fotgjengarfelt
og innfartsårene til torsk og hyse
Men han sende dei til svimanet og ufisk
Og dei lo bak ryggen hans men han
Togg snus og spytta og visste
(Portrett ved rutebåten)*

Eller ein tragisk figur kunne dukka opp, eit uforløyst liv, ho som heile livet har venta på nokon som skulle koma med båten, men som aldri kom «dette mennesket/Med svarte klede skarpe augo/Og giftig tunge Båtane kom/Kvar dag Han var ikkje med» (Portrett ved kaien).

Og kaia er nettopp staden for det poetiske ved at det er her livet framtrer i fortetta form. Her er opning utover og impulser som kjem innover. Her er porten til den store verda, samstundes som kontrollen aldri er sterkare enn her. Og det vesle samfunnet som øya er, kan også møta trugsmål nettopp på kaia. Som når det kjem heile laster med fulle byfolk og skremmer livet av små ungar, som må finna tilfang frå søndagsskulen for å halda angsten på avstand:

*Så kom byen
Ei båtlast med fulle menn
Og spurde om nokon ville drikka
For om påhengsen drakk mykje bensin
Så drakk dei endå meir brennevin
Men Jesus sa til
Lat dei små borna koma til meg
Og skræm dei ikkje
Med fulle folk
Som har kvernsteinsfeste i halsen
Og Jesus såg inn i byen
Og han gret*

Nært knytt til kaia, er sjølvsagt ferja, eller dei eldre fjordabåtane. I moderne filmdramaturgi fungerer ofte bilen som signal om forflytting i rommet. Kor mange gonger har ikkje Derrick gått ut og inn av bilen sin – til glede for det aktuelle bilmerket. På øyane er et båten og ferja som har denne rolla. Og i staden for vegen, er det havet som opnar verda den vide. Ferjer og båtar er verd ein song. «Det er tidleg tidleg og desember i barndommens tronge båt og det er fullt av løyndommar gåver og nye nummer av Vangsgutane», heiter det i diktet «Byen» i *Babett's gjester*. Det kunne skrivast meir om ferjer. I den nyaste boka mi har eg, som rimeleg kan vera, i staden sett inn ei mareritt-skildring av Rennfasttunnelen.

Men havet er også så mykje meir enn berre kommunikasjon, det er lyd og lukt, det har eit andlet som smiler eller trugar. Frå havet kjem onklane i gavlbåtar og får søndagsmiddag, over havet må doktoren koma i mørke kveldar når nokon blir sjuke, og over havet må dei som blir lagt på bære. Frå havet kjem også det eventyret som fisket kan vera, med lyskastarar og store steng, havet kan gje overvettes rik-

dom, og det kan knusa og øydeleggja. Å veksa opp omgitt av havet, som sund eller fjord, det gir også ei opning inn mot havet som myte. Rett nok tok det meg lang tid å forstå Openberringa sine ord om at «havet ikkje skal vera meir» – det oppfatta seg som eit trugsmål, og ikkje som ein lovnad. Mytlogisk forstått er havet kaos, det er fienden til det tørre land, og det rommar mytens Leviatan.

Ryfylkeøyane var for idyllisk plassert til å forstå havet mytisk på den måten. Då hadde vi meir sans for den negative bymyten, om storbyen som eit Sodom og Gomorra. Derimot kan havet som det evige element, det uendelige, det som strekkjer seg gjennom slekt etter slekt, finna gjenklang hos ein øybu. Og havet som ein kombinasjon av idyll, med vassande born på sandgrunna, og fare, med mørke netter der bølger som glefser, og båtar som kjem og går med lækjarar og sjuke, eit varsel om død og undergang. I mine tekstar har blåfargen alltid kome til å stå for idyll, i *Babetts gjester* avspegla i fargen på boka, og i den siste boka også i sjølve tittelen: *Blåmalar og litt lakkerar*. Det siste refererer til mine planar som liten: som stor ville eg bli nettopp blåmalar og litt lakkerar, for eg likte blåfarge og blank lakk. Utan at eg har tenkt på det, høver det inn i mitt bilete av idyllen, som er ein blank dag, grøne bakkar, kvite lam, som spring omkring i dikta mine både her og der, og ein veldig blå himmel over den blåskimrande sjøen. Det er Ryfylke som idyll, eit landskap i grønt, kvitt og blått. Blankt og blått.

Stranda er ei grense, som kaia. Difor møter eg også fiendane på stranda, i eit dikt der krigsfrykt, alderdom og død stig i land i sine grå uniformer («Ein wunderlichen Krieg», i debutboka). Og ein stad trekkjer alderen seg tilbake som sjøen ved fjøre sjø, og ein mann ser igjen livet sitt, som tida har

drukna. Når det stig oppatt, er tida ute, og han er borte. Øya si grense blir livets grense.

Og øya kan i neste omgang bli kloden, noko som er heilt openbernt i den første samlinga. Den er skriven under Reagans planar om stjernekrigsprogram og med atomtrugsmålet hengjande over oss (som det framleis gjer, utan at vi tenkjer på det). Vernet av det store, av kloden, av verda, er berre mogeleg som vern av det nære, lokale, det vi kan handskast med:

*Ikkje ta mi øy
Eg reiser øya på ende
Som eit skjold mot maktene:
Her levde eg
Fange meg ikkje i otte
Tving meg ikkje til våten for mi øy
Var tørt gras og vind og skyer
Og otte for sterke lydar
(«Epilog»)*

Denne konsentrasjonen om øya og livet der, tyder ikkje at verda elles er utestengd eller uaktuell. Delvis fordi øya, med sine lokale kjennemerke, heile tida blir knytt til langt større og meir universelle samanhengar gjennom språket. Noko av det eg oppdaga då eg tok til å skriva dikt, var det sterke poetiske potensialet som ligg i kanaans språk, i bedehusets ordtilfang. Bedehusets innside, utside og ikkje minst dør, er forresten eit anna slikt kraftfelt, som har ein tendens til å trekkja til seg diktet. Naturleg nok, fordi øykulturen har eit brennpunkt der. Og på bedehuset finst bibelspråket, som knyter det mest lokale, vestlandsk kristendom, til det mest universale, bibelspråket som er knytt til vestleg litteratur i eit par årtusen.

Men kjennskap til og identifikasjonen med det

nære og kjende er også ein føresetnad for å skriva om det store og fjerne. I *Babettes gjester* reflekterer eg over det alt i tittelen. Utgangspunktet er Karen Blixens novelle «Babettes Gjestebud», som vart filmatisert sist på 80-talet. Då eg såg filmen, slo det meg at dei jyllandske fiskarane som får delta i gjestebodet likna på mine forfedre langs Boknafjorden: tunge, mørke klede, fiskar som yrke og ein sterk pietistisk og puritansk moral. Det er eit vakkert paradoks at desse sterkt asketiske menneska i fortellinga får ta del i ei livsnytning dei eigentleg er mot, samtidig som dei trur på det i religiøs forstand. Babettes gjester har ingen føresetnad for å forstå kor fin mat og god vin dei nyt, men dei forstår likevel måltidet dei deltek i, fordi det er eit heilagt måltid. Dette paradokset synest eg høvde godt også på det litt eldre Ryfylke-miljøet, og eg tenkjer då attende til mine besteforeldres generasjon.

I denne boka plasserer eg J. Alfred Prufrock i Boknafjorden. Det er ein littrær figur, kjend frå T. S. Eliots første verkelege oppsiktsvekkjande dikt, nemleg «The Love Song of J. Alfred Prufrock». Det er ein lang monolog frå ein innelukka person som fører ein endelaus samtale med seg sjølv om han skal tora å nærma seg livet. Når han tilsist nærmar seg noko som kan vera ei handling, eit initiativ, ser han føre seg at det vil enda med drukningsdøden. I mitt dikt startar eg etter Eliots dikt. Profrock har nærma seg ei kvinne, og no driv han omkring i Boknafjorden, kanskje drukna, kanskje berre medvitslaus. Og kvinna vil vekke han med sin kjærleik.

Frå mi side er dette eit tilsvar til eit av dei dikta eg set høgast i litteraturen. Men det er også eit slags program: alle dei impulsane vi møter frå det store og ukjende, må plasserast og makast i eige landskap. Den gamle spenninga mellom lokalt og universelt vil

alltid fylgja oss. Det er inga løysing å gløyma all lokal tilknytning og kasta seg inn i det fjerne og urbane. Men det har like lite føre seg å stengja seg inne med sine nære referansar, og vera seg sjølv nok. Ein må føra det nye ein tileignar seg, inn i sitt eige landskap. Så ser ein også klårare kva det er verd, og kva eins eigen kultur er verd. Nokre av dei diktarane eg set høgast, har gjort nettopp dette. Göran Tunström skriv seg opp mot Homer frå sin barndoms Sunne, Olav H. Hauge sit i Ulvik og les dei gamle kinesarane, og ser føre seg korleis han skulle teke dei med i eplehagen og servert dei sider. Kjartan Fløgstad demonstrerer Adorno, Habermas og Baudrillard's teoriar med utgangspunkt i sitt eige Sauda. For idear må ikkjøstast, dei må lokalisertast, elles kan vi ikkje forstå dei.

I den siste boka mi har eg med vilje ført saman Ryfylkerøyndommen med heilt andre impulsar. Eg tenkjer meg korleis det ville gått med Mozart om han hadde vakse opp på Bru, ein stad han faktisk aldri kom, trass i omfattande turnéverksemd:

Han Mozartt var aldri på Bru. Han kunne trylla ein himmelsk menuett ut av det gamle trøorgelet på bedehuset. Frå skulekorpset kunne det stige opp ein hornsolo som hadde stoppa ferjene og fått krettura til å slutta å tyggja drøv. Men han Mozart kom aldri til Bru. Å, for ein Lacrimosa han kunne fått ut av det litle blandakoret, med berre to tenorar og ein bass som gjekk ned på korteforten på dei lågaste tonane. Men Mozart kom aldri til Bru.

*Og likevel høyrer eg Mozart på Bru
Ei dørstilte morgon i mai
Ein obo stig opp som ein måke i vind
Når ferja skal leggja til kai*

Med dette diktet vil eg seia noko både om Mozart og om Bru. Eg teiknar eit litt humoristisk bilete av øya, og samanlikninga fell ut til Mozarts fordel først. Men ettrkvart kjem varmen i det vesle samfunnet fram, og eg lovar han i alle fall ei skikkeleg gravferd og eit minnemøte, noko han jo ikkje fekk i Wien. Men i tillegg seier eg også at Mozart, som for meg er inkarnasjonen av det musikalske fullkomne, også er tilstades i det poetiske Ryfylke: det er han eg høyrer i vind og regn, det er han som gret når sommaren er slutt og som gir tonar til vår sorg. Slik blir diktet ein hyllest til Bru, like mykje som til Mozart.

Eg morar meg også med ro Leonard Cohen rundt i Ryfylke i ein gammal færing. Det som slår meg med Cohen, er nemleg at hans kulturkritikk faktisk minner ikkje så lite om bedehusets utlegging av byen som Sodma. Lenge etter at bedehusets folk har pålagt seg stor varsemnd i omgangen med apokalypsen og dei siste ting, slynger Cohen ut den eine dommedagsteksten verre enn den andre. Dette diskuterer vi så, der vi ror frå øy til øy. Cohen siterer frå tekstane sine, om svarte framtidssyner og undergang, og eg prøver å forklara han at den typen urbant partnerbytte med tilhøyrande sårt hjarta og melankoli ikkje

let seg gjennomføra på bestefars tid: dei hadde det rett og slett for travelt på garden til å reflektera over kor sterkt «hurt by lov» dei kunne vera.

Igjen blir det ein kombinasjon av hyllest til Cohen, som eg set høgt, og ein mild kritikk frå ein kultur som både står svært fjernt og overraskande nært den Cohen presenterer. Dermed vil eg skapa det den tyske filosofen Gadamer omtaler som «Horizontsverschmelzung»: horisontane frå eit kjent og kjærte landskap flyt over i og saman med horisontar som finst i lesnad og opplevingar som kjem til oss andre stader frå. Det er alltid slik vi vil oppleva impulsar utanfrå. Eg prøver berre å gjera prosessen ekstra tydeleg. Og skal ein først smelta saman med ein horisont, kan det tenkjast nokon vakrare enn den store, opne, blåskimrande horisonten i Ryfylke?

Jan Inge Sørbø (39) er amanuensis i litteratur ved distriktshøgskulen i Volda og redaktør for Syn og Segn. Han er elles ein kjent skribent i Stavanger Aftenblad som han framleis er knytta til som freelance-journalist. Dikta i denne artikkelen er henta frå dei tre diktsamlingane Lågt skydekke (1986), Babettes gjester (1988) og Blåmalar og litt lakkerar (1993). Jan Inge Sørbø har og gitt ut ein roman om Aleksander Kielland og fleire debattbøker.

Eit eventyr om øyidentitet

AV SIGRID BØ GRØNSTØL

Identitet er eit omgrep som blir flittig nytta. Men det er ikkje noe enkelt omgrep. Og finst det nå endatil ein eigen ryfylkeidentitet? Sigrid Bø Grønsto har gått gatelangs i Bergen og togge på dette til ho blei nokså nedstemt. Ikkje hadde ho paraply heller og regnet auste ned. Men så traff ho tre gode hjelparar. Det letta på pusten.

«Den som elsker ei øy på vår jord, han elsker det avgrensa og det grenselause», skreiv Alfred Hauge i hytta si på Sjernarøy i 1974. Øya er avgrensa – havet er grenselaust. Er det slik me er i sjela? Er dette vår identitet?

Lokal identitet er i some krinsar blitt umoderne. «Det er trær som har røtter, ikke mennesker» skreiv ein postmodernist i eit tidskrift nyleg. «Dersom jeg ikke har røtter, hvorfor gjør det da så vondt når de skjæres over?» skreiv ein annan i eit motinnlegg.

At mennesket ikkje har identitetskerne inni seg, skal visstnok kunna begrunnast filosofisk. Det skal ikkje eg prøva på nå. Derimot skal eg fortelja om ein tur eg hadde til Bergen for knapt ein månad sidan. Eg hadde sagt ja til å halda eit kåseri om ryfylkeidentitet og gjekk rundt i gatene i Bergen og tenkte og togg på dette vanskelege ordet identitet. Om det er slik som postmodernistane seier, at lokal identitet ikkje finst, korleis skal eg då kunna seia noko om ryfylkeidentitet? tenkte eg og blei nokså nedstemt. Ikkje hadde eg paraply heller og regnet auste ned.

Men så fekk eg ein ide. Du kan jo berre *lata* som


om identiteten finst, sa eg til meg sjølv. Du kan ta fram dei lokale syttandemaiordorda, du kan snakka om steingardar og tvillingsauer og grøne beite, om askar og hagtorn skeive av nordavind og sol som går ned over Bokn. Deretter tar du oppvekseten på femtitalet, og så er det bare å mana det fram: basarane og juletefestane, krambua og krossen, sildafisket og slaktesjauen, vekkelsane, voksdukan og vaskestampene. Og når du har halde på sånn ei stund, så sit alle der og *føler* ryfylkeidentiteten – og då er vel alt i orden?

Men nei, den gjekk ikkje. Det er ikkje femtital nå, tenkte eg, det er nittennitti. Og folk på øyane som nå skal venna seg til at utmarka på Galta er blitt trafikknutepunkt på Vestlandet, gidde vel ikkje sitja der og høyra på femtitalsnostalgi. Og dermed var eg like langt med identiteten.

Men så kom eg på det. Var eg ikkje i ein universitetsby? Kunne eg ikkje vera journalist og intervjuua kloke folk? Son tenkt, så gjort.

Den første eg traff på var ein psykolog.

God dag, psykolog, sa eg, kan du fortelja meg kva identitet er?



På leit etter øyidentitet 1: «Du kan snakka om steingardar og tvillingsauer og grøne beite, om askar og hagtorn skeive av nordavind og sol som går ned over Bokn». Bildet er frå Kaldheim, Jørstad på Ombo kring 1950 og er utlånt av Rasmus Golf.

– Identitet, sa psykologen, det er følelsen av at du er den same over tid samtidig med at du blir litt ny kvar dag. Alt er statisk og alt er dynamisk, sa han med ei omskriving av Søren Kirkegaard. Og så kom psykologen med eit vakkert bilde.

– Mennesket er ein sirkel som pustar, sa han. Du pustar når du utvekslar din eigen identitet med andre. Ein sirkel som pustar er elastisk. Identitet er både trygghet og bevegelse. Er du ikkje trygg nok, blir sirkelen uelastisk. Han sluttar å pusta.

Nå følte eg at me var inne på eit godt spor og psykologen gjekk vidare med det vakre bildet sitt.

– Om sirkelen skal pusta må det vera god balanse mellom det kjende og det ukjende, sa han. Blir det for mange nye og ukjende ting, kan også det gå ut over elastisiteten. Sirkelen stivnar.

Nå – på dette punktet i intervjuet – nemnde eg Rennfast.

– Også den felles kulturelle identitet må pusta, sa psykologen. Eit samfunn som lukkar seg stramt om

sine egne verdiar og normer og held andre impulsar ute, pustar ikkje. Det stivnar. Men utviklinga kan sjølvstøtt også gå for fort. Då kjem angstsymptoma, kulturen misser tryggheten og elastisiteten og får pustebesvær.

Eg gjekk tankefull vidare. Femtitalet på Rennesøy hadde dukka opp igjen. Eg kom til å tenkja på kånene som snakka pent i telefonen til dama i frisørsalongen når dei skulle til byen og ta permanent. Og hybellungdommen sitt strev med å leggja av seg d'en i kjedlaren og den tjukke lyden i bakkjen. Kjellaren, sa me, fjellet og bakken. Var det å pusta? Då forsto eg det. Rennesøy på femtitalet var eit lite lukka utkantsamfunn som i møte med storsamfunnet hadde stivna i tafatte grimaser.

Dette var triste tankar å gå i regnet i Bergen med. Heldigvis var eg ikkje trist lenge – for nå traff eg på ein biolog.

– Goddag, biolog, sa eg, kan du fortelja meg kva identitet er?

Biologen – som til dagleg låg i myrane med kikert og studerte korleis vipene oppførte seg i paringssesongen, tenkte seg litt om. Så sa han:

– I fugleverda snakkar me helst om gruppeidentitet. Ei hypotese i biologien er at familien og slektskapet er overordna individet. Individet må ofra seg for at gruppa skal overleva. Dermed blir det danna samfunn der alle er nokså like, sa han. Gruppeidentiteten bygger på gjenkjenning av artsfrendar som har same lukt, same fargar og same oppførsel. Dette går bra så lenge det ikkje kjem andre individ og gjer krav på territoriet. Men om det kjem inntrengarar, byrjar fuglane å slåss. Hannane føler trusselen om *snikkopulering* av hoene og prøver å jaga inntrengarane vekk.

– Snikkopulering, gjentok eg for meg sjølv, og

dermed dukka femtitalet opp igjen. Nå tenkte eg på ungdomshuset på Østhusvik når det kom finnøybuar og mosterøybuar og baud opp jentene til dans. Og eg såg for meg både plaster og blod og utslåtte tenner og sting hos doktoren. Mens biologen, som var eit byens barn og altfor ung til å ha opplevd noko sånn som ein skikkeleg slåsskamp på eit landsens ungdomshus, snakka vidare om sitt.

– Nå kjem ein periode der fuglane stadig prøver styrken mot kvarandre. Men så finn dei ut at omkostningane ved å slåss blir for store. Dei forbrukar energien og det går ut over mattilgangen. Så deler dei heller territoriet mellom seg og lever deretter i fredeleg sameksistens. Dermed skjer det ny *habituering*, sa biologen.

Hos meg, som stadig tenkte på ryfylkeidentiteten og Rennfast hadde det nå dukka opp eit nytt spørsmål.

– Kan ikkje påkjenningane på habitatet rett og slett bli for store? spurte eg.

Irreversibel miljøpåkjenning, mumla biologen med seg sjølv. Sjå på vipene, sa han. Om bøndene byrjar å dyrka myrane meir intensivt og for eksempel slår graset to gonger, stiller dette store krav om omstilling til fuglane som har reira sine der. I verste fall kan dei fordrivast frå området sitt.

Det er då det er viktig med *plastisitet*, sa han og nå brukte han måkane som eksempel. Måkane brukar mange habitat, taklar ulike leveforhold. Dei kan det med å omstilla seg, sa biologen begeistra. Eigentleg er dei sjøfuglar, men du finn dei like gjerne på fjellet i Finse eller oppe i Gudbrandsdalen. Plastisitet, omstilling og ekspansjon, sa han. Det er viktigare enn å krangla om hoene og om maten.


Om me nå hadde snakka om ryfylkeidentitet eller bare om fugar, var eg ikkje sikker på då eg gjekk



På leit etter øyidentitet 2: «Femtitalet ditt er historie, sa eg opprømt til meg sjølv. Fortid. Gamle dagar.» Sjette og sjuande klasse på Kyrkjøy skule 1957. Lillian Foss, Marit Tandrevoll Ruth Norheim, Trygve Berget, Anders Rødne, Jostein Larsen og lærar Ivar Nedrebo. Leif Larsen, Lily Aukland, Ingebjørg Kalheim, Mette Hauge og Osmund Lund. Dei blei avfotograferte fordi Mette Hauge hadde vunn forstepremie i ein stilkonkurranse. Foto utlånt av Anders Rødne.

vidare i regnveret. Men eg fann raskt tråden igjen – for nå traff eg ein *etnolog*. Og der var eg jammen heldig. Er det noka faggruppe som er ekspertar på kulturell identitet, så er det vel nettopp etnologane. Og dei studerer folk, ikkje fuglar. Så henne inviterte eg med på kafe. Og etnologen ramsa villig opp: den kulturelle identiteten ligg i tilhøyrighet, tradisjonar, skikkar, normer og verdiar. Og i materiell kultur, sa

ho, hus og bygningar, reiskapar, klær og mat. Tilfeldigvis så kom denne etnologen direkte frå universitet der ho hadde halde førelesing. Og me hadde ikkje før fått kaffien servert, før ho sette i gang med å snakka om det som var emnet hennar den dagen: integrasjonen av samekulturen i det norske samfunnet. Sjå på samane, sa ho. Det er ein liten kutur som er truga av ein større. Nå samlar dei seg og mobili-



På leit etter øyidentitet 3: «Gradvis, i trygt tempo og god veksling mellom det kjende og det ukjende, hadde me lært oss det. På dampbåtane, på øybuen og på Sandeid, deretter på Snøgg og på Ekspress og på Bokn. Så på bilferjene, på pendlarrutene og hurtigbåtane. Og i postkassane, telefonane, datamaskinane. Ryfylkeidentitten pusta.» Ombofjord med Magnus Kalheim på brua ca. 1935. Foto utlånt av Håkon Eide.

serer egne verdiar. men skular, sameting, litteratur og kunst. Dei utviklar sin eigenidentitet nettopp i møtet med storsamfunnet. No mobiliserer dei, for

ikkje å gå under. Dermed blir eigenidentiteten forsterka. Det er nettopp i møte med det framande det skjer. Ein minoritetskultur *må* oppføra seg sånn, sa etnologen. Viss ikkje blir han slukt.

Kulturell sjølvmobilisering, sa eg til meg sjølv. Og nå lysna det. Hadde ikkje eg sett ein dugnadsgjeng på kyrkjegarden på Sørbø sist lørdag? Kvifor hadde det kome flomlys på den gamle kyrkja akkurat nå? Og kven hadde vel ana at nøkkelen til norsk busetnadshistorie låg nettopp i utmarka på Galta? Det var interaksjonen med storsamfunnet som hadde vist oss det – veibyggarane med sine gravemaskinar, arkeologane med sine teskjeier.

Femtitalet ditt er historie, sa eg opprømt til meg sjølv. Fortid. Gamle dagar. Kva tid hørde du sist ein ungdom frå Ryfylke knota i Stavanger? Og om ein skamslått Finnøybu på ungdomshuset?

Då såg eg det: Dei stivna og tafatta grimasane som femtitalsøya hadde møtt storsamfunnet med, dei flate sirklane, var blitt til store, fine, elastiske og trygge rundingar. Kommunikasjonane, utvekslinga med storsamfunnet, hadde lært oss å pusta. Gradvis, i trygt tempo og god veksling mellom det kjende og det ukjende, hadde me lært oss det. På dampbåtane, på øybuen og på Sandeid, deretter på Snøgg og på Ekspress og på Bokn. Så på bilferjene, på pendlarrutene og hurtigbåtane. Og i postkassane, telefonane, datamaskinane. Ryfylkeidentiteten pusta.

Dermed var dagen min i Bergen til endes. Og nå hadde det slutta å regna. Tunnelane og bilane kunne bare koma. Me var klare. Kulturell sjølvmobilisering, hadde etnologen sagt. Plasisitet og ekspansjon, hadde biologen sagt. Ein kulturell identitet som pushtar er trygg, hadde psykologen sagt.

Den som elsker ei øy på vår jord, han elsker det avgrensa og det grenselause, skreiv Alfred Hauge.

Sigrid Bø Grønstøl (49) er cand. philol med norsk litteratur som hovudfag. Ho er amanuensis i journalistikk ved Høgskolesenteret på Ullandhaug i Stavanger. Ho er busett på Sørbø på Rennesøy

og skreiv i siste nummer av FOLK i Ryfylke om «Jenteliv på krambua».

Siglarholmen

Ei snau halvmil innanfor låg det ei onnor øy, mykje større enn Siglarholmen. Jarøya heitte ho, og var låg og langstrakt. Sume stader breidde det seg vide myrar og lyngmoar, men på andre leier var det fine gardar med åker og eng og kvite hus og raude løer. Det budde velstandsfolk der.

Men ute på Siglarholmen var det berre armoda, og hadde visst aldri vore anna. Folk undrast på korleis nokon kunne ha slått seg ned der. Men slikt var fåfengt å tenkja på. Dei var der no ein gong, og dei måtte berga livet som best dei kunne. Det hende jamt at dei rodde havstykket mellom øyane dag etter dag i onnene for å tena ein skilling på gardsarbeid hjå bøndene. Og i fiske-tidene hadde karane slite i open båt mannsalder etter mannsalder.

Låg og småknausut var Siglarholmen. Hus og alt der var, hadde vore truga av storm og springflo meir enn ein gong. Og det var ein gamal spådom om holmen; han lydde slik: Når det mennesket bur der, som ikkje får døy, då skal havet leggja Siglarholmen i kav, så ikkje livet finst att.

Den dagen var ikkje komen enno, endå det hadde røynt hardt meir enn ein gong. Og når uversbrosa var over, kleiv kvar mann på sitt hustak og la på heller og pannestein, eller dei gjekk i stranda og fann drivplan- kar og bord og slo fast på nover og vegger til bot for det som var rive av.

Det var berre snauberget allstad på Siglarholmen så nær som midtetter. Der tøygde det seg eit smalt, lågt eid med skrinn sandjord. Denne teigen åtte Martinius,

eller Martinius med plagget som dei gjerne kalla han. Det var nokre få mål, så mykje han fødte ei ku og hadde ein grann poteter. I onnene dreiv han tilmed og pløygde med kua, Teodora som ho heitte. Hest hadde det visst enno aldri vore i land på Siglarholmen.

Mot dette eidet skar sjøen seg inn til ein våg både på ytre sida og innsida. Beste hamna fanst på innsida, og der hadde storfolk frå byen sett opp lange bryggjer og store saltarbuer. Monrad Krohn heitte han, mannen som dreiv det no, men på Siglarholmen bar han aldri anna namn enn Saltar-Monrad.

Ikkje rettare folk visste, var det ein av forfedrane å Saltar-Monrad som fyrst hadde bygt saltarbuer på Siglarholmen. Det skulle no vera på lag eit par hundre år sida. Men på eidet der Martinius budde, var det merke etter hustufter som nok munde vera frå mykje eldre tid.

Grunnen til at saltar-buene var bygde einstad så langt ut mot opne havet, var for det fyrste den at her hadde dei silda på plassen. Og så var det laglegare for skip som kom frå utlandet, frå Prøyssen og Holland og Skottland, å henta henne her ute enn å gå lenger inn. Dei gamle Krohn-ane hadde hatt teft slik, og dei hadde tent seg rike på forretningen.

Og folket på Siglarholemn dreiv sakte og salta sild for Krohn-ane no som før. Men lønene vart små, for Saltar-Monrad var like gniten som han var rik, og han kunne gjera med sitt som han ville. Difor heldt armoda ved.

Frå «Storm over Siglarholmen» som Alfred Hauge skreiv i 1945.

Kulturminnesenter i Rennesøy

AV ROY HØIBO

På oppdrag frå Rennesøy kommune har Ryfylkemuseet greidd ut planar for eit kulturminnesenter i Rennesøy. Initiativet kom frå Næringsrådet i Rennesøy, og hadde den enkle bakgrunnen at næringsrådet såg utveg til å få folk til å komma til Rennesøy om det var noe å sjå der. Og kjem det folk vil dei kanhende legge att både bompengar, matpengar, handlepengar og andre pengar, tykkje Rennesøy er ein gild stad i verda og skape grunnlag for busetting og nye arbeidsplassar. For kulturminnevernet har det gitt høve til å framstille ei nyskaping av ein formidlingside. Og blir det noe av, kan publikum frå sommaren 1996 gjera ein interessant stopp i eit overveldande fjordlandskap ved Sørbø-kyrkja og få del i 11000 år med kulturhistorie.

Da Rennfast-sambandet skulle byggast, måtte mulege kulturminne i vegtraseen registrerast og granskast. Registreringane starta i 1988, nærmare granskingar av enkelte funn i åra etter. Da utgravingane blei avslutta i 1992, var det undersøkt eit 100-tal buplassar, gravhaugar og ei nausttuft i og omkring vegtraseen. Mellom dei funna som nå er gjort er spor etter den eldste påviste buplassen i Norge.

Frå før var Rennesøy allereide kjent som ein kommune med rike funn av fornminne. I kulturminneplanen for Rogaland (utarbeidd 1987) er det registrert 480 fornminne eller fornminneområde i Rennesøy kommune, med tilsaman 1600 enkeltobjekt. Mellom desse blei 38 område sett på som høgt prioriterte og foreslått verna gjennom regulering til spesialområde etter Plan- og bygningslova. Med dette er Rennesøy den kommunen i Rogaland som har flest fornminne. Materialet viser at Rennesøy

kommune har vore eit sentralt busettingsområde gjennom alle periodar i forhistorisk tid.

I tillegg rår Rennesøy over kulturminne av stor nasjonal interesse frå mellomalderen, og her er registrert eit 70-tal faste kulturminne frå nyare tid attåt rike samlingar i bygdemusea.

På denne bakgrunnen var det at Næringsrådet i Rennesøy tok initiativ til å få greidd ut ein ide om eit «fornminnesenter» i Rennesøy.

EI REISE GJENNOM 11 000 ÅR

Allereide for 14000 år sidan blei dei ytre delane av kysten i Rogaland isfri, men det er lite sannsynleg at menneska fann vegen hit da. Først eit par tusen år seinare (Bølling, 14000–12000 år før nåtid) var kyststripen blitt stor nok til å gi rom for eit dyreliv som kunne gi grunnlag for jakt. Men på denne tida kom det ein ny kuldeperiode, som vanskeleggjorde busetting.

Det var først for 10000 år sidan at vi fekk ei varig klimaforbetring som på sitt beste (Atlantisk tid 8000–5000 år før nåtid) baud fram eit klima som vi må til sydlegare breiddegradar for å finne maken til i dag.

Ved Tranhaug på Galta er det i siste delen av istida blitt påvist ein buplass som har vore i bruk i tida 9000 og/eller 8400–7800 f.Kr. Spor etter så tidleg busetting er det ikkje funne her i landet tidlegare.


Dette var truleg isbjørnjegarar og sjøbrukarar som budde her noen veker om gongen. Kanskje kom dei frå meir permanente bustader i Nord-Europa der ein har funne buplassar som er frå Yngre Dryas.

Meir varig busetting er det funne spor etter frå tidleg i eldre steinalder (8000–7500 år f.Kr.). Særleg rik på funn var ein buplass på Hesthammer. Materialet viser eit høgt teknologisk nivå og vitnar om nær kontakt med andre menneske på Vestlandet.

Ved overgangen til yngre steinalder (3000–1500 f.Kr.) var klimaet framleis svært godt. Folketalet voks og jorda blei tatt i bruk for dyrkingsformål. Frå denne perioden er det gjort funn på alle øyane i Rennesøy og på mest kvar gard. Men det er først mot slutten av denne perioden det er funne spor som kan tyde på permanent busetting.

Frå bronsealderen (1500–500 f. Kr.) kjente ein ikkje tidlegare til buplassar i Rennesøy, men Rennfast-undersøkingane har avdekka 10–11 buplassar og stader der det har vore aktivitet i denne tida. Av stor interesse er funn av keramikk som er magra med asbest. Dette peikar mot samband til Nordmøre og vidare nordover.

Karakteristisk for yngre delar av bronsealderen var helleristningane. Felt med offer- eller skålgroper, og med båtfigurar, er funne også i Rennesøy. Dei nærliggande, store funna på Austre Åmøy er tolka som spor etter eit religiøst sentrum.



Pilespissar og prosjektilar for buplassen på Galta. Datert til 10.400–9.800 før nåtid. Foto Arkeologisk museum i Stavanger.

Frå førromersk jernalder (500 f.Kr.–Kr.f.) finst det få funn i Norge. Funn av ein keltisk halsring i ei røys på Sørbo er eit av få kjente eksemplar i Norge.



Utgraving av gravrøys frå eldre jernalder på Nordbø. Røysa var nær 20 m i diameter og inneheldt 4 graver: Ein person 20–30 år, to ungdomar eller unge vaksne og eit lite barn, kanskje nyfødt. Foto: Arkeologisk museum i Stavanger.

I hundreåra før Kristi fødsel dominerte keltarane (gallarane) i Mellom- og Sentral-Europa. Det er derfor interessant at keltiske impulsar har nådd heilt opp til Sørbø på Rennesøy.

Frå tida etter Kristi fødsel er funnmengda stadig aukande. Karakteristisk for tida er at ein nå finn spor etter ei rekke gardsanlegg. Her er og registrert ei rekke nausttufter.

Årsaken til den økonomiske blomstringstida og

folkeauken i hundreåra etter Kristi fødsel blir sett i samanheng med den trongen Romerriket hadde for varer og tenester. Også rennesøybuen ser ut til å ha tatt del i denne vareutvekslinga.

Mot slutten av 500-talet minkar funnmengda. Det er nedgangstider. Men nettopp frå starten av det som blir kalla yngre jernalder (600–1030 e. Kr.), eller merovingertida (600–800 e. Kr.), er det første og førebels einaste huset på Vestlandet funne på Sørbø.

| TEMA FOR UTVIKLING AV KULTURBASERT REISELIV I ROGALAND | |
|--|--|
| Temanemning | Aktuelle objekt i Rennesøy |
| Jegerfolket «Den første nordmann» | Steinalderfunnet på Galta |
| Helleristningar | Helleristningsfelta på Austre Åmøy ¹ |
| Jernalder | Gardsanlegget med nausttuffer på Vaula og det ringforma tunanlegget på Vestre Åmøy |
| Rikssamling (Vikingtid) | Kongsgarden på Utstein |
| Kristning | Utstein kloster Mellomalderkyrkja på Sørbo |
| Den gamle garden | Fiskarbonden Husmannsplassen Dalakerkleiva |
| Sild og brisling | Fiske og føring |

| PLAN FOR TILRETTELEGGING AV FASTE KULTURMINNE | | |
|---|-------------------|--|
| Lokalitet | Tidsalder | Objekt |
| A. Åmøy | Bronsealder | Helleristningsfelt |
| Hegraberg | Eldre jernalder | Ringforma tunanlegg, gravhaugar, bauta |
| Vaula | Folkevandringstid | Gardsanlegg og naust |
| Klosterøy | Forhistorisk tid | Kulturlandskap med element frå alle tidsperiodar |
| | Mellomaider | Utstein kloster, restaurert |
| Dalaker | Nyare tid | Husmannsplass, restaurert |
| Sørbo | Forhistorisk tid | Gravrøyser, nausttuff, bauta |
| | Mellomalder | Sørbo kyrkje, restaurert |
| Sørbo—Vikevåg | Nyare tid | Ferdelsveg, torvmyr |
| Sørbo—Hauske | Nyare tid | Soknegrense |
| Prestvågen, Hauske | Nyare tid | Naustmiljø |

Frå vikingetida (800–1030 e.Kr.) er det igjen rike funn. Her må ha vore eit blomstrande samfunn i Rennesøy på denne tida. Og på Utstein var ein kongsgard. Harald Hårfagre skal ha likt seg der.

Det er muleg at Harald (ca. 860–ca. 940) sat på Utstein allereide før slaget i Hafrsfjord (ca. 880–890 e.Kr.). Utstein var ein av fleire viktige kongsgardar langs kystleia på Sør-Vestlandet. Disse blei økonomiske og administrative sentra for kongedømmet, og naturlege knutepunkt i leidangforsvaret.

Det var truleg Magnus Lagabøter (1238–1280, norsk konge 1263) som tok til å bygge ein kongsgard av stein på Utstein ca. 1260. I 1264 flytta Magnus til Bergen. Da blei Utstein og ei rekke andre eigedomar gitt til Augustinerordenen. Samtidig blei det gamle Olavsklosteret i Stavanger og eigedomane til klosteret slått saman med Utstein-godset. Det var såleis munkane i Olavsklosteret som flytta til Utstein og fullførte bygginga av klosteret i siste delen av 1200-åra.

Reformasjonen gjorde det slutt på klosterlivet på Utstein. I 1539 blei klosteret plyndra og brent.

Klosteret kom under vern som kulturminne frå 1926, og blei restaurert i 1950- og -60-åra. Det er nå landets best bevarte kloster.

Eit anna, viktig minne frå mellomalderen er kyr-

| TEMA FOR HOVUDTSTILLINGAR VED KULTURMINNESENTERET | | |
|---|--|--|
| Tema nr. | Tidsperiode | Deltema |
| 1 | Eldre steinalder Før 3000 f.Kr. | Samband mellom kontinentet og den isfrie kysten av Norge |
| 2 | Yngre steinalder 3000–1500 f.Kr. | Flinthandel og kontakt med Danmark og Skåne |
| 3 | Bronsealder 1500–500 f.Kr. | Importfunn av bronse, religiøst senter på Åmøy |
| 4 | Eldre jernalder 500 f.Kr.–600 e.Kr. | Nausttuffer som vitnemål om stor kontakt utad (romerriket), bygdeborgar som vern mot uønska kontakt |
| 5 | Yngre jernalder 600–1030 e.Kr. | Vikingetid med stor handel, kongsgard |
| 6 | Mellomalder 1030–1536 e.Kr. | Tingstadene, klostertid, kyrkjebygging |
| 7 | Nyare tid Etter 1536 | Bonde og fiskar, byferder, Bergenshandel, fjordafart, kystfart |
| 8 | Nåtid | Frå båt til bil, fjordkryssing med ny teknologi (Rennfast, Høgsfjorden), ferjefritt Ryfylke, kyststamveg |

kja på Sørbø, som ved sidan av kyrkja på Sør-Talgje, er den eldste ståande bygdekyrkja i Rogaland. Ho blei truleg bygt kring 1140.

Kyrkja var opphavelig ei gardskyrkje. Det vil seia at det på Sørbø må ha vore eit gammalt stormannssete. Frå 1308 blei kyrkja gjort til eit av 14 kongelge kapell i landet og nemnt St. Peters kyrkje.

Kyrkja er blitt ombygt fleire gonger, sist i 1884. Ved ei restaurering i åra 1963–66 valde ein å tilbakeføre ulike delar av kyrkja til ulike tidsperiodar.

Kongsgarden, klosteret og kyrkja er sentrale element i den samfunnsforminga som skjedde i mellomalderen, og som fekk konsekvensar for den administrative organiseringa like opp til vår tid.

Jordbruk, fiske og sjøtransport blei hovudlevevegane i Rennesøy, som oftast i kombinasjon med einannan. Klimaet og jordsmonnet og gode vilkår for korndyrking ga grunnlag for bytthandel med folk frå fjord- og fjellbygdene.

Potetavlen la grunnlag for ein særleg fart til Bergen. Frå først av blei det meste av jordbruksprodukt selt i Stavanger og Haugesund, men frå 1880- og -90-åra tok ein til å føre poteter til Bergen, og dette blei etterkvart ein svær trafikk.

Dei fleste gardar åtte partar i notbruk. Da vårsildfisket tok seg opp utetter på 1800-talet, blei Rennesøy eit sentrum for utrusting til fisket.

Frå nyare tid (etter 1536) er det registrert 69 faste kulturminne i Rennesøy. Av desse er 19 vurderte som høgt prioriterte kulturminne, mellom desse dei tre kyrkjene på Utstein, Hauske og Aske.

Av andre kulturminne det har knytta seg særleg interesse til er gardsanlegget på Førsvoll, Vikevåg slipp og eit sjøhus på Bru.

Steinbygde hus, naust, brygger, gjerde, bautasteinar og grensemerke er karakteristiske for Rennesøy.

Ein finn stein i utstrekt bruk som byggemateriale, og til formål som er lite kjent andre stader.

Rennesøy bygdemuseum, under det kommunale kulturutvalet, eig gjenstandssamlingar på Rennesøy og Mosterøy, tilsaman kring 1 000 nummer. Begge samlingane kom i stand på 1950-talet og omfattar reiskap og inventar frå det gamle fiskar-bondesamfunnet.

På Dalaker eig museet husmannsplassen Bakken frå 1850-talet, der bygningen, ein samanbygd stove- og løebygning, er restaurert og i god stand.

Det er dessutan store kulturlandskapsinteressene som er knytta til Rennesøy. Ei kartlegging av verdfulle kulturlandskapsområde i Rennesøy som er fullført våren 1993, viser at store delar av kommunen fell innfor område av slik karakter. Fleire av desse områda ligg i direkte tilknytning til faste kulturminne av stor interesse.

STORT PUBLIKUM

I eit notat frå fylkeskultursjefen blir det peika på ei rekke tema som aktuelle for særleg tilrettelagte formidlingstiltak i Rogaland. Fleire av desse knyter seg til kulturminne i Rennesøy, og kan systematiserast på den måten som er gjort i figur 1.

Styringsgruppa for arbeidet med kulturminnesenteret har samla seg om «Kommunikasjon – kontakt, handel, samferdsel» som eit samanbindande tema for hovudaktivitetane ved kulturminnesenteret. Dette temaet kan systematiserast som i figur 2.

Det ligg elles to hovudidear bak initiativet til å etablere eit kulturminnesenter i Rennesøy. Den eine er ideen om å formidle kunnskap og oppleving om vår felles, nasjonale fortid ut frå den store mengda fornminne som er registrert her og ut frå nyare kulturhistorisk materiale. Den andre er ideen om å eta-

blere attraktive reisemål langs det nye Rennfast-sambandet for å gi bidrag til utviklinga av ei reiselivsnæring. Det overordna målet for kulturminnesenteret er såleis formulert slik: «Kulturminnesenteret i Rennesøy skal vera eit knutepunkt for formidling av kulturminne i Rennesøy frå dei eldste tider til i dag. Senteret skal bidra til utvikling av næringsgrunnlaget i Rennesøy.»

Ut frå denne formuleringa er det formulert fire hovudmål som til ein viss grad er knytta til ulike geografiske nivå:

- Kulturminnesenteret skal formidle samanhengar mellom kulturminna i Rennesøy og den nasjonale historia.

- Kulturminnesenteret skal formidle samanhengar mellom ulike delar av Rogaland og Ryfylke.

- Kulturminnesenteret skal styrke den lokale kulturen og gjera folk i Rennesøy medvetne om eige kulturgrunnlag og dei ressursane som ligg der.

- Kulturminnesenteret skal styrke den lokale næringsutviklinga gjennom å skape eit utvida kundegrunnlag.

Med det nye Rennfast-sambandet ligg Rennesøy svært sentralt til i Rogaland, og ein må kunne rekne både Nord-Rogaland, Jæren og delar av Ryfylke til eit nærområde for dagsturistar. Innafor dette området finn ein eit folketal på nær 300.000. Hovudtynga av dei som her er medrekna vil kunne kjøre til Rennesøy på kring ein time.

Skulane i nærområdet vil ha særleg interesse av kulturminnesenteret. Forholda ligg godt til rette for å utforme tilbod av interesse for skulane og såleis gi grunnlag for heilårsdrift av senteret.

Eit viktig element i marknadsføringa mot fjernmarknaden er samarbeidet om «Nordsjøvegen» som nettopp i Rogaland knyter saman sentrale attraksjo-

nar sør og nord for Boknafjorden (Hå Gamle Prestegard, Hafrsfjord, Gamle Stavanger, Domkyrkja, Tungenes Fyr, Skudeneshavn m.m.)

Konklusjonen er at eit kulturminnesenter i Rennesøy har eit uvanleg stort potensiale, men at ein må stille store krav til utforminga av tilbodet om ein skal nå i ein vesentleg del av dette potensialet.

OPPLEVING OG KUNNSKAP

Formidling av kunnskap er ein hovudaktivitet ved kulturminnesenteret. For å nå det breie publikumet i nærområdet, har ein tankar om at ein må søke å forme ut eit besøk ved senteret som ei totaloppleving for gjestene.


Kulturminnesenteret skal ha innandørs utstillingar som skal byggast opp ved hjelp av autentiske gjenstandar, bilde, teikningar, tekst og modellar. I tillegg vil ein legge vekt på å bringe lyd inn i utstillingane. Utstillingane skal ha eit nøkternt format, men ein vil søke ein høg kvalitet på formgivinga.

Attåt ulike temaustillingar, vil det vera naturleg å sjå utstillingane til Rennesøy bygdemuseum i samanheng med utstillingstilbodet ved kulturminnesenteret.

I nær tilknytning til kulturminnesenteret bør det leggest til rette for oppleving av ulike sider ved levemåten i forhistorisk tid. Dette vil ein oppnå gjennom såkalla eksperimentell arkeologi. Slike «stasjonar» må byggast opp rundt kopiar av gjenstandsmateriale, og gi høve for publikum til å vinne eigne røynsler.

Ved sidan av å vise eigne utstillingar, skal kulturminnesenteret vera ein sentral og eit utgangspunkt for forståing og oppleving av eit utval faste kulturminne.

Mellom dei kulturminna det tidlegare er gjort greie for, ønskjer styringsgruppa å peike på ei rekke



Hovudutstillingen blir kjernen i eit variert kunnskaps- og opplevingsstilbod

faste kulturminne som særleg aktuelle for tilrettelegging for publikum.

Styringsgruppa foreslår at det blir utarbeidd bildespel for visning i senteret. Aktuelt tema for eit av bildespela kan vera arbeidet med dokumentasjon, granskning og vedlikehald av kulturminne. Ein kan på den måten vise registrerings- og gravemetodar i arbeidet med forhistoria, restaureringsproblematikk i arbeidet med mellomalderhistoria og vedlikehaldsarbeid knytta til nyare tids kulturminne.

For tilreisande gjester vil kulturminnesenteret vera

del av ei samla oppleving. Formålet med kulturminnesenteret må vera at dette skal vera den sentrale delen av opplevinga.

Utgangspunktet for ideen om kulturminnesenteret er eit vegsamand, og det er naturleg å tenke seg at for dei fleste som kjem er besøket ein del av ein biltur. For somme vil bilturen vera hovudsaka.

Kulturminnesenteret kan og vera ein del av ein båttur. Rennesøy ligg fint til i Boknafjord-bassenget og mange av dei faste kulturminna kan opplevast frå sjøen.

For mange vil utøving av friluftsliv vera ein viktig del av ei utflukt. I Rennesøy er det utarbeidd planar for 12 turstiar som delvis følgjer gamle vegfar, og der ein har tatt omsyn til oppleving av dyre- og fugleliv, landskapsformer og kulturminne. Det er også fint å sykle på øyane, og rutebussane er tilrettelagte for å føre sykklar.

MED UTSIKT TIL FJORDLANDSKAPET

Under det førebauende arbeidet med planane er det sett fram ei rekke forslag om lokalisering av senteret. Mellom desse er det to område som har peika seg ut som særleg aktuelle: Sørbo og Nordbovågen på Rennesøy. Men også området Giljeberget/Haraldhaugen på Askje og Finnasand på Mosterøy er i utgangspunktet interessante alternativ. Styringsgruppa har samla seg om Sørbo.

Etter Klosterøy, med Utstein Kloster, er området kring Sørbo kyrkje det området i Rennesøy som kan vise fram den største samlinga av faste kulturminne frå ulike tidsperiodar, og som såleis vil vera eit tyngdepunkt for interessene både til fagfolk og det allmenne publikumet.

Utanom kyrkja vil nausttufta nede med sjøen, og

området med gravhaugar, bautastein m.v. på høgden opp frå kyrkja vera av størst interesse og lettast tilgjengeleg. Men det burde også vera råd å tenkje seg tilrettelegging av det store gravfeltet på Sørbøneset. Heile området mellom sjøen og riksvegen frå Sørbøvågen i sør til Galtavågen i nord er med i registreringa over verdfulle kulturlandskapsområde i Rennesøy kommune.

Ein særleg kvalitet ved Sørbø er den fine utsikten ein får over fjordlandskapet. Dette blir forsterka når ein kjem opp i høgden, som ein gjer om ein følgjer den gamle ferdselsvegen over mot Vikevåg som er planlagt lagt ut som turveg.


Langs denne vegen finst det ytterlegare fornminne frå jernalderen, og det burde vera råd å legge forholda til rette for å besøke bygdeborgen på Nordbø. Vegen er dessutan den same vegen som bøndene på Sørbø brukte da dei skulle til myrene på høgdedraget for å skjera torv. Her ligg såleis vel til rette for å vise denne aktiviteten.

Den største kvaliteten ved vegen ligg likevel i dei naturopplevingane som han gir høve til. Ved sidan av å gi godt høve til å oppleve intensiteten i storlandskapet utetter fjorden og innetter Ryfylke, går vegen gjennom eit lyngheilandskap som blir rangert høgt i arbeidet med vern av kystlandskapet. Her er dessutan ein sjeldan stor artsrikdom av planter og fuglar.

EIT LANGHUS I TRE OG STEIN

Styringsgruppa har bedt arkitektkontoret Kon-Sul A/S på Sand, om å utarbeide ei ideskisse for kulturminnesenteret. Sivilarkitekt Per Fremmersvik omtalar utkastet slik:

«Den snautt 6 da store, nordhellende tomte rommar trafikkareal, ein utstillingsbygning med brutto



Kulturminnesenteret blir ein del av ei totaloppleving

grunnflate ca 500 m², samt uteareal for opphald og aktivitet.

Siktemålet med arbeidet har, forutan å gje tilfredsstillande svar på oppdragsgjevaren sitt program, vore å skapa ein spesifikk stad for oppleving av naturen og fjordlandskapet, samt å organisere ein god rom-messig bakgrunn for formidling av ulike kulturhendingar og kulturminne ute og inne.

«Langhuset», eller den lange bygningsforma med tradisjonelt saltak, er underlagt steingarden (eigedomsgrensa) sin retning, og peikar hen mot Sørbø-kyrkja mot nordvest. Den langstrekke hovudforma dannar ei desidert tun-side mot sør, og tilsvarende eintydig utsynside mot nord. Ut frå hovudforma kjem det overdekka inngangspartiet som tek opp i seg retningen frå bekken og den gamle ferdselsvegen over øya.

Inne i vestibylene finn ein, forutan resepsjon, garderobe og toalett, areal for skiftande utstillingar.




MOT NORD / NORDAUST



MOT SØR / SØRVEST



MOT AUST / SØRAUST



MOT VEST / NORDVEST

| | | | | | |
|----------|---|-------------|---------------------------------------|---------|------------|
| TEKNING: | FASADAR | MÅLSTOKK: | 1 : 200 | DATO: | 15.6.1993. |
| OPDRAG: | RENNESØY KOMMUNE : IDEUTKAST TIL KULTURMINNESENTER. | TEKNA AV: | SIV. ARK. MINAL. PER. FOSHEIMSVÆRE | KONTR.: | |
| | | OPDRAG NR.: | 93007 | REV.: | |
| | | TEK. NR.: | 773 | | |



Kon-Sul a.s

ARKITEKT OG RÅDGJEVANDE INGENIØRKONTOR
Postboks 216, 4230 SAND Tlf. 04 797575


På utsynssida, kvile og eventuell kaffeservering. Rom for administrasjon er tilknytt resepsjonen, og har god kontakt til tun-sida.

Auditorium med 50 sitjeplassar ligg lengst mot nordvest, og har kontakt til eventuelt uteamfi vest om bygningen. I andre enden av bygningen er rom

for hovudutstillingar med lager/verkstad lengst mot søraust. Eige vareinntak/rømmingsveg har overdekket areal for organisering av eventuelle uteaktivitetar ut frå verkstaden.

Bygningen har utvidingsareal mot søraust.

Førebels tankar om materialbruk: Murestein frå



staden. Betongmurstein (gråbrun farge), skifer, tre og glas. På taket bandteking av oksydert kopar (grøn farge).»

Kostnaden er rekna til 6,5 mill. kroner. I tillegg kjem utgifter til utstillingar og andre aktivitetar.

FRÅ IDE TIL RØYNDOM


Styringsgruppa har sett som eit mål at kulturminnesenteret skal vera ferdig til 1. mai 1996. Det er eit optimistisk mål, og det kan berre lukkast å nå dette målet dersom tiltaket i alle organ og på alle nivå blir møtt med velvilje, engasjement og eit samla ønske

| | | | | | |
|----------|---|------------|-----------------------------------|--------------|--------------------|
| TEKNIK: | PLAN & SNITT | MÅLESTOKK: | 1 : 200 | DATE: | 15.6.1993. |
| OPPORAG: | RENNESØY KOMMUNE : IDEUTKAST TIL KULTURMINNESENTER. | TEKNA AV: | SIV. ARK. HVAL, PER FRØMERSVIK | KONTL: | |
| | | | | BRUTTOAREAL: | 500 m ² |
| | | | | OPPORAG NR: | 93007 |
| | | | | TEKNA NR: | 772 |
| | | | | REV: | |



Kon-Sul a.s

ARKITEKT- OG RÅDGJEVANDE INGENIØRKONTOR
Postboks 216, 4230 SAND. Tlf. 04 797575



Kulturminnesenteret vil bli eit samarbeidsprosjekt på tvers av fag og institusjonar

om å få det realisert. I første omgang er forslaget til behandling i dei kommunale organa i Rennesøy, og det ser i skrivande stund ut til at i alle fall den første millionen skal vera på plass før året er omme.

Roy Høibo (45) er førstekonservator og styrar ved Ryfylkemuseet. Han har hatt permisjon frå styra stillingen for å arbeide som prosjektleiar for kulturminnesenteret i Rennesøy.

Årsmelding 1992

Museumsregionen som heilskap har vore særleg i fokus dette meldingsåret. Etter mange års drøftingar gjekk det i mai ut invitasjon til kommunane i Ryfylke om å vera med å forma og styra – så vel som å ta økonomisk ansvar for – regionmuséet gjennom ein stiftelse. I åtte haustveker var Ryfylkemuséet si første vandreutstilling innom alle dei 8 Ryfylke-kommunane. Og tidsskriftet «FOLK i Ryfylke», som kom ut like før jul, tok opp temaet «Samvirke», med regionen som viktigaste innfallsvinkel, regionen både som heilskap og regionen med sine mange småsamfunn som innbyrdes avhengige av kvarandre.

Med regionmuséet sitt ønske om å spela ei rolle i heile regionen kjennes det godt å konstatere at vi dette året i større grad enn før har vore inviterte til å delta i tiltak i Ryfylke-kommunar der vi før har vore lite synlege.

I Finnøy har vi vore med å ta initiativ til ei utstilling om veksthusnæringa, som etter planen skal vera ferdig til sommarene. Veksthusnæringa vil vera eit naturleg satsingsområde for eit museum i Finnøy.

I Strand har vi vore inviterte til å bidra med fagleg hjelp til den museale sida av Stiftelsen «Jørpeland's Brug», der handverk og industri står i fokus, naturlege satsingsområde for eit museum på ein industristad som Jørpeland.

Med Rennesøy kommune har Ryfylkemuséet etablert ein avtale der kommunen kjøper 5 månadsverk i 1993 til utgreiing av eit kulturminnesenter i samband med dei store og viktige Renn-fast-utgravingane, eit senter som òg naturleg vil ha nyare kulturhistorisk materiale som tema.

Vi kan elles gleda oss over at folkemusikkarkivet frå 1/1-92 er etablert som ein fast og integrert del av Ryfylkemuséet. Folkemusikkarkivet har status som ein fylkesdekkjande institusjon om det organisatorisk er ei avdeling av eit regionmuséum. Så kan vi notera at arbeidet med bedriftsarkiva i Sauda har ført fram til eit varig vern i haust, i form av Stiftelsen Sauda Lokalarkiv, som Ryfylkemuséet har vore pådrivaren for å få på plass.

Med omsyn til vår eiga stiftelses-sak kom vi diverre ikkje i mål slik vi hadde ønskt. Likevel har arbeidet med – og tanken om – eit regiondekkjande Ryfylkemuséum fått ein kraftig skuv framover. Kommunane har drøfta Ryfylkemuséet og på denne måten, kjenner vi, vorte bevisstgjorte – og, voner vi, ansvarleggjorte – på kva eit regionmuseum er og kva for rolle det kan og bør spela i regionen og i småsamfunna. Dette var òg hovudbodskapen i vandreutstillinga vi sendte rundt i Ryfylkekommunane: Kva for utfordringar og moglegheiter står eit musealt fagmiljø ved regionmuséet overfor i kommunane i regionen? Utstillinga fokuserte på museum både som kulturvern og kulturskapinge verksemd.

Med omsyn til omorganiseringa står det likevel framleis runder att før premissane for samarbeid og omorganisering er klare.

Vi konstaterte glede over å bli spurt i kommunar vi tidlegare ikkje har spela særleg stor rolle. Den andre sida av dette er at nye aktiviteter og tiltak heile tida må vurderast opp mot kva som er forsvarleg for oss å gå inn i i høve til oppgåver vi alt har teke på oss. Vi kan seia oss fagleg og prinsipielt opne samstundes som vi ressursmessig er nøyde til å vera restriktive i høve kva nytt vi kan ta på oss.

Hovudoppgåva også neste år vil vera å løysa problemet med regionmuséet si ressursstode og dermed grunnlaget for utviding av innsats og aktivitetar.

ÅRSMØTET

Årsmøte vart halde på Sand 26. mars og samla 40 medlemmer. Årsmelding og rekneskap vart godkjende utan merknader og vala vart gjort samrøystes og i samsvar med innstilling frå valnemnda.

Forutan vanlege årsmøtesaker var det oppe to saker på årsmøtet, auke i medlemspengane og saka om omgjeriing av muséet til stiftelse.

Formannen orienterte om arbeidet med å få til ny sty-

reform for muséet og kvifor årsmøtet – etter tidsplanen – ikkje fekk saka til handsaming og avgjerd. Det vart spesielt orientert om det møtet styret nyleg hadde hatt med kommunane i Ryfylkeregionen om denne saka.

Auken i medlemspengane frå kr. 85 for hovudmedlem (og kr. 25 for husstandsmedlem) til kr. 100 for hovudmedlem (og kr. 35 for husstandsmedlem) vart vedteken mot 6 stemmer.

Årsmøtet vart opna med innslag av distriktsmusikarane i Suldal og etter kaffipausen var det lysbiletetekåseri ved Helge Schjelderup, formann i fortidsminneforeininga i Rogaland.

MEMLEMMANE

Muséet har 470 betalande medlemmer pr.31/12-92. Det er på næraste 5 som i dei to føregåande åra. I tillegg kjem 81 personar som enno ikkje har betalt medlemsavgifta for 1992. Muséet hadde elles medlemstoppar på 490 og 493 i 1989 og 1987.

Medlemmene fordelar seg som følgjer mellom ulike kommunar og museums slag:

| Kommune: | Museums slag: | | | Samla medlemstal: | |
|-------------|---------------|------|--------|-------------------|--------|
| | Namn | 1992 | (1991) | 1992 | (1991) |
| Sauda | Sauda | 57 | (64) | 57 | (64) |
| Suldal | | | | 229 | (204) |
| | Suldal | 34 | 32 | (37) | |
| | Jelsa | 19 | (16) | | |
| | Erfjord | 15 | (15) | | |
| | Sand | 141 | (136) | | |
| Hjelmeland | | | | 40 | (26) |
| Strand | | | | 7 | |
| Forsand | | | | 1 | |
| Finnøy | | | | 1 | |
| Rennesøy | | | | 2 | |
| Kvitsøy | | | | 0 | |
| Andre | | | | 98 | (131) |
| Abonntentar | | | | 33 | (42) |
| SUM | | | | 470 | (467) |

Det er ikkje aktivitet i museums laga bort sett frå i Suldal og i Jelsa museums slag. Laget på Jelsa vart teke opp i 1992 etter å ha sove nokre år, slik aktiviteten framleis gjer det i Erfjord og på Sand. I Sauda var det planar om å skipa til årsmøte i museums laget dette året, etter at aktiviteten også der hadde lege nede i fleire år.

Arbeidet i museums laga har på den eine sida føresetnad i lokale behov, lokalt engasjement og lokal aktivitet. På den andre sida er det sær s viktig med inspirasjon og faglege innspel frå regionmuséet.

Mangel på liv i museums laga bør bekymra eit museum som byggjer sin overordna filosofi på aktivitet og delta-king kringom i småsamfunna. Frå vår side er det likevel slik at dette er ei mellom mange oppgåver å fordela spar-somme ressursar på.

For ordens skuld fordelar statistikken dette året medlemmer også i dei ytre kommunane. Her er altså ikkje med abonnement for bibliotek i dei same kommunane. For å skapa medvet og ansvar for regionmuséet er det viktig at vi skaffar oss personlege medlemmer også i øyane og i Strand/Forsand.

Eit initiativ som er teke med distribusjon av årboka for 1992 har pr. 31/12-92 auka medlemsmassen til dømes i Rennesøy frå 2 til 8. I alt er det ved årsslutt kome 18 nye medlemmer gjennom distribusjon av årboka for 1992.

STYRET

Styret har etter årsmøtet vore samansett slik:

Frå Sauda:

Tormod Vanvik til 1993
Ingebrigt Botnen (ny) til 1994
Varamedlem: Anfinn Klementsén (ny)

Frå Hjelmeland:

Trygve Brandal til 1993
Åse Jensen til 1994
Varamedlem: Ånen Stråbø

Frå Suldal:

Børge Skeie (formann) til 1993
Ommund Berge til 1994
Varamedlemmer: Borghild Moe og Per Fremmersvik

Oppnemnd av Rogaland fylkeskommune:

Gunnar Ulland

Varamedlem: Sigrun Hansen

Valnemnd til årsmøtet 1993:

Aslaug Astad (leiar)

Knud O. Staurland

Mikkel Havrevold

Styret har vore samla til 6 styremøte og behandla 32 saker.

Den store saka dette året har vore arbeidet med omgjeing av museet til stiftelse, med invitasjon til kommunane i regionen om å vera med å forma og styra og betala for drifta av regionmuséet, ei sak som har vore framme i fleire omganger.

Ei sak som konkretiserte dette var vandreutstillinga, som styret òg har hatt til drøfting.

Elles har styret hatt til handsaming arbeidet med publikasjonar frå muséet, det har drøfta privat-arkivvern generelt og tilslutning til stiftelsen Sauda Lokalarkiv spesielt. Ein stor del av sakene styret har handsama dette året har elles – som før – vore knytta til økonomi og personalfølvning.

Formann Børge Skeie og styremedlem Ommund Berge deltok i det utvalet som forhandla med kommunane i saka om stiftelse (5. mars). Formannen var òg med på møtet med ordførarar, kulturstyremenn og kultursjefar i Rennesøy og Finnøy 18. mai om den same saka.

Styreformannen var på årsmøtet i Norske kunst- og kulturhistoriske museer (NKKM) 22.-25. april og han var paneldeltakar på eit seminar om styrearbeid ved museer på Norsk Folkemuseum 20/3-1992. Den 11. august møtte formannen nominasjonskomiteén for den europeiske museumsprisen. Den 20. november var han paneldeltakar på kulturpolitikarkonferanse på Lindum, for kulturpolitikarar og kulturadministrasjonar i Ryfylke-kommunane.

PERSONALET

Etter vedtak i fylkestinget før nyttår 1991 vart det oppretta 1/2 fast stilling ved folkemusikkarkivet for Rogaland, som dermed vart etablert som ein fast og integrert del av Ryfylkemuséet. Frå årsskiftet 91/92 har muséet med dette 2 heile faste og 2 halve faste stillinger over tilskotsordninga.



Personalet: Bjørg Journn Myhre som er fast tilsett i 1/2 stilling som kontorassistent og Randy Riecke som var engasjert til registreringsarbeid m.v. under sysselsettingsordninga SKAP.

I stillinga som styrar har Roy Høibo hatt permisjon heile meldingsåret for å skriva ferdig kultursoga for gamle Sand kommune, etter avtale med Suldal kommune. Ernst Berge Drange har vikariert i styrarstillinga.

I alt har museet hatt 44 personar på lønningslista dette året. Dei fleste er sesongtilsette eller timelønte.

I tillegg har vi i år hatt tilskott av arbeidskraft under sysselsettjingsordninga SKAP, som fylkeskultursjefen administrerer. I alt er det snakk om noko over 2 årsverk.

Diverre har det vist seg vanskeleg å få nytta ordninga fullt ut. Det har vore vanskeleg å finna folk som kan brukast til rett arbeid.

Den fylgjande lista viser tilsette eller engasjerte ved museet i meldingsåret 1992:

Ernst Berge Drange, konservator/styrrar, 1/1 stilling

Gaute Berge Nilsen, avdelingsleiar, 1/1 stilling

Bjørg Jorunn Myhre, kontorassistent, 1/2 stilling,

dessutan engasjert som ekstrahjelp 1/2 stilling

Ruth Anne Moen, konservator/leiar av folkemusikkarkivet, 1/2 stilling, samt engasjement i 1/2 stilling i tillegg 1/7-31/12

Kjell Johnsen, handverkar, engasjement i 1/1 stilling

Roy Høibo, bygdebokforfattar, engasjement 1/1 stilling

Gro Fremmersvik, reingjeringsassistent, timeløna

1/1-31/8

Marie Korsvoll, reingjeringsassistent, timeløna 1/1-31/8

Elisabeth Ann Foss, reingjeringsassistent, timeløna

1/9-31/12

Valborg Berge, reingjeringsass., sesongeng., timeløna

Sigrun Jensen, reingjeringsass., sesongeng., timeløna

Ester Bakka, reingjeringsass., sesongengasj., timeløna

Kari Furre, tilsynsmann, timeløna

Ommund Berge, tilsynsmann, timeløna

Olav I. Oftedal, tilsynsmann, timeløna

Øystein Randa, tilsynsmann, timeløna

Karoline Høibo, sesongvakt, timeløna

Ann Kristin Nilsen, sesongvakt, timeløna

Tom Rune Aarthun, sesongvakt, timeløna

Toril Sivertsen, sesongvakt, timeløna

Ingvild Skeie, sesongvakt, timeløna

Sølvi Natland, sesongvakt, timeløna

Therese Thrane, sesongvakt, timeløna

Tanja Djuvik, sesongvakt, timeløna

Osmund Klungtveit, sesongvakt, timeløna

Inger Johanne Vasshus, sesongvakt, timeløna

Ingvild Jacobsen, sesongvakt, timeløna

Åse Jensen, sesongvakt, timeløna

Torunn Berakvam, sesongvakt, timeløna

Lisa Leirvåg, sesongvakt, timeløna

Geir Ottøy, sesongvakt, timeløna

Odwar Rønning, sesongvakt, timeløna

Torleif Ness, handverkar, timeløna

Ola O. Hustveit, handverkar, timeløna

Geir Inge Johnsen, ekstrahjelp, timeløna

Wenke Johnsen, reingjering, bygningsarbeid, preparering m.m., SKAP-ordninga

Randy Riecke, registreringsarbeid, SKAP, samt sesongvakt, timeløna

Berit Helland, registreringsarbeid, SKAP

Reidun Karbøl, registreringsarbeid, SKAP

Nicolai Bastlien, bygningsarbeid, SKAP

Geir Underbakke, registreringsarbeid, SKAP

Av andre på lønningslista kan nemnast fleire instruktørar på folkemusikkhelga på Lindum 9.-11. oktober.

FAGLEGE KURS OG MØTE

Personalet har vore på fylgjande faglege kurs og møte i 1992:

Forum for folkemusikktilsette, Røros, 31/1: Ruth Anne Moen

Årsmøte og seminar i Norsk Folkemusikklag, Røros 1-2/2: Ruth Anne Moen.

Seminar om maleteknikk, Stavanger (fortidsminneforeningen) 30-31/1: Gaute Berge Nilsen og Kjell Johnsen.

Norske kunst- og kulturhistoriske museer, årsmøte og fagseminar i Sandefjord 23.-26. april: Roy Høibo, Ernst Berge Drange


Museumsarbeidere i Rogaland (MIR), årsmøte og eksekursjon på Jelsa og Sand 14/5: Gaute Berge Nilsen, Bjørg Jorunn Myhre, Kjell Johnsen, Roy Høibo, Ernst Berge Drange

Kurs i arrangering av folkemusikk, Bø, august 1992: Ruth Anne Moen.

ICOM (den internasjonale museumsorganisasjonen) sin generalkonferanse i Quebec, Canada 17/9-30/9: Roy Høibo, Gaute Berge Nilsen

Seminar om tettstadsutvikling, Sandnes (Rogaland Fylkeskommune) 12-13/11: Gaute Berge Nilsen

Seminar om folkemusikkformidling, medarrangør med Ole Bull-akademiet, Voss, 12-14/11: Ruth Anne Moen



Organisasjon: Rike samlingar i Rennesøy bygdemuseum som er i ferd med å bli knytta til eit samla museumsstell i Ryfylke med Ryfylkemuseet som kompetansesenter.

VERV

Roy Høibo er styremedlem i NKKM (Norske kunst- og kulturhistoriske muséer) og har i denne funksjonen delteke på Museiveckan i Stockholm 23-25. mars, på studietur til Danmark 16.-18. februar og på EF-konferanse for musea i København 6.-8. mai.

På generalkonferansen til ICOM i Canada (25. september) vart Roy Høibo vald til styremedlem i ICR (International Committee of Regional Museums), ein av ICOM's komitear som på verdsbasis samlar folk som arbeidar ved regionale museum.

Roy Høibo var leiar i foreininga Museumsarbeidere i Rogaland fram til 19/5.

Gaute Berge Nilsen sit som medlem av ICOM 1995 Rogaland, som skal førebu programmet ved neste generalkonferanse i Stavanger. Han er dessutan varamann til styret i Fortidsminneforeningen avd. Rogaland.

Ruth Anne Moen er styremedlem i Norsk Folkemusikk-lag samt kontaktperson for «Forum for folkemusikktilsette». Ho er elles varamedlem i Rådet for folkemusikk og folkedans.

ØKONOMI, ADMINISTRASJON OG ORGANISASJON

Tilskotet Ryfylkemuséet mottok over tilskotsordninga for halvoffentlege museum i 1992 viser ein mindre auke i høve til året før. Dette er i hovudsak knytta til den halve, nyetablerte faste stillinga ved folkemusikkarkivet.

Budsjettet utanfor tilskotsordninga er monaleg lågare enn for året før, noko som har bakgrunn i ferdigstillinga av Nesa-sjøhuset i 1991. Utgiftssida her er likevel endå ikkje avslutta. Budsjettet utanfor tilskotsordninga har – ved sida av Nesa-sjøhuset – i hovudsak bakgrunn i prosjekt knytta til handverkar-engasjementet, til folkemusikkarkivet og til Suldal kultursoge. Utanfor tilskotsordninga vert det òg ført utgifter og inntekter knytta til publikasjonar.

Gjennom renteininkomer opparbeidd utanfor tilskotsordninga har Ryfylkemuséet i meldingsåret fått oppgradert og utvida sitt EDB-utstyr, med arbeidsplassane knytta saman i nettverk. I meldingsåret er det elles teke i bruk eit nytt rekneskapsprogram og det er gjort tiltak for oppstarting av eit lønningsprogram som vil avlasta for ein god del månedleg arbeid. Gjennom SKAP-ordninga (sysseltjeningstiltak) har Ryfylkemuséet, i tillegg til arbeidskrafta, nyttiggjort seg av deriftstilskot på omlag 75 000 kr.

Utviklinga i driftsbudsjettet til Ryfylkemuséet har i mange år nærmast stått stille. Ressursane ein har å rutta med er små i høve til dei store oppgåvene muséet som regionmuseum er tillagt å ha ansvaret for. Museumsplan for Rogaland, som vart vedteken av fylkestinget sommaren 1992, pålegg regionmuséet å spela både ei samordningsrolle og ei fagleg rolle for museumsverksemda i regionen. Verkemidlane planen føreset for å nå sitt mål er likevel særskildt låge.

For å koma nærare ambisjonane og målsetjinga om eit samordna og planmessig museumsstell i regionen – eit arbeid som har pågått i mange år no – vart kommunane den 5. mars i år inviterte til å drøfta Ryfylkemuséet sitt forslag om å gjera muséet om til ein stiftelse. 7 av 8 kommunar møtte ved kultursjef og/eller medlem av kulturutval. Møtet gav positive signal om at etableringa av ein stiftelse kunne vera ei god løysing for vidare drift av regionmuséet, eit museum som først og fremst burde definera seg som eit kompetanse-senter i regionen. Ein vart like

eins samde om styresamansetjing og prinsipp for fordeling av driftstilskot (Ryfylkerådet sin modell).

Innbydinga til kommunane om deltaking i stiftelsen vart handsama i politiske organ i 7 av 8 kommunar i løpet av hausten 1992. Når svara no ligg på bordet er det klart at ein tilslutning til stiftelsen både i prinsippet og i økonomisk vederlag ikkje let seg gjennomføra til 1/1-1994, slik planen var. Styret har drøfta saka og kome til at kommunane sine vedtak varsler ei trinnvis utviding av Ryfylkemuséet. Ein ser føre seg at får ein først på plass modellen (stiftelsen og tilslutning til denne) vil dette i neste omgang både bevisstgjera kommunane på eigne behov og ansvarleggjera dei i høve til regionmuséet si knappe ressursstode.

Omgjering av Ryfylkemuséet til ein stiftelse vil føra til ei styrking av den politiske styringa av muséet på kostnad av vanlege medlemmer sin påverknadskraft. Samstundes vil kompetanse-sentertanken vera ressursmessig særskildt krevande. Utan tilføring av faste driftstilskot frå kommunane vil det vera lite rom for å koma i møte aktivitetar/etterspurnad ute i kommunane.

Dette er bekymringar ein må drøfta vidare. Samstundes er prosessen no komen så langt at det organisatoriske leddet, enn seia kommunikasjonsleddet, mellom regionmuseum og kommunar må på plass.

FOLKEMUSIKKARKIVET

Folkemusikkarkivet for Rogaland har i 1992 hatt sitt første driftsår som fast del av institusjonen, etter at fylkestinget før jul i 1991 løyvde 1/2 fast stilling ved arkivet. Suldal kommune har i tillegg løyvd 1/2 stilling over to år ved arkivet, noko som saman skulle sikra to år med gode arbeidsforhold ved arkivet.

Arkivet vart offisielt opna 27. mars 1992 med gjæve gjester på føremiddagen og musikalsk stormønstring for folk flest om kvelden. Lokalet var overfylt med gjester.

Folkemusikkarkivet går dermed inn i ein ny epoke, etter at det i mange år har vore drive med omframme midler som har kunne finansiera frå mellom 1/5 til 1/2 årleg stilling.

I meldingsåret har det vore arbeidd med å få systematisk oversikt over materialet og å få på plass gode rutiner for tilvekstføring og arkivering, også når det gjeld EDB-bruken, som vert tilpassa andre folkemusikkarkiv i landet.



Vedlikehold: På Hustveit er Ola Hustveit engasjert til restaurering av m.a. det kvernhuset han står med her.

Formidlingsarbeidet har høg prioritet og arbeidet ein har fått gjera i 1992 har ført til at servicen overfor publikum framover kan gjerast både betre og lettare.

TILVEKST OG DOKUMENTASJON

Tilvekstføringa (aksjesjonsføring) er særskild viktig i eit museum sitt arbeid med innsamling av ulike slag materiale. Det kan vera gjenstandar, foto, lydband o.a. Avhengig av materialet sin art må materialet vidare vølast, preparerast, registrerast, klassifiserast, katalogiserast.

Den dokumentasjonen muséet på dette viset opparbeidar seg har ulike føresetnader. På den eine sida kan det koma inn tilfeldig dokumentasjon i form av gåver, som gjenstandar, foto, lydband med tradisjonsmateriale, videoband. På den andre sida er det den bevisste eller «styrte» dokumentasjonen som eit museum gjer gjennom medveten innsamling og feltarbeid, t. d. under arbeid med utstillingar, fotoinnsamlingar, forskning o.a.

I begge tilfelle er det naudsynt med ein bevisst haldning til dokumentasjons- og arkiveringsprosessen.

Eit museum vil sitja med to typer arkivmateriale. På den eine sida er det institusjonens eige kontor- og driftsarkiv. På den andre sida er det det skriftlege dokumentasjonsmaterialet ein bygger opp knytta til det materialet muséet sit med (gjenstandar, foto, lydband o.a.).

I meldingsåret har det vore arbeidd med å fylla hol i muséet sitt eige driftsarkiv. Jamvel om Rogaland Folke-museum vart skipa så tidleg som i 1936, er det teke vare på lite og inkje korrespondanse eller materiale som dokumenterer oppbygginga av muséet og samlingane før 1960. Det er motteke noko materiale frå Eli Heskestad, dotter til Peder Heskestad.

Det har òg vore arbeidd med å få til ei systematisk gruppering av alt arkivmateriale institusjonen sit med, så vel som å få utarbeidd ein oversiktskatalog over materialet både til intern og ekstern bruk.

BYGNINGSMASSEN

Mangelen på dokumentasjon er bakgrunnen for at Ryfylke-muséet i 1992 sa frå seg eigedomsretten og vedlikehaldsplikta av stabbur og kvernhus/tørkehus på Hjorteland. Ryfylkemuséet sit pr. i dag med ein bygningsmasse på 61 bygningar.

GJENSTANDAR

Gjenstandsmassen ved muséet er på kring 7750, men store delar av han manglar tilfredsstillande registrering og katalogisering. I 1992 vart det registrert kring 950 gjenstandar, men etterslepet er framleis stort.

Det er tilvektstført 64 gjenstandar i meldingsåret, nemleg gåver frå fylgjande personar:

Ruth Andersen, Arne Winterhus, Erling og Fritjof Hiim, Øystein Klungtveit, Astrid og Olav Bråtveit, Lars Steine, Tormod Skeie, Albert Skjelbred, Nils Bjarne Vold, Svein Rørvig, Gaute Berge Nilsen, Magnus Skibevaag og Sand skule.

FOTO

I fotosamlinga er det registrert ein tilvekst på ca.3020. Dei fordelar seg som fylgjer:

| | |
|---------------------------------|-----|
| Avfotografering av eldre bilete | 360 |
| Fotografering av gjenstandar | 950 |
| Svart/kvitt dokumentasjonsfoto | 600 |
| Dias dokumentasjonsfoto | 350 |
| Svart/kvitt negativ | 202 |
| Fargenegativ | 375 |
| Originalfoto, svart/kvitt | 185 |

I gåve frå Johan Veka sine arvingar har muséet motteke 180 originalfoto, i hovudsak svart/kvitt, og frå Jon Mo, 42 negativer og 5 svart/kvitt kopiar. I Sauda har vi hatt ein mindre fotoinnsamling. Fotoregistreringa vi har hatt for Finnøy kommune vart avslutta i 1992.

Negativ-materialet nemnt ovanfor er elles i hovudsak frå Widerøe's flyfoto-samling frå Suldal som er kome inn tidlegare, men ikkje lagd til samlingane før i 1992 (65 svart/kvitt, 375 fargenegativer). Så har Forsand kommune deponert si Widerøe-samling av 95 svart/kvitt negativbilete på Ryfylkemuséet i meldingsåret. Muséet sit dessutan med 30 svart/kvitt negativar frå Sørskar i tidlegare Årdal kommune, no Strand.

Det kan teikna seg eit bilete av ein meir systematisk regional fotodatabase på Ryfylkemuséet, ein tanke som har vore inne i biletet under drøftinga mellom Ryfylkemuséet og kommunane i regionen. Ryfylkemuséet har hatt fotoinnsamlingsaksjonar i Suldal, Sauda, Hjelmeland og Finnøy medan Rennesøy og Strand har lete Statsarkivet i Stavanger gjera denne jobben. I Kvitsøy har ei «lokalhistoriegruppe» innafor idrettslaget bygd opp ei større fotonegativ-samling av avfotograferte bilete. Ryfylkemuséet bør ha ei samlande oversikt over kva som finst av fotosamlingar i regionen.

EDB-registreringa av fotosamlinga heldt fram. I meldingsåret er det skrive inn ca. 3000 fotokort, slik at det i alt er EDB-registrert over 5000 foto.

Vi har levert foto frå samlinga vår til aviser og publikasjonar.

LYDBAND OG VIDEO

Lydbandarkivet har fått ein tilvekst på 3 nummer. I alt sit Ryfylkemuséet med kring 250 opptak. Videoopptak er tilvektstført for første gong i år, med 14 nummer. Tilvekst ved folkemusikkarkivet vert omtala særskilt.



Bygdeutvikling: Grendautvalet i Erfjord serverar grilla laks til kommunetoppar i Suldal for å skape stemning for løyving av midlar til kulturtun på Håland.

PRIVATARKIV

Ryfylkemuséet sitt engasjement i privatarkivvern går ein god del år attende i tida. Det vellukka samarbeidet med bedrifter og fagforeining om ordning og vern av bedriftsarkiv/ fag-foreiningsarkiv i Sauda (1989-91) er omtala i tidlegare årsmelding.

Til Ryfylkemuséet sentralt har det gjennom åra kome ein god del privatarkiv på forskjellig vis som har vorte

innlemma muséet sine samlingar utan at tilhøva har vore lagt spesielt til rette for dette.

Styret har no – med bakgrunn i det overordna ansvaret for å dokumentera, forska i og formidla Ryfylke-kultur – gått inn for privatarkivvern som satsingsområde både med kompetanseoppbygging og mottak av privatarkiv. Det er utarbeidd rutinar for mottak, tilvekstføring og katalogisering av privatarkivmateriale. Muséet har i 2 månader i haust hatt ein person i praksis for eit arbeidsmarknadsopplæringskurs innafør arkiv og dokumenthandsaming og gjennom dette kome eit godt stykke på veg i praktisk arkiv-vernarbeid.

Innafor privatarkivsamlinga er det tilvekstført 27 privatarkiv, der noko likevel har kome inn før 1992.

Særskilt skal nemnast at frå Johan Veka sine arvingar har muséet motteke i gåve både arkivmateriale han let etter seg og eit stort fagbibliotek. Johan Veka var i mange tiår ein stor kulturformidlar som gjorde seg gjeldande innafør fleire «genrer» og emner både i Suldal spesielt og i Ryfylke generelt. Dette gjer det spesielt viktig å få teke vare på original-materialet han let etter seg.

FOLKEMUSIKKARKIVET

Konservator ved folkemusikkarkivet har hatt fleire einskilddopptak med informantar frå Jelsa, Sand, Suldal, Sauda og Stavanger. Ho har elles hatt eit større prosjekt med den 105 år gamle Ingrid Tveit i Suldal for å få dokumentert den gamle «hallingen» (gangaren) slik dei danste han i Suldal. Det har vorte både intervju og video-opptak. Dessutan har folkemusikkarkivet hatt eit fleire dagars feltarbeid i Egersund i samarbeid med Dalane Folkemuseum.

Ei samling med kassettopptak etter Olav Vigane er kopiert, til liks med andre privatopptak.

Arkivet har pr.31/12-92 i alt 249 spoleband med folkemusikk frå Rogaland. I tillegg kjem kassettar under registrering og innlånte kassettar under kopiering. Tilsaman 1038 melodiar finst på noter. Det er registrert ein tilvekst på 8 videoinnspelningar ved arkivet.

BIBLIOTEK

Tilveksten til biblioteket har vore på 251 band. Bokgåva muséet har motteke av Johan Veka sine arvingar kjem i tillegg til dette. Ho er enno uregistrert, men er på 7-800

titlar. Ein del av titlane vil vi likevel alt sitja med i eige bibliotek.

Frå Knut Holmboe har Ryfylkemuséet mottoke ei fin bokgåva, nemleg komplett serie av Stavanger Turistforening si årbok 1893-1992, ei av dei få komplette samlingar av årboka som skal finnast.

I tillegg til det som er tilvektstført kjem like eins ei rekkje med årbøker som kjem i bytte for eiga årbok.

Lokalavisene i Ryfylke vert tekne vare på, like eins som det vert klippa i aviser som Stavanger Aftenblad og Haugeunds Avis.

OPPBEVARING OG VEDLIKEHALD

Med ansvar for 61 antikvariske bygningar er Ryfylkemuséet det største bygningsmuséet i Rogaland. Bygningane ligg i kommunane Suldal, Sauda og Hjelmeland. Stoda for bygningane var særskild dårlege då det i 1988 vart gjennomført ei grundig vurdering og kritisk gjennomgang av bygningsmassen. Dette resulterte i eit vedlikehaldsprogram som dei tre kommunane saman med fylkeskommunen tok ansvaret for. Handverkar vart tilsett i engasjement. Dette går no mot slutten etter 4 år. Gjennom ordninga Arbeid for trygd og det siste året gjennom SKAP-ordninga, har vi fått gode tilskot av arbeidshjelp og driftsmidlar til dette engasjementet.

Arbeidet dei 4 åra viser att kringom på anlegga våre. Stoda må seiast å vera under god kontroll. Det er det positive vi har å melda, og det er vi særskild glade for.

Samstundes er det særskild bekymrande at Ryfylkemuséet frå 1. april 1993 står utan handverkar, eit museum som burde hatt to faste stillingar for handverkar for å kunne halda bygningar og anlegg i verdig stand.

I «Museumsplan for Rogaland» står handverkar ved Ryfylkemuséet oppført med høgaste prioritet, og fast handverkarstilling er ført opp på fylkeskommunen sitt langtidsbudsjett frå 1/1-1994. Det er vår von at ei slik stilling vert oppretta frå då av. Utan fast handverkar vil Ryfylkemuséet koma opp i ei særskild vanskeleg stode.

Arbeidet med å få oppretta ein antikvarisk verkstad på Sand har diverre ikkje kome særleg vidare i meldingsåret. Saka er ikkje på plass i planar i fylket (kulturminneplanen). Pr. i dag ser det ut som at eit lokalt initiativ er vegen å gå og korkje Ryfylkemuséet eller Suldal kommune har lete tanken falla.

Handverkaren har dette året hatt arbeid med restaurering av kvernhaus og tørkehus på Øystad i Kvidal. Arbeidet med tørkehuset har teke mest tid. Det har vore gjort innandørs i leigde lokale på Hiim. Vidare har handverkaren restaurert buhuset ved Kvednafossen på Hustveit. På Røynevarden har han reparert tak og på Kolbeinstveit har han ordna vass-inntaket, rydda i smia og vølt gjerdet langsetter hovudvegen. I Tysdalverkstaden har han montert hyller til det mellombels oppretta gjenstands-magasinet der. I Erfjord bygdemuseum har han vore nøydd til å retta opp og sikra kvernhauset. Diverre var handverkaren sjuk og ute av arbeid i 6 veker i august/september.

På Hustveit har vi i tillegg til handverkaren kunna engasjera to personar til ferdigrestaurering av tørkehuset i Kvednafossen og hjulhuset heime i tunet. Dei to har dessutan restaurert ein del av maskinane i buhuset (verkstaden) og jordkjellaren er graven ut. På Hustveit sveiv anlegget med kvern, tørke og slipestein for første gong på over 40 år den 16. juli.

Om der er positiv utvikling innafor bygningsvernet er magasinforholda for gjenstandssamlingane ikkje ideelle. Dei vert oppbevarte under mindre tilfredsstillande forhold kring om i dei bygningane museet eig og i leigde lokale i Tysdalverkstaden på Sand. Arbeidet med å finna løysing på tilhøva ved Erfjord bygdemuseum er framleis ei viktig utfordring. Grendautvalet i Erfjord har søkt om bygdeutviklingsmidler på eit prosjekt med oppgåve å flytta bygdesamlinga til Håland. Det er von om at støtte til å koma i gang med planane for eit kulturtun på Håland kan koma på plass til neste år.

For å ta vare på og sikra ei forsvarleg drift av den frukthistoriske hagen ved Viga-tunet, er det i november konstituert ei fag-gruppe som vil jobba i nær tilknytting til Ryfylkemuséet. Med dei spesielle verneproblema som er knytta til ein frukthage er eit samarbeid med fag-instansar heilt naudsynt. Gruppen består av medlemmer frå Hjelmeland kommune, Ryfylkemuséet, grunneigar, fruktdyrkarlaget (som har formannen) og heradsgartner. Hageprosjektet fekk i 1992 eit tilskot frå Nordisk Genbank på kr.3000 til arbeid med «klonarkivet» (hagen).

Det brannsikre arkiv- og magasinrommet i Nesasjøhuset har gjeve muséet gode oppbevaringsforhold for foto-, film-, arkiv-, lydband- og EDB-materiale og som nemnt



Tilskipping: Stor trafikk i Viga-tunet da Arkeologisk museum i Stavanger gikk saman med oss om å arrangere søndagstur til fortida.

har dette aktualisert arbeidet med å få til best mogelege rutinar og system for tilvekstføring og arkivering.

FORSKING

Roy Høibo har vore tilsett på heiltid gjennom avtale med Suldal kommune for å gjera ferdig manuskript til Suldal kultursoge, bandet om gamle Sand kommune. Ved utgangen av året er manuskriptet klart.

UTOVERRETTA TILTAK

Gjennom kommunal garanti og i samarbeid med Suldal kulturutval og Suldal Reiselivslag har Ryfylkemuséet dette

året kunne utvida opningstidene på anlegga i Suldal. Gjennom sommarsesongen var det dagleg ope 4 ettermiddagstimar både på Kolbeinstveit, Røynevarden og Jelsakyrkje/skulemuséet på Jelsa. På Barkeland og Erfjord bygdemuseum var det laurdags- og søndagsope.

Om utvinga ikkje sto i høve til resultatet – talet på besøkjande, eigeninnkomer og arbeidet med administrasjon – er konklusjonen at dette er eit opplegg ein bør kunne halda fram med.

Det knytter seg likevel store problem til omvisar-tenesta. Tilbodet publikum får er høgst varierende. Det er vanskeleg å sjå korleis ein kan få til ei betre skoloring av

folk som berre har tilbod om nokre timar jobb kvar dag.

Elles møter ein stendig oftare kravet til «levandegjering» av livet som i si tid var i og kring husa. Med dei ressursane muséet sit med pr. i dag synest det vanskeleg å finna ein utveg til korleis ein skal kunne fylgja opp dette, t.d. ved aktivisering av friviljuge.

I Viga-tunet har vi hatt samarbeid med Hjelmeland kommune om utvida opningstider, nemleg fire dagar i veka. I Sauda har kommunen stått for omvisingstenesta ved Industriadarmuseet og i Zink-gruvene. På Hustveit har vi like eins hatt samarbeid med Sauda kommune om opningar.

Det samla besøkalet for 1992 har lege på kring 11.000 menneske. Registreringa er diverre mangelfull somme stader og vi veit at mange besøker anlegga utanom opningstidene. Det gjeld til dømes på Hustveit, der mange har vore framom dette året. Talet er såleis å rekna for eit minimum-stal.

Det er gledeleg å registrera ein så stor auke av besøkande i høve til 1991, då talet var 4000 mindre (kring 7000).

Oppstilling av det totale besøkalet i 1992 ser slik ut, (med tala for 1991 i parantes):

| | 1992 | 1991 |
|---------------------------------|--------------|---------------|
| Nesasjøhuset | 4859 | (3008) |
| Kolbeinstveit ¹ | 1304 | |
| Røynevarden ¹ | 426 | (1043) |
| Jelsa skulemuseum/kyrkje | 831 | (483) |
| Barkeland | 686 | (432) |
| Erfjord | 98 | (111) |
| Viga ² | 1363 | (243) |
| Hustveit | 465 | (209) |
| Industriadarmuseet ³ | 400 | (600) |
| Zink-gruvene | 423 | (500) |
| Totalt besøk i alt | 10855 | (6629) |

¹ Røynevarden og Kolbeinstveit samanlagt i 1991

² Besøk på Vigatrefet kjem i tillegg

³ Anslått tal, det ligg ikkje føre statistikk anna enn for sommarsesongen (137) og Brennpunkt Sauda (200).

I tala for Kolbeinstveit, Viga, Hustveit og Industriadarmuseet ligg storsamlingar som Olsokstemne på Kolbeinstveit (800 deltakarar), «Søndagstur til fortida» 30. august, som hadde Viga-tunet som ramme (1000 deltakarar), opninga av anlegget i Kvednafossen, Hustveit (kvern/tørkehus) den 19. september som samla minst 250 menneske og eit arrangement i hagen på industriadarmuseet under «Brennpunkt Sauda» i sommar, med 200 menneske.

Derimot er talet på besøkjande på Barkeland og Jelsa skulemuseum på «Jelsa-dagen» 29. august ikkje med.

I alt er det registrert 437 born som besøkjande i skule-samanheng, nemleg på Sand, Barkeland og Røynevarden.

Framfor turist-sesongen samarbeidde Ryfylkemuseet med Arkeologisk museum i Stavanger og fylkeskulturshjefen om ei utstilling og ein turistfaldar på ei reiselivsmesse for Ryfylke, skipa til i Stavanger kulturhus 3.-5. mars. Utstilling og faldar (med kart) fokuserte på kulturminne i Ryfylke, 48 i talet, i samtlige Ryfylkekommunar.

UTSTILLINGAR – AKTIVITETAR

I Nesa-sjøhuset på Sand har det vore følgjande utstillingar i 1992:

| | |
|------------------|--|
| 9.-21. februar: | Galleri norske grafikere, kunstlaget |
| 14.-27. mars: | Temautstilling folkemusikk, folke-musikkarkivet i samarbeid med Suldal musikkskule |
| 11.-26. april: | Howard Bowcot, «Signs of life», kunstlaget |
| 22.-27. mai: | «Vatn frå sølepytt til Blåsjø» |
| 13.juni-6.sept.: | Sommarutstilling, kunstlaget |
| 19.-23. sept.: | Per Hauge, kunstlaget |
| 24.-27. okt.: | Ryfylkeutstillinga, kunstlaget |
| 21.nov.-30.des.: | Juleutstilling, kunstlaget |
| 14.des.-31.des.: | Vandreutstilling «Ryfylke-museum-fortid-framtid», Ryfylkemuseet |
| Heile året: | Strandstadutstillinga |

Ryfylkemuseet har elles medverka til oppsetjing av vassdrags-utstillinga på Rasmussen-sjøhuset, Sand, i regi av Prosjekt Norsk Vassdragsmuseum.

Det går fram at utstillingslokalet i Nesa-sjøhuset har



Utstilling: Howard Bowcott var ein av dei mange utstillarane Ryfylke kunstlag inviterte til Nesa-sjøhuset. Her saman med kona si, Siri Vigdel, som dansa under opninga. Dei er busette i Wales.

vore i bruk store delar av året. Lokalet har elles vore mykje brukt til andre ulike arrangement og aktivitetar. Det har vore møtestad for lyrikk- og musikkkveldar, konsertar, folkemøte og anna, med stort oppmøte. Sand Songarlag og Toradargruppa «Lågadrag» har sine øvingar i muséet kvar sine kveldar i veka. Det må kunne seiast at muséet også i sitt andre driftsår har vist seg som ein særst tenleg reiskap på mange vis, altså òg som ein plass folk liker å møtast.

På Kolbeinstveit var museumsanlegget ramma om det årlege Olsokstemnet også i år. 800 menneske, det største

talet i historia, møtte for mellom anna å høyra Per Borten. Olsokstemnet vert skipa til som eit samarbeid mellom museumslaget i Suldal, Nedre Suldal sanitetsforeining og Suldal ungdomslag.

Viga-tunet var i år ramma om arrangementet «Søndagstur til fortida» som Arkeologisk Museum årleg arrangerer forskjellige stader kringom i fylket, denne gong i samarbeid med Ryfylkemuséet og Hjelmeland kulturkontor. Det vart rekna at kring 1000 menneske besøkte arrangementet, der Ryfylkemuséet deltok ved postar i sjølve tunet, i frukt-hagen og ved sjøen (naustet).

Også Hustveit har hatt sitt store arrangement i år, nemlig i samband med ferdig-restaurering av korntørke og kvednhaus. Den 19. september var mellom 250 og 300 mennesker til stades og fekk sjå anlegga i drift og smaka på gaut kokt av mjøl som var male i Kvednafossen. Det var kulturkontoret i Sauda som sto for dette arrangementet. I Sauda var det også eit større arrangement på fabrikkarbeidarmuséet under Brennpunkt Sauda, der 200 menneske i ausande regnver hadde møtt opp for m.a. å høyra Jack Fjeldstad lesa arbeidardikt.

Saman med lokale eldsjelar og representantar for fagmiljø er vi i gang med planlegging av ei veksthusutstilling på Finnøy til sommaren 1993.

VANDREUTSTILLING

Den første vandreutstillinga i regi av Ryfylkemuséet vart laga i haust og opna i Forsand den 20. oktober. Utstillinga – som heitte «Ryfylke-museum-fortid-framtid» – vandra i samtlige 8 Ryfylke-kommunar fram til midt i desember. Temaet sto i nær tilknytting til det som har vore hovudsaka for Ryfylkemuséet dette året, kva rolle eit regionmuseum kan og bør spela i området det er utpeika til å dekkja, både med fagleg kunnskap og med inspirasjon til ulike aktiviteter knytta til særpreg og identitet i småsamfunna.

Utstillinga fekk omtale både i lokalavisene, Stavanger Aftenblad og presentasjon på direkten i NRK-føremiddags-lokalen.

PUBLIKASJONAR

Ryfylkemuséet har dette året gjeve ut tre publikasjonar:

«Ryfylkevegen, kulturhistorisk vegbok», ved Njål Tjeltveit og Roy Høibo, i samarbeid og med støtte av Ryfylkerådet, Ryfylkefondet og Fylkeskultursjefen, 88 sider, mai 1992

«Geiterams», Jon Moe, med støtte av Suldal kulturutval, 96 sider, oktober 1992

«FOLK i Ryfylke», med tema samvirke og 14 artiklar av 10 forfattarar, 132 sider, desember 1992

Vegboka er skriven først og fremst for farande folk og orienterer om stader og forhold som det er verdt å sjå på ferda gjennom fastlands-Ryfylke.

Boka «Geiterams» av forfattern og presse mannen Jon Moe er ei samling med 42 tidsbilete, små noveller, i den serien som Jon Moe har hatt i «Bondevennen» gjennom mange år, under vignetten «Geiterams». Forfattern vart – for sin innsats som mediemann i arbeidet med å halde oppe det særmerkte norske i kulturlivet – på slutten av året tildelt «Vinjeprisen», alt med det media-oppbud og merksemd som fylgde med både til forfattern, til den siste boka hans og dermed også til Ryfylkemuséet.

Årboka «FOLK i Ryfylke» har i år fått til eit samlande og gjennomgåande tema i artikkelstoffet, i eit tett samarbeid med redaksjonsrådet. Resultatet har vorte både eit tematisk og eit geografisk, regionalt mangfald. Redaksjonsrådet består av fylgjande medlemmer: Erik Fossåskaret, Rennesøy, Halvdan Magnus Hansen, Jørpeland, Njål Tjeltveit, Fister, Jorun Strand Vestbø, Judaberg og Tone Årthun, Sauda.

«FOLK i Ryfylke» har for første gong vorte systematisk distribuert i ytre Ryfylke med tilbod om medlemskap i regionmuséet, eit arbeid som vi ved årsskiftet kan sjå har bore frukter.

Det knytter seg spørsmål til i kor stor grad eit museum skal og bør drivast med publikasjonar. Det ligg ein del arbeid både med ferdiggjering av prosjekta og til distribusjon. Likevel vil det stå fast at ein gjennom bøker kan formidla lokal og regional kultur til eit stort publikum i ein varig form, samstundes som ein bør vera nøye utvelgande med kva for prosjekter ein går inn på.

FØRELESINGAR, KURS, RETTLEIINGAR

Tilsette ved Ryfylkemuséet har i meldingsåret halde ei rekke føredrag, førelesingar, kurs og rettleiingar. Tidleg på nyåret heldt Roy Høibo føredrag med tittelen «Kultur og lokal utvikling» ved Rogaland fylkeskommunes nyttårsmøte for «stortingsbenken» m.fl. Elles har både han og Gaute Nilsen hatt føredrag for kursfolk ved Ryfylke folkehøgskule om strandstaden Sand, også med omvising på Nesasjøhuset. Sistnemnde har hatt fleire oppdrag med formidling av museum og bygningsmiljø til skular og organisasjonar, samt rettleiing til restaureringslina ved Suldal vidaregåande skule.

Vidare kan nemnast at vi har hatt kåseri og føredrag for Sauda Rotary og Suldal vidaregåande skule (i eit opplegg

om miljølære for lærarar), samt med innlegg ved kulturpolitikkonferanse på Lindum (Suldal) og på møte ved Erfjord Grendeutval. Vidare har vi gjeve fagleg rettleiing til studentar og vi har vore konsultert i arbeidet med ny kommunal museumsavdeling i Sauda og vern av ein båtbyggjarverkstad på Idse i Strand kommune (gjennom Jørpeland's Brug). Til privatfolk har vi gjeve rettleiing og uttaler om restaurering og rehabilitering av våningshus og uthus og laga utgreiingar i samband med restaurering av verneverdige bygningar. I Suldal kommune har vi delteke i arbeidet me fleirbruksplan for Suldalslågen og sentrumsplan for Sand.

I Sauda er det gjeve fleire rettleiingar i bruken av Historisk Arkiv ved ELKEM Sauda (no Stiftelsen Sauda Lokalarkiv) og muséet har vore konsultert i arbeidet med å få laga til ein ny arkivnøkkel for daglegarkivet ved bedriften. Frå Sauda har vi òg vore konsultert i arbeidet med ei bok om historia til arbeidarrørsla i Sauda, forutan at vi har stilt til rådvelde kontorlokale i Haakongsgata (Industriarbeidarmuséet).

Roy Høibo var sensor ved Etno-folkloristisk institutt i Bergen i vårsemesteret 1992.

FOLKEMUSIKKARKIVET, FORMIDLING

Folkemusikkarkivet har vorte ein særskild viktig formidlingsinstitusjon både i Suldal kommune og i fylket.

Ruth Anne Moen, konservator ved folkemusikkarkivet, har hatt mange formidlings- og opplæringsoppdrag for barnehage- og skuleborn (Suldal- og Stavangerskuler). Ho har hatt fleire oppdrag på Ryfylke folkehøgskule for pensjonistkurs og ho har hatt kurs for lærarar i Stavanger.

Med Jelsa skule har folkemusikkarkivet samarbeid om eit hefte med folkemusikk «Songar frå Jelsa». Med musikkskulen i Suldal kommune har det vore samarbeid om emneveke «Norsk folkemusikk» midt i mars månad, med mange arrangement med lokalt stoff.

Folkemusikkarkivet er dessutan representert i eit nordisk prosjekt ved Nordisk ministerråd: «Nordisk musikk i skulen». Konservator har skriva fleire tidsskrift- og avisartiklar, og i BUL-Stavanger sitt lagsblad «Holmgang» (som blir spreidd i heile Rogaland) har ho ein fast spalte med innslag frå folkemusikkarkivet.

9.-11. oktober arrangerte Rogaland Folkemusikklag/

Folkemusikkarkiv (Ryfylkemuséet) og «Vibå» si årlege kurshelg på Lindum med over 100 deltakarar med smått og stort. I alt var det snakk om 6 ulike kurs. TV-Rogaland var til stades store delar av helga for å laga ein større reportasje som vil koma ut på nyåret.

PR

Ryfylkemuséet og særleg folkemusikkarkivet har hatt god omtale både i aviser og andre media. I regional samanheng er det spesielt interessant at Rypress har vist interesse for det vi driv med. Elles har vi vore omtalt i Stavanger Aftenblad, Haugesunds Avis og i Nationen. NRK har vist særleg interesse for folkemusikkarkivet, både lokalradio og lokal fjernsyn.

ANNA

Arbeidet med å få realisert eit vassdragsmuseum i Suldal har vore i gong eit år no. Ryfylkemuséet har vore representert i styringsgruppa for prosjektet fram til ei omorganisering tidleg på hausten, like eins i eit arbeidsutval med faste møtedagar i første halvår.

Prosjektet har definert muséet som eit nasjonalt museum, Norsk Vassdragsmuseum, der det lokale vassdraget med nedslagsfelt og natur- og human-økologi knytta til dette er tenkt som dømme og utgangspunkt for dokumentasjon, forskning og formidling i nasjonal samanheng. Formidlingsaspektet – aktivitet og oppleving – er lagt vekt på som den viktigaste sida ved muséet, for å sikra det breiast mogeleg interesse hos publikum, både fastbuande og reisande. Slik det står i dag er det uvisst korleis Norsk Vassdragsmuseum organisatorisk vil koma til å stå i forhold til Ryfylkemuséet.

I Sauda vart Stiftelsen Sauda Lokalarkiv oppretta ved gåvebrev frå Sauda Smelteverk, A/S Saudefaldene og Sauda Fabrikk-arbeiderforening seint denne hausten, på mange måtar som eit ektefødd barn av Ryfylkemuséet. Arkivet vil leva vidare sitt liv i Sauda med formål å samla inn, ordna og formidla privat arkivmateriale, der Ryfylkemuséet vil sitja med det faglege ansvaret og med ein av seks representantar i styret. Privatarkivvern er ei stendig viktigare kulturvernoppgåve. Det dynamiske ved arkivet er viktig. Det skal stendig arbeida med å få tilført nytt materiale, samstundes som dette skal leggjast til rette for bruk av publikum.

I Sauda har vi elles fått teke initiativ til å få utarbeidd meir presise reguleringsbestemmelser for «Spesialområdet Åbøbyen», der styringa med byggesakene i området har vore under kritikk over lengre tid.

Bak utgreiing om eit kulturminnesenter på Rennesøy sit Ryfylkemuséet i styringsgruppa, forutan at Rennesøy kommune, som tidlegare nemnt, har kjøpt 5 månadsverk av muséet til å gjera ei utredning om eit slikt senter. Arbeidet med senteret vil vera ein viktig reiskap for regionmuséet til å koma nedpå i dei ytre delane av regionen, samstundes som det ferdige senteret vil vera ein særskilt viktig plass å få formidla kulturhistoria til Ryfylke-regionen.

Arbeidet med å få prosjektmidler til utgreiing om bygging av eit større seglfartøy på Jelsa har no kome i hamn. Ryfylkemuséet har sekretærfunksjon for styret til prosjektet, som tek sikte på å få levert rapport ut på haustparten 1993.

Til sist – som ei oppmuntring i museumskvardagen – kan nemnast at vi tidleg i år fekk melding om at Ryfylkemuséet var eit av tre norske museum som var nominert til Europarådes museumspris for 1993, «The European Museum of the Year Award», ein særskilt ettertrakta pris. Komitéen som delar ut prisen består av sentrale museumsfolk i Europa, med administrasjon i England. Dei besøkte Ryfylke og Ryfylkemuséet 11.-12. august, møtte Roy Høibo og styreformann Børge Skeie og vart vist rundt og formid-

la muséet sitt engasjement på industristaden Sauda, på strandstaden Sand og det gamle samfunnet gjennom Vigatunet i Hjelmeland og den historiske frukthagen der.

Den konkrete bakgrunnen for nominasjonen var den vellukka rehabiliteringa av Nesasjøhuset på Sand som base for muséet sine sentrale funksjonar. Vi vil likevel sjå nominasjonen i ein vidare samanheng, i arbeidet med å byggja opp eit samordna og representativt museumsstell for Ryfylke-regionen. Med Nesasjøhuset er den sentrale basen på plass, med eit hus og ei utstilling som formidlar fjord- og strandstadkulturen i Ryfylke. Muséet har i tillegg – i si 12-årige historie – fått til satsingar knytta til industrien (i Sauda), frukt- og bær dyrking (Hjelmeland), anleggsverksemd (Ulla-Førre), kulturlandskapet (Hustveit), i tillegg til bondesamfunnet med ulike sosiale lag, frå lensmannsgarden til husmannsplasset. No går vegen vidare.

Sand 28. januar 1992

Børge Skeie
formann

Åse Jensen

Tormod Vanvik

Ommund Berge

Gunnar Ulland

Ingebrigt Botnen

Trygve Brandal

REKNESKAP 1992

Inntekter og utgifter innafør tilskotsordningar (driftsrekneskapen)

| | |
|---------------------------------------|---------------------|
| Billettinntekter | 32.302,80 |
| Leigeinntekter | 18.721,00 |
| Andre inntekter | 7.138,90 |
| Tilskotsordning | 1.335.503,00 |
| Gåver | 42.620,88 |
| Renteinntekter | 9.360,00 |
| Sum inntekter | 1.445.646,58 |
| Lønn faste | 586.114,48 |
| Lønn andre | 202.633,69 |
| Arb.gj.pensjon | 26.500,40 |
| Arb.gj.avgift | 92.124,46 |
| Sum lønn/avgifter | 907.373,03 |
| Innkjøp (inventar/utstyr) | 85.278,76 |
| Vedlikehald (bygn./anlegg) | 10.702,55 |
| Kontorutgifter | 123.915,08 |
| Husleige, straum, forsikr. | 162.768,36 |
| Reiseutgifter | 71.728,26 |
| Vedlikehald samlinger/utstyr | 10.190,15 |
| Utstillingsmateriell | 33.881,96 |
| Dokumentasjonsutgifter | 12.886,35 |
| Andre utgifter | 23.530,87 |
| Sum andre driftsutgifter | 556.104,50 |
| Sum utgifter | 1.463.477,53 |
| Resultat drift | 17.830,95 |

Inntekter og utgifter utanfor tilskotsordninga (prosjektrekneskap)

| | |
|--|---------------------|
| Varesalg | 121.774,70 |
| Andre inntekter | 89.978,50 |
| Medlemspengar | 40.830,00 |
| Refundert trygdekontor | 13.402,00 |
| Tilskot fylke | 71.380,00 |
| Tilskot kommune | 744.920,00 |
| Gåver | 135.012,21 |
| Renteinntekter | 93.395,18 |
| Forbruk overf. løyvinger | 700.927,70 |
| Sum ekstraordinære inntekter | 2.011.620,29 |
| Lønn handverkar | 155.861,52 |
| Lønn arkivar (konservator) | 58.796,64 |
| Lønn bygdebokskrivar | 230.483,82 |
| Lønn andre | 80.600,41 |
| Arb.gj.andel, pensjon | 17.645,05 |
| Arb.gj.avgift | 92.319,09 |
| Sum lønn/avgifter | 635.706,53 |
| Inventar, utstyr | 120.960,00 |
| Varekjøp | 179.305,88 |
| Handverkar, matr., reiser, andre utgifter | 52.292,71 |
| Arkivar, matr., reiser, andre utgifter | 27.890,13 |
| Bygdebokskrivar, reiser, andre utgifter | 10.141,10 |
| Andre utgifter | 36.911,20 |
| Håkonsgata, Sauda | 2.772,00 |
| Nesa-sjøhuset | 41.103,90 |
| Hustveit | 2.360,00 |
| Sum andre driftsutgifter | 473.736,92 |
| Sum ekstraordinære utgifter | 1.109.443,45 |
| Ubrukt løyving | 880.899,70 |
| Resultat | 21.277,14 |
| Samla resultat | 3.446,19 |

Balanse

| | |
|----------------------------|---------------------|
| Eigendeler | 1.751,60 |
| Postgiro | 52.710,52 |
| Bank SR | 686.561,41 |
| Bankinnskot | <u>653.320,00</u> |
| Sum omløpsmidler | <u>1.394.343,53</u> |
| Sum aktiva | <u>1.394.343,53</u> |
| Gjeld | |
| Skattetrekk | 0,00 |
| Foreiningskontigent | 0,00 |
| Pensjonstrekk | 0,00 |
| Interimskonto | 55.624,00 |
| Overførte løyvingar | <u>880.889,70</u> |
| Sum kortsiktig gjeld | <u>936.523,70</u> |
| Eigenkapital | 454.373,64 |
| Årets resultat | <u>3.446,19</u> |
| Sum eigenkapital | <u>457.819,83</u> |
| Sum passiva | <u>1.394.343,53</u> |

Sand 28. januar 1992

Børge Skeie
formann

Åse Jensen *Tormod Vanvik* *Ommund Berge*

Gunnar Ulland *Ingebrigt Botnen* *Trygve Brandal*



Øykulturen

Har Ryfylke-øyane ei eigen kultur? Korleis ser i så fall den ut, og kva kan han brukast til? Det er ikkje første gongen slike spørsmål blir stilte, og i vår tid ser vi at interessa for kulturen, eller identiteten, er større enn på lenge. Og det er ikkje til å undrast over. Ryfylke er i endring og øyane ikkje minst. Og er dei nå eigentleg øyar lenger, når dei er blir knytta til fastlandet med tunnelar og bruer som er opne heile døgnet?

I dette heftet er det samla ein del artiklar som på ulike vis er på leit etter øykulturen og kva han måtte bety for øybuar og andre. Det er blitt eit mangfaldig oppkome av kunnskapar, observasjonar, innfall og utfall. Artiklane spenner frå det gamle silde- og brislingsfisket, potetfarten på Bergen, kjærleiksreiser mellom øy og fastland og til følgjene av fastlandssambandet og strevet for å behalde ungdomen. Ein stor artikkel handlar tomateventyret i mellomkrigstida, og mindre artiklar søker seg inn til kjernen av mentaliteten. Vi har og fått lov til å trykke utdrag av litterære perler frå Ryfylke-øyane.

Det endelege svaret på om øyane har ein eigen kultur greier vi ikkje svara på, men vi håper likevel at heftet kan vera eit bidrag til auka forståing av den ressursen verdiane og holdningane er. Den som kjenner og vedkjenner seg sin eigen kultur, står truleg sterkare rusta i møtet med den store verda enn den som trur andres måtar å tenkje og tru på er så mye gildare. Kanhende finn vi nettopp i kulturen kimen både til dei ideane og dei holdningane som kan gi oss styrke til å vidareutvikle ei livsform som har framtida for seg.